

Høyringsnotat

Dato: 18. november 2024

Saksnr: 24/7417

Høyringsfrist: 14. februar 2025

Høyring – endringar i verjemålslova mv. – verja som rådgjevar og representant

Innhald

1 Innleiing.....	2
2 Dialog med sivilt samfunn og internasjonalt arbeid.....	3
3 Verjemålsordninga – nokre utgangspunkt.....	4
4 Gjennomgåande tydeleggjering av sjølvråderetten	9
4.1 Moglege endringar i § 1 – klargjering av verkeområdet og funksjonane til verjeordninga.....	9
4.2 Endringar i terminologien	10
4.2.1 Innleiing.....	10
4.2.2 Nærmare om konkrete endringar	11
4.2.3 Særleg om omgrepet «myndige personar»	14
5 Endringar i kapittel 4 om verjemål for vaksne	15
5.1 Eit klarare skilje mellom alminneleg verjemål og avgrensing av rettsleg handleevne	15
5.1.1 Gjeldande rett.....	15
5.1.2 Departementet sitt forslag.....	17
5.2 Tilstandsvilkåret.....	21
5.2.1 Gjeldande rett.....	21
5.2.2 Departementet sitt forslag.....	23
6 Forvaltning av finansielle egedelar	26
6.1 Sjølvråderetten ved forvaltning av finansielle egedelar.....	26
6.1.1 Gjeldande rett.....	26

6.1.2	Departementet sitt forslag.....	28
6.2	Særleg om moglegheita for individuelle tilpassingar i forvaltninga.....	29
6.2.1	Gjeldande rett.....	29
6.2.2	Departementet sitt forslag.....	30
7	Åtgang for verja til å kunne utsetje disposisjonar	31
7.1	Bakgrunn og gjeldande rett.....	31
7.2	Departementet sitt forslag	32
7.3	Særleg om omsynet til sjølvråderetten ved utforminga av føresegna	34
7.4	Skisse til ei nærare utforming av føresegna	35
8	Tilgang til digital identifikasjon for mindreårige	36
8.1	Gjeldande rett.....	36
8.2	Utfordringar ved manglande tilgang til digital identifikasjon.....	38
8.3	Departementet sitt forslag	38
9	Varig eller mellombels opphøyr av verjeansvaret for barn	40
9.1	Gjeldande rett.....	40
9.1.1	Reglane i verjemålslova.....	40
9.1.2	Menneskerettslege plikter	42
9.2	Departementet sitt forslag	43
10	Økonomiske og administrative konsekvensar	44
	Merknadar til lovforslaget	46
	Forslag til lovendingar	63

1 Innleiing

Stortinget fatta i april 2021 eit einstemmig oppmodingsvedtak der regjeringa blei bedd om å foreta ei heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga og foreslå lovendingar for å styrke og forbetre den. Hausten 2022 fremma regjeringa ein første proposisjon om endringar i verjemålslova, der det mellom anna blei foreslått endringar i reglane om sjølvråderett i alminnelege verjemål, ulike sakshandsamingsreglar, reglar som gjeld økonomiforvaltning for barn og vaksne

som har verje, og mindreårige sin medråderett i spørsmål som gjeld utøving og opphøyr av verjeansvaret. Stortinget vedtok endringane i mars 2023, og dei trådde i kraft 1. april 2023.

I proposisjonen blei det varsla at departementet, i tråd med Stortinget sitt oppmodingsvedtak, ser for seg ein meir heilskapleg gjennomgang av lova og ordninga. Departementet har i tråd med dette arbeidd vidare med moglege lovendingar, og har mellom anna gjennomført dialogmøte med sivilt samfunn for å identifisere kva slags endringar som bør gjerast.

I høyringsnotatet her blir det foreslått ulike endringar i lova. Den heilskaplege gjennomgangen av verjemålsordninga vil fortsetje.

2 Dialog med sivilt samfunn og internasjonalt arbeid

Det følgjer av FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (det engelske namnet er Convention on the Rights of Persons with Disabilities, heretter omtalt som CRPD) artikkel 4 nr. 3 at staten er forplikta til aktivt å involvere organisasjonane til menneske med funksjonsnedsetjingar i arbeidet med å gjennomføre pliktene etter konvensjonen. Departementet har sidan 2019 gjennomført fleire dialogmøte med sivilt samfunn, med observatørar frå Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) og Noregs institusjon for menneskerettar (NIM). I desse dialogmøta, saman med kontakt mellom møta og gjennom høyringssvar i dei gjennomførte høyringsrundane før proposisjonen som blei fremma hausten 2022, har organisasjonane komme med verdifulle innspel til departementet sitt arbeid. I tillegg til organisasjonane sine innspel, har departementet hatt kontakt med representantar for dei faste verjene og andre relevante organ, mellom anna LDO og NIM. Forslaga til språklege endringar i lova har departementet i tillegg på overordna nivå drøfta med Språkrådet.

Dialogen med sivilt samfunn er, saman med dei innspela departementet mottok frå verjemålsmyndigheitene og andre offentlege organ, som LDO og NIM, viktig for å skaffe innsikt i dei mange ulike situasjonane som kan gjere at verjemål er eit aktuelt tiltak. Nokre utkast til mogleg regulering har derfor vore diskutert med sivilt samfunn, og departementet har tatt med seg dei meir generelle innspela og synspunkta i arbeidet med forslaga i dette høyringsnotatet. Verjemål er eit krevjande felt å regulere, i ein del tilfelle med fleire kryssande omsyn. Organisasjonane fortener takk for sine bidrag til departementet si utgreiing.

CRPD er ei viktig rettskjelde på verjemålsområdet, og andre land sine arbeid med å gjennomføre konvensjonen i sine rettssystem kan tene til inspirasjon for norsk rett. Samtidig møter ulike land på mange av dei same utfordringane knytt til å utforme ei regulering som gir gode rammer for å sikre sjølvråderetten for menneske som treng avgjerdsstøtte, og skydd der det er nødvendig. I juni 2023 deltok Justis- og beredskapsdepartementet i delegasjonen til det 16. statspartsmøtet for statane som har ratifisert CRPD. Departementet har òg kontakt med andre

lands myndigheiter i andre fora, mellom anna gjennom Haag-konferansen og internasjonale ekspertgrupper.

3 Verjemålsordninga – nokre utgangspunkt

Eit viktig formål med verjemålslova 2010 var å bringe norsk rett i samsvar med FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD). I Prop. 141 L (2020-2021) Endringer i vergemålsloven mv. (vergemål som frivillig støttetiltak mv.) punkt 3.2.2 er det gjort greie for reglane i konvensjonen og tolkingserklæringa Noreg har gitt til artikkel 12 i konvensjonen, og det er gitt ei vurdering av dei pliktene konvensjonen legg på statane som har slutta seg til konvensjonen, i relasjon til reglane om verjemål.

Etter ratifiseringa av CRPD har fleire frå siviltt samfunn meint at ordninga med verjemål bør erstattast av ei ordning med avgjerdsstøtte. Det er tatt til orde for å opne for alternative avgjerdsstøtteordningar, til dømes ei ordning med «avgjerdsstøtteråd» der dei som har behov for det, skal kunne få støtte til å fatte avgjerder, men då utan at den eller dei som skal gi slik støtte, automatisk har fullmakt til å gjere rettslege disposisjonar på vegner av personen, slik verjemålslova går ut på. Det er òg ytra ønske om at verjemålslova – for dei personane som er omfatta av verkeområdet for CRPD – skal bli erstatta med ei eiga lov om avgjerdsstøtte. Ei slik avgjerdsstøtte lov blir gjerne presentert som ein føresetnad for avgjerdsstøtte som kvalitativt skil seg frå den gjeldande verjemålsordninga, som nokre meiner er nødvendig for å oppfylle pliktene staten har etter CRPD. Departementet har mottatt forslag til ei alternativ regulering, i form av utkast til moglege føresegner til ei ny lov og/eller forskrift om avgjerdsstøtte, som er utarbeidd av professor Kjetil M. Larsen på oppdrag frå organisasjonen Uloba, som mellom anna arbeider med tilrettelegging av brukarstyrt personleg assistanse.

I Prop. 141 L (2020-2021) gjekk departementet ikkje inn for slike omfattande endringar av verjemålslova som det her er tatt til orde for, men departementet foreslo presiseringar i lova for å sikre at alminnelege verjemål blir utøvd som støttetiltak i samsvar med konvensjonen og med på vekt på myndiggjering, sjølvråderett og ikkje-diskriminering. Forslaga blei følgt opp ved endringslov 31. mars 2023 nr. 5.

I samband med diskusjonen om ei ordning med avgjerdsstøtte som skil seg frå den gjeldande ordninga med verjemål, har departementet peikt på at staten har plikt ikkje berre til å leggje til rette for nødvendig avgjerdsstøtte, men òg til å verne om andre rettar, som retten til helse og bustad. Dette er framheva i Prop. 141 (2020-2021). For mange av dei personane som treng og ønskjer verjemål i dag, til dømes personar med demens, kan andre rettar bli trua om verja ikkje har eit vidare mandat enn det å opptre som ei rein støtte for personen når han eller ho skal ta avgjerder. For at verja på ein fullverdig måte skal kunne sikre at behova til personen blir ivarettatt, må verja i mange tilfelle også kunne inngå avtaler eller på

andre måtar disponere på vegner av personen. Det er samtidig viktig at også den delen av eit verjemål som omfattar slik representasjon, er fullt ut frivillig og byggjer på vilja til personen som treng støtte. Departementet ser for seg tydelegare føringar i lova for dette.

Verjemålet er dessutan ei avgrensa støttetilbod. Mange kan ha god nytte av støtte til å ta avgjerder på ulike område i livet, utan at det inneber at staten skal tilby eit system for støtte på alle livsområde. Ønskjer ein person alternative løysingar, til dømes støtte frå eit familiemedlem eller eventuelt eit avgjerdsstøtteråd samansett av personar personen har tillit til, er det sjølvsagt rom for dette innanfor gjeldande rett og uavhengig av verjemålslovgivinga. Eit slikt alternativt støttetiltak kan gjere at ein person som sjølv klarer å inngå nødvendige avtaler, eller kan lage ein gyldig fullmakt, kan klare seg utan verje, om dette er ønskjeleg.

Det er heller ikkje noko i vegen for at eit avgjerdsstøtteråd eller ei anna form for avgjerdsstøtte blir etablert som tillegg til eit verjemål. Departementet kan ikkje sjå at det skulle vere nødvendig med lovendringar eller ei eiga lov om avgjerdsstøtte for å leggje til rette for at ein kan forsøke ulike støtteordningar utanfor eller i samspel med verjemålsordninga. Den heilskaplege gjennomgangen av verjemålsordninga er dessutan breiare enn ei vurdering av sjølve lova og omfattar også verjemålsstyresmaktane sin praksis. Departementet følgjer opp det arbeidet den sentrale verjemålsstyresmakta, Statens sivilrettsforvaltning, gjer i samarbeid med statsforvaltarane for å tryggje ein einskapleg praksis. Det inneber mellom anna å sikre at personar som ikkje ønskjer verjemål, men i staden å bruke støttepersonar til dømes i eit avgjerdsstøtteråd, og som kan klare å ivareta pliktene og få oppfylt rettane sine med slik støtte, skal kunne avgjere dette sjølv. Med atterhald for dei få tilfella der det er aktuelt med avgrensing av rettsleg handleevne, er det frivillig for ein person om han eller ho ønskjer å nytte det støttetiltaket som eit verjemål er.

Departementet viser i denne samanhengen til vurderingane til utvalet som har greidd ut spørsmålet om inkorporering av CRPD, og som presenterte utgreiinga si 15. januar 2024. I punkt 8.2 i utgreiinga del 1, på side 82-84, legg utvalet til grunn at det ikkje er motstrid mellom konvensjonen og norsk rett, men at det er sentralt at den heilskaplege gjennomgangen av ordninga tar sikte på å sikre «stor grad av formell og reell selvbestemmelse». I fortsetjinga peiker utvalet på at verjemål berre er eit av fleire tilgjengelege tiltak, og uttaler følgjande på side 84:

«Utvalget vil også bemerke at det ikke bare er gjennom vergemålsordningen at kravet om beslutningsstøtte kan oppfylles. Støtte kan og bør gis også på andre måter, som for eksempel bistand til å kommunisere, personlig veiledning, rettshjelp, eller lattlestversjoner av informasjonsmateriell i offentlige etater, banker osv. Brukerstyrt personlig assistanse og rimelig tilrettelegging vil også kunne gi viktige former for beslutningsstøtte.»

For departementet er det avgjerande at staten har plikt til å stille med ordningar som alle som har rett til det, kan nyttiggjere seg. Blant dei som treng ei

verjeordning, er det mange som ikkje ville få dekt behova sine om verjeordninga blei erstatta med reine ordningar for avgjerdsstøtte. Det vil igjen gi ein risiko for at staten ikkje klarer å oppfylle menneskerettane til desse personane.

Alminneleg, frivillig verjemål etter § 20 i verjemålslova utgjer godt over 99 prosent av verjemåla som blir oppretta. Med eit alminneleg verjemål har personen full rettsleg handleevne. Personen kan dermed inngå avtaler og gjere andre rettslege disposisjonar på lik linje med alle andre. Den rettslege handleevna kan likevel bli avgrensa dersom dei strenge vilkåra i verjemålslova § 22 er til stades.

Forslaget om ei ny lov og forskrift om avgjerdsstøtte som er nemnt over, byggjer på at ein ikkje skal kunne avgrense den rettslege handleevna til ein person som får avgjerdsstøtte. Også i andre samanhengar er det tatt til orde for at lova ikkje bør opne for at ein skal kunne avgrense den rettslege handleevna til ein person i tilfelle der funksjonsnedsetjing er del av grunngivinga for tiltaket. Dette må sjåast i samanheng med at det har vore ulike syn på om CRPD opnar for å avgrense den rettslege handleevna til personar med funksjonsnedsetjingar.

Etter departementet sitt syn er moglegheita til å kunne gjere innskrenkingar i den rettslege handleevna til ein person ein viktig nødventil for å kunne tilby nødvendig vern til personar som treng det, og samtidig vareta Noregs folkerettslege plikter, både etter CRPD og andre konvensjonar. Dette la departementet til grunn også i Prop. 141 (2020-2021), der departementet gir uttrykk for det følgjande i punkt 2.3.2:

«Det foreslås i proposisjonen ikke endringer i adgangen til fratakelse av rettslig handleevne. Departementet mener at en snever adgang til fratakelse er nødvendig, i de tilfellene hvor det er siste utvei for å sikre beskyttelse, integritet og verdighet og for å hindre diskriminering. Fratakelse av rettslig handleevne brukes også i stor grad som et frivillig tiltak, ikke minst i forbindelse med avhengighet av spill og rus, der et alminnelig vergemål ikke vil gi personen tilstrekkelig støtte. Fratakelse av rettslig handleevne er etter norsk rett uansett et tvangstiltak som bare kan besluttes av domstolene etter en rettslig prosess der personen det er aktuelt å begrense handleevnen til, har rett til å opptre, og hvor staten dekker kostnadene ved saken. Departementet peker i den forbindelse på at også reformvillige land ellers i verden har foretatt tilsvarende vurderinger når de har endret sin lovgivning i lys av konvensjonen. Departementet viser også til at det ved Statens sivilrettsforvaltnings og statsforvaltnernes arbeid skjer en betydelig innsats knyttet til det å anerkjenne alle menneskers rettslige handleevne («legal capacity»), også der personen har nedsatt funksjonsevne.»

Vidare uttaler departementet i punkt 3.2.2.6:

Uavhengig av i hvilken grad den enkelte kan nyttiggjøre seg av beslutningsstøtte, stiller CRPD krav til staten. For det første har staten en forpliktelse til å søke å sikre konvensjonens ikke-diskrimineringsformål, jf. CRPDs fortale, samt artikkel 1, 2, 3 og 5 og artikkel 12 nr. 2, jf. formuleringen «on an equal basis with others». Dernest er det et hovedformål med konvensjonen å sørge for at personer med funksjonsnedsettelse får realisert sine menneskerettigheter. Konvensjonen peker blant annet på retten til liv (artikkel 10), retten til ikke å bli utsatt for umenneskelig

eller nedverdiggende behandling (artikkel 15) og retten til helse (artikkel 25). Dersom retten til ikke-diskriminering og overholdelse av øvrige rettigheter som følger av konvensjonen, i den enkelte saken bare kan skje gjennom å gjøre begrensninger i personens rettslige handleevne, synes artikkel 12 nr. 4 å gi en viss veiledning i hvordan disse i utgangspunktet motstridende interessene skal balanseres på en konvensjonslojal måte. Med utgangspunkt i artikkel 12 nr. 4 skal statspartene for det første sette inn tiltak («measures») for å sikre utøvelsen av rettslig handleevne. Videre skal staten «provide for appropriate and effective safeguards to prevent abuse in accordance with international human rights law» som følge av slike tiltak. Tiltakene skal være nøye tilpasset («tailored to the person's circumstances»), og de skal settes inn for så kort tid som mulig («apply for the shortest time possible»). I norsk rett er dette ofte formulert som det minste middels prinsipp. Tiltakene skal videre sikre mot «undue influence», være «free of conflict of interest» og være «proportional». Sikkerhetsmekanismene skal her som ellers «respect the rights, will and preferences of the person». En adgang til å begrense den rettslige handleevnen innebærer derfor ingen rett til å se bort fra personens rettigheter, vilje og preferanser.

Samlet sett gir artikkel 12 nr. 4 vesentlige rammer for statenes lovgivning. Det er naturlig å forstå konvensjonen slik at de omfattende sikkerhetsmekanismene og begrensningene i nr. 4 ikke minst er viktige der personen i liten grad kan utøve sin rettslige handleevne selv, og heller ikke i særlig grad kan nyttiggjøre seg beslutningsstøtte. Dette underbygger etter departementets vurdering at konvensjonen bør tolkes slik at det, som en siste utvei og underlagt nærmere sikkerhetsmekanismer, må være forenlig med konvensjonen å begrense den rettslige handleevnen også for personer med nedsatt funksjonsevne.»

Som Noregs institusjon for menneskerettar (NIM) påpeikte i sin gjennomgang frå 2022, og utvalet som 15. januar 2024 leverte ei utgreiing av spørsmålet om å inkorporere CRPD i norsk rett («CRPD-utvalet») viste til, var det ingen medlemsland som på tidspunktet for staten si rapportering til CRPD-komiteen ikkje hadde system som tillét ei eller anna form for avgrensing av rettsleg handleevne. Departementet viser her til del 1 av utgreinga til CRPD-utvalet side 108 og utgreinga frå NIM om inkorporering frå 2022 side 17-18. Etter CRPD artikkel 12 nr. 4 har konvensjonsstatane ei plikt til å sørge for «appropriate and effective safeguards» for å hindre misbruk i tilknytning til tiltak for å sikre ein person sin rett til å utøve si rettslege handleevne. Som CRPD-utvalet peiker på i sin rapport på side 107, forutsett ordlyden i CRPD artikkel 12 nr. 4 at det kan bli sett i verk tiltak for utøving av rettsleg handleevne som skapar behov for tryggingstiltak. CRPD-utvalet viser til at dette, saman med dei tolkingsfråsegnene Noreg og fleire andre land ga då konvensjonen blei ratifisert, tilseier at det unntaksvis er åtgang til å avgrense rettsleg handleevne. Noreg har konsekvent lagt denne forståinga av artikkel 12 til grunn sidan ratifikasjonen av CRPD. Også etter EMK artikkel 8 og SP artikkel 9 blir det tillate avgrensingar i den rettslege handleevna, sjå til dømes høvesvis Den europeiske menneskerettsdomstolen sin dom i A.-M.V. mot Finland (53251/13) [EMD-2013-53251]1 avsnitt 89 og General Comment nr. 35 (CCPR/C/35) avsnitt 19.

Verjemålsforvaltninga har ansvar for saker om verjemål for både barn og vaksne, og innanfor dei gruppene som treng bistand av ei verje, er det stor variasjon når det gjeld kva slags bistand og kor mykje bistand som trengs. At reglane er samla i verjemålslova, gjer det lettare å handtere saker der personen har samansette behov og å sikre størst mogleg sjølvråderett, i og med at man innanfor den same ordninga kan ha ulike tilpassingar. Eit viktig omsyn er å unngå at personar som har varierende behov for bistand, fell mellom ulike ordningar. På den same måten er det viktig at personar som treng støtte frå det offentlege, blir behandla likt så langt føresetnadene er like.

Departementet legg etter dette til grunn at verjemålslova bør vidareførast slik ho er i dag, med reglar om avgjerdsstøtte, verjerepresentasjon og ei snever moglegheit for avgrensing av rettsleg handleevne. Ei eiga lov om avgjerdsstøtte i tillegg til verjemålslova kan departementet ikkje sjå at det er gode grunnar til å innføre. Departementet foreslår likevel fleire endringar i verjemålslova for å tydeleggjere myndiggjering, sjølvråderett, respekt og ikkje-diskriminering som sentrale formål som lova skal sikre, og at lova for dei aller fleste er ei lov nettopp om avgjerdsstøtte. Forslaga går i tillegg til fleire terminologiske endringar ut på at lova får ei ny innleiande føresegn som slår fast at lova skal sikre sjølvråderett så langt det er mogleg, at lova får eit klarare skilje mellom frivillig avgjerdsstøtte og avgrensing av rettsleg handleevne, og eit meir fleksibelt tilstandsvilkår. Desse forslaga er de gjort greie for i punkt 4 og 5.

Departementet vil også elles halde fram med å vurdere dei gjeldande avgjerdsstøtteordningane – verjemål og framtidfullmakter – med sikte på å identifisere område der dei kan bli betre. I dialogmøte som departementet har hatt med sivilsamfunnet undervegs i arbeidet med forslaga i høyringsnotatet, er det særleg trekt fram at ei avgjerdsstøtteordning må sikre at personen si vilje er avgjerande, og at avgjerder ikkje skal treffast for, men i størst mogleg grad av, personen. Dette er viktige utgangspunkt som mellom anna også Likestillings- og diskrimineringsombodet har trekt fram, sjå til dømes ombodets rapport «Retten til selvbestemmelse» (2021) side 55. Etter departementet sitt syn er desse prinsippa blitt langt tydelegare med endringslov 31. mars 2023 nr. 5, og dei vil bli ytterlegare styrka med forslaga i dette høyringsnotatet.

Sivilsamfunnet har òg trekt fram at det er sentralt for ei avgjerdsstøtteordning at verja kjenner personen han eller ho blir verje for. Etter departementet sitt syn er dette omsynet ivaretatt etter gjeldande lovgiving ved at personen som skal få verje, må godkjenne den som skal vere verje, jf. § 20 andre ledd andre punktum. I dei aller fleste tilfella er verja ein nærstående som kjenner personen godt. Det er etter departementet sitt syn likevel viktig med ei ordning som sikrar tryggleik og støtte også for dei som ikkje har nokon dei kjenner som kan vere verje.

4 Gjennomgåande tydeleggjering av sjølvråderetten

4.1 Moglege endringar i § 1 – klargjering av verkeområdet og funksjonane til verjeordninga

Når det er ei målsetjing å synleggjere at myndiggjering, sjølvråderett, respekt og ikkje-diskriminering er sentrale formål og verdiar som lovgivinga skal sikre, er det naturleg å vurdere om den innleiande føresegna om verkeområdet for lova òg bør bli endra for å reflektere dette.

Verjemålslova § 1 har i dag følgjande ordlyd:

«Loven gjelder personer under vergemål og deres adgang til selv å foreta rettslige handlinger eller råde over sine midler. Loven gjelder også verger for personer under vergemål og vergens kompetanse til å foreta rettslige handlinger eller råde over midler på vegne av personen han eller hun er verge for. For verger for mindreårige gjelder loven likevel bare i den utstrekning kompetansen ikke omfattes av foreldreansvaret etter barneloven.

Loven gjelder i tillegg fullmaktsforhold som nevnt i kapittel 10.

Loven gjelder bare i den utstrekning kompetanse som nevnt i første og annet ledd ikke er særskilt regulert i annen lov.»

Føresegna gir på ein nøytral måte uttrykk for det saklege verkeområdet for lova. Nedslagsfeltet for lova er breitt, og ho må balansere fleire omsyn. Heilt sentralt står vernet av sjølvråderett, integritet og rettstryggleik. Prinsippet om det minste middel er ei bærebjelke i lova. I Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) er dette mellom anna formulert slik på side 38:

«Utgangspunktet på dette området bør være at ethvert individ skal ha rett – i tråd med sine egne evner og forutsetninger – til å forme livet sitt etter egne ønsker og ideer. Det at enkelte mennesker har et større hjelpebehov enn andre, bør i utgangspunktet gi grunnlag for støtte og bistand til å forme eget liv, og ikke til fratakelse av handleevnen. Det minste middels prinsipp innebærer at det ikke skal gripes inn i den enkeltes selvbestemmelsesrett i større utstrekning enn det som i det enkelte tilfellet er nødvendig.»

I dialogmøte som departementet har hatt med sivilt samfunn, har mellom anna ønsket om ei innleiande føresegn som gjer sjølvråderetten synlegare, blitt løfta fram. Meir presist er det ytra eit ønske om at lova bør gi tydeleg uttrykk for at ho har som eit sentralt formål å sørgje for at dei som treng støtte til å utøve sjølvråderetten sin, skal få slik støtte, samtidig som hovudregelen er at personen sjølv har full rettsleg handleevne og skal ta avgjerder sjølv.

Departementet meiner det er gode grunnar til å justere føresegna i verjemålslova § 1 slik at ho gir betre uttrykk for funksjonen til dei støttetiltaka lova regulerer – verjemål, framtidfullmakter og avgrensing av rettsleg handleevne. Ei føresegn som seier tydeleg at lova skal sikre sjølvråderett så langt det er mogleg, irekna òg barn sin medråderett, vil ikkje medføre nokon endring i gjeldande rett. Likevel

antar departementet at det kan vere fornuftig med ei slik «faneføresegn» som eit supplement til den terminologiske moderniseringa, slik at lova meir tydeleg gir uttrykk for at dei støttetiltaka som er regulert her, ikkje berre skal verne om personen sin integritet og rettstryggleik, men òg sjølvråderetten.

På bakgrunn av dette foreslår departementet ei utviding av første ledd i føresegna og ei endring av overskrifta til paragrafen. Det som i dag er første ledd, blir foreslått delt opp i tre, for å gjere det tydeleg at lova regulerer ulike støttetiltak for vaksne, i tillegg til verjemål for barn, og at rettane og pliktene både for personen sjølv og verja er regulerte i lova.

Fleire av dei omsyna det blir gitt uttrykk for i den utvida føresegna, følgjer av folkerettslege forplikningar, mellom anna konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD).

4.2 Endringar i terminologien

4.2.1 Innleiing

Som nemnt i punkt 3, blei verjemålslova 2010 utarbeidd under omsyn til gjennomføringa av Noregs plikter etter CRPD og andre menneskerettslege plikter. Det er omlag 15 år sidan proposisjonen med forslag til ei ny verjemålslov blei lagt fram. Rettsutvikling og debatt om verjemålsordninga, nasjonalt og internasjonalt, har bidratt til å utvikle ho, mellom anna når det gjeld hensiktsmessig terminologi. Det er det rettslege innhaldet i lovgivinga som er avgjerande for om Noreg som stat oppfyller dei folkerettslege pliktene sine. CRPD er gjennomført i norsk rett, dels ved aktiv transformasjon gjennom endringar i lovgivinga, særleg verjemålslova, og dels ved å konstatere at gjeldande regulering er i samsvar med konvensjonen (passiv transformasjon).

Som departementet framheva i Prop. 141 L (2021–2022) side 17, er språket vi nyttar, likevel viktig. Det er ønskjeleg med ein språkbruk som synleggjer at myndiggjering, sjølvråderett, respekt og ikkje-diskriminering er sentrale formål og verdiar som lovgivinga skal sikre.

Stortinget vedtok dessutan 4. januar 2024 einstemmig å be regjeringa om å gjere ei «lovgjennomgang» for «å avskaffe språkbruk som beskriver funksjonshemmede eller personer med en funksjonsnedsettelse med utdaterte, diskriminerende og stigmatiserende begreper», og om å kome tilbake til Stortinget med forslag til lovendringar. Forslaga her tar òg sikte på å følgje opp dette vedtaket i relasjon til verjemålslova.

Departementet har, mellom anna gjennom kontakten med sivilt samfunn som er nemnt i punkt 2, blitt merksam på ord og vendingar i lova som har blitt umoderne, eller som ikkje gir uttrykk for realitetane i ordninga på ein god nok måte. Som ledd i den heilskaplege gjennomgangen av lova tar departementet sikte på ei språkleg modernisering. I punkt 4.2.2 og 4.2.3 vurderer departementet termar som

sivilt samfunn og høyringsinstansane elles særleg har peikt på. Blant dei orda og vendingane som departementet har fått innspel til, relaterer fleire seg til ulike rettslege vilkår om tilstandar i verjemålslova §§ 20 og 22. I punkt 5 under, om moglege strukturelle endringar i verjemålslovas kapittel 4 om verjemål for vaksne, blir også desse føresegnene og andre språklege endringar vurdert.

4.2.2 Nærmare om konkrete endringar

«Verje» og «verjemål»

Fleire er kritiske til omgrepa «verje» og «verjemål» på grunn av dei historiske assosiasjonane til desse omgrepa. Lovgiving om verjemål – «guardianship» på engelsk – har historisk sett både i Noreg og internasjonalt lagt stor vekt på omsynet til vern og dermed mindre retta mot det å sikre sjølvrådetretten.

I Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) heiter mellom anna følgjande om omgrepet «umyndig» på side 169:

«Også begrepet «umyndig» brukes flere steder i lovgivningen, men etter departementets syn bør dette begrepet ikke videreføres. For en person som bare delvis er fratatt den rettslige handleevnen, vil det virke misvisende å si at personen er umyndig. Dette vil bare delvis være treffende, siden personen vil være «myndig» på de områder der handleevnen ikke er tatt fra ham eller henne. Å omtale en person som delvis har sin rettslige handleevne i behold, som umyndig, vil også kunne virke stigmatiserende på en måte som er lite forenlig med hensynene bak prinsippet om at vergemålet ikke skal gå lenger enn behovet tilsier.»

Termene «verge» og «vergemål» blei likevel vidareført, til tross for at dei etter tidlegare lovgiving har vore knytt til ordet «umyndig». I umyndiggjeringslova av 1898, som den någjeldande verjemålslova erstatta, heitte det til dømes i § 1 at ein som hadde fylt 18 år, på visse vilkår kunne «settes under vergemål (umyndiggjøres)». Det er dermed forståeleg at det har vore reist kritikk mot desse termene. Eit spørsmål som melder seg, er om andre termar er betre egna til å reflektere innhaldet i den gjennomgripande endringa av verjemålordninga som den nye verjemålslova frå 2010 la til rette for, som verjemålsstyresmaktane sidan då har arbeidd med å setje ut i livet, og som den pågåande heilskaplege gjennomgangen no skal styrke.

Som det går fram av punkt 3, har fleire frå sivilt samfunn meint at ordninga med verjemål bør erstattast av ei ordning med avgjerdstøtte. I samband med dette har fleire halde fram at ordet «avgjerdsstøtte» (på bokmål «beslutningsstøtte» og frå det engelske «supported decision-making») er ei velegna erstattar for «verjemål», og at ordet «verje» kan bli erstatta med «avgjerdsrådgivar». Også andre omgrep har blitt foreslått som erstatning for «verje», slik som «representant», «ombod», «rådgivar» og «fullmektig». Departementet meiner at eit sentralt kriterium for valet av ordlyden i lova må vere at han på ein transparent måte gir uttrykk for ordningas reelle innhald. Eit skifte av innarbeidd terminologi krev tungtvegande

argument, og det bør berre gjennomførast om skiftet inneber ei klar forbetring, slik at lovspråket blir meir forståeleg samtidig som det er tilstrekkeleg presist.

Overordna kan ein seie at eit verjemål har minst to funksjonar: For det første skal ordninga gi sårbare personar støtte til å fatte val og utøve eigen autonomi. For det andre inneber verjemålet som den absolutte hovudregel òg representasjon innanfor verja sitt mandat, slik at verja er legitimert til å handle på vegne av personen, til dømes overfor partar ein skal inngå avtale med. Praktiske eksempel er der personen sjølv ikkje har forutsetningar for å setje seg inn i avtaler, men treng å inngå husleigeavtale, kjøpe ein tilpassa bil eller liknande.

Alternative omgrep som «avgjerdsstøtte» og «rådgivar» gir assosiasjonar til verjeordningas støttefunksjon, men gjenspeiler i liten grad den sida av verjeordninga som inneber at verja er legitimert overfor andre til å handle på vegner av personen. Orda «representant», «fullmektig» og til dels også «ombod» gir på si side uttrykk for legitimasjonen overfor andre, men reflekterer i mindre utstrekning funksjonen som avgjerdsstøtte. Etter departementet sitt syn er desse omgrepa uklare og også tilslørande i og med at dei ikkje uttrykker det verjemålsordninga i realiteten kan gå ut på. Omsynet til ei ordning som er mogleg å praktisere på ein heilskapleg måte, samtidig som ein opnar for ulike kombinasjonar av støttetilbod, taler etter departementet si meining med styrke for at ein har eitt omgrep for å beskrive denne støttefunksjonen.

Termen «verje» er avleidd av verbet «verje», som betyr å forsvare eller verne, sjå til dømes Norsk etymologisk ordbok (2013) side 1099. Substantivet «verje» blir nytta i tydinga forsvarar, beskyttar, men tradisjonelt også i tydinga formyndar, enten i kraft av foreldreskap eller ved å bli oppnemnt. Orda «verje» og «verjemål» reflekterer begge tydeleg at legitimasjon er ein sentral funksjon ved verjemålsordninga. Ein kan sjå det slik at verja si oppgåve er å forsvare eller verne personen sine interesser, i tråd med vilja og preferansane til personen.

Departementet går etter dette ikkje inn for å avvikle omgrepsparet «verje» og «verjemål». Desse omgrepa reflekterer dei sentrale funksjonane i verjemålsordninga. I mangel av ei anna dekkande skildring har det mest for seg å halde fram med omgrepa «verje» og «verjemål» («verge» og «vergemål» på bokmål). Departementet tar likevel gjerne imot innspel til andre alternative formuleringar som gir ei dekkande skildring av verja og verjemålet si rolle.

«Satt under» verjemål

Sjølv om omgrepet «verjemål» etter departementet si vurdering framleis er godt egna for ei moderne verjemålslovgiving, blir det ofte nytta saman med preposisjonen «under». Departementet meiner at ei slik preposisjonsfrase er uheldig. Omgrepet «under verjemål» ligg tett opp til formuleringa i umyndiggjeringslova § 1, nemnt før, og gir i liten grad uttrykk for realiteten i ordninga for dei aller fleste, det vil seie at alminneleg verjemål er eit frivillig

støttetiltak der personens vilje og preferansar står heilt sentralt. Dermed er det lite treffande å seie at ein er «under» eller «satt under» verjemål.

I høyringsnotatet blir det derfor foreslått terminologiske endringar i føresegner i verjemålslova som inneheld omgrepet «under vergemål». Departementet foreslår å endre føresegner der ein nyttar omgrep som «er under vergemål» og «er satt under vergemål». Desse formuleringane er brukt i ulike samanhengar, og terminologiske endringar fordrar litt ulike ordval for at syntaksen skal bli riktig. Dette er ei oppfølging av det arbeidet som blei starta med endringane som følgde etter Prop. 141 L (2021–2022) i endringslov 31. mars 2023 nr. 5. For å fase ut bruken av desse omgrepa gjennomgåande må ein endre ei rekke lover. Departementet vil kome tilbake til forslag om endringar i andre lover etter å ha vurdert innspela i denne høyringa.

Departementet foreslår i forlenginga av dette også å ta legaldefinisjonen av «personer som er satt under vergemål» i verjemålslova § 2 andre ledd ut av lova. Når formuleringar som dette blir tatt ut av lova, er det ikkje plass for ei føresegn som legaldefinerer dei. Definisjonen gir heller ikkje eit nyttig skilje mellom grupper av personar som har verje, idet den fagnar alle vaksne som har verje, uavhengig av om verjemålet er eit frivillig støttetiltak, eller om det dreier seg om ei omfattande innskrenking av rettsleg handleevne. «*Verjetrengande*»

Omgrepet «vergetrengende» er nytta berre i ei føresegn i verjemålslova, i § 28 tredje ledd om kven som kan bli oppnemnd som verje. Omgrepet er etter departementet si meining ikkje godt, og departementet foreslår derfor å bytte det ut med ei meir nøytral formulering. Slik departementet ser det, bør ikkje lova nytte omgrep som definerer ein person ut frå om vedkommande har – eller blir antatt å ha – behov for verje.

Departementet foreslår på denne bakgrunn ei endring i § 28 tredje ledd, slik at ordet «vergetrengende» blir erstatta med «personen det skal oppnevnes verge for».

«Fråtatt» og «fråtaking» av rettsleg handleevne

Eit grunnleggjande utgangspunkt er at personar som har fylt 18 år, har formell rettsleg handleevne, jf. verjemålslova § 2 tredje ledd. Handleevna kan bli avgrensa på det økonomiske området berre så langt det er nødvendig for å hindre utilbørleg økonomisk utnytting eller fare for at økonomiske interesser blir forringa vesentleg, jf. § 22 andre ledd. Vidare kan handleevna bli avgrensa på andre område der det er betydeleg fare for at personen vil handle på ein måte som i vesentleg grad vil vere eigna til å skade hans eller hennar personlege interesser, jf. § 22 tredje ledd.

Terskelen for å avgrense rettsleg handleevne er høg. Handleevna kan berre bli avgrensa ved dom, og for særleg personlege forhold kan handleevna bli avgrensa berre dersom det er særskilt heimel for det i lov, jf. § 21 fjerde ledd. Sjå om dette også punkt 5.1.1.

Det er dermed ikkje heilt treffande å tale om at ein er «fråtatt» rettsleg handleevne, eller om «fråtaking» i det heile, all den tid handleevna, i tråd med prinsippet om

det minste middel, reint faktisk blir avgrensa berre i den utstrekninga det er nødvendig. For betre å gi uttrykk for realiteten i ordninga foreslår departementet å endre formuleringar som «fratatt rettslig handleevne» til «(har fått) begrenset» eller «begrensninger i» den rettslege handleevna. Tilsvarande foreslår departementet at formuleringar som «hel eller delvis fratakelse» blir endra til «begrensninger» og liknande. Desse endringane fører ikkje til endringar i gjeldande rett, men vil tydeleggjere realitetane for personar som har fått avgrensa handleevna. Departementet antar også at det vil bli tydelegare at desse personane, utanfor området der handleevna er avgrensa, nettopp har rettsleg handleevne på lik linje med andre. Ei rekke andre lover enn verjemålslova må også endrast for ei gjennomgripande oppdatering av denne terminologien. Departementet vil komme tilbake til slike følge-endringar i anna lovverk, sidan det kan vere ulike endringar som er aktuelle etter at denne høyringa er gjennomført.

Plikta til å «høyre» den som har verje

Verjemålslova § 33 første ledd lyder slik:

«Vergemål skal så vidt mulig høre den som er satt under vergemål, før det foretas disposisjoner av større betydning og også når dette ellers fremstår som naturlig.»

Som det går fram av andre ledd første punktum, «skal vergemål gi støtte til personens utøvelse av den rettslige handleevnen i samsvar med personens ønsker». Departementet foreslår å endre ordet «høre» til «rådføre seg med» for å gjere det tydeleg at føresegna handlar om verja si plikt til å gi støtte til å ta avgjerder, ikkje berre det å lytte til personen. Departementet foreslår også nokre andre endringar i paragrafen mellom anna av språklege omsyn, sjå spesialmerknaden til føresegna.

4.2.3 Særleg om omgrepet «myndige personar»

Med verjemålslova frå 2010 blei omgrepet «umyndig» fasa ut av lovverket, sjå Ot.prp. nr. 110 (2008-2009) side 169. Departementet grunnar dette med at det ville vere misvisande å omtale ein person som berre delvis var fratatt rettsleg handleevne, som «umyndig». Vidare blei det lagt til grunn at ein binær inndeling i myndige og umyndige personar braut med verjemålslova sitt system der den rettslege handleevna «ikke skal fratras en person i større grad enn det som er nødvendig», sjå proposisjonen side 168. Vidare på side 169 viste departementet til at det kunne verke stigmatiserande å omtale personar som framleis har rettsleg handleevne på fleire område, som umyndige.

Departementet gjekk likevel inn for å vidareføre omgrepet «myndig» om personar over 18 år med full rettsleg handleevne, «særlig av hensyn til særlovgivningen». Etter verjemålslova § 2 tredje ledd er «myndige personer (...) personer som har fylt 18 år, og som ikke helt eller delvis er fratatt den rettslige handleevnen». Departementet ville ikkje utelate ein slik definisjon frå lova fordi «[a]lternativet ville vere at man i hver enkelt bestemmelse presiserer hvilke former for vergemål som omfattes», og at «[d]ette ville vere tungvint», sjå side 168. Verjemålslova sin

definisjon er ein legaldefinisjon som er forutsett lagt til grunn i anna lovgiving med mindre det er klare haldepunkt for noko anna. Dette inneber at der særlovgivinga til dømes sett krav om at nokon er «myndig», vil dei personane som har ei avgrensing av handleevna, falle utanfor, med mindre det skulle vere presisert noko anna.

Omgrepet er brukt i minst 30 lover, og også i verjemålslova. I lys av utviklinga på feltet sidan verjemålslova blei vedtatt, reiser det seg eit spørsmål om ein bør vidareføre ein legaldefinisjon med eit slikt innhald som følgjer av § 2 tredje ledd i verjemålslova. I nokre av lovene som i dag bruker omgrepet «myndig», kan det vere tvilsamt om omgrepet gir ei formålstenleg eller treffande avgrensing. Departementet er også usikker på om legaldefinisjonen av kven som er «myndig», framleis er tilstrekkeleg intuitiv.

Departementet legg ikkje fram forslag om oppheving eller endring av legaldefinisjonen av omgrepet «myndig» i dette høyringsnotatet. Ei slik endring vil innebere at ein må gå gjennom alle dei lovene som gjer bruk av omgrepet, og vurdere kva det bør bli erstatta med. Dei aktuelle lovene gjeld svært ulike livsområde og situasjonar, og departementet ser det derfor som mest hensiktsmessig at desse endringane blir vurderte i ein eigen prosess.

5 Endringar i kapittel 4 om verjemål for vaksne

5.1 Eit klarare skilje mellom alminneleg verjemål og avgrensing av rettsleg handleevne

5.1.1 Gjeldande rett

Kapittel 4 i verjemålslova gjeld verjemål for vaksne og byggjer på eit to-spora system: alminneleg, frivillig verjemål og det som i lova i dag er blir omtalt som verjemål med fråtaking av rettsleg handleevne.

Oppretting av alminneleg, frivillig verjemål for vaksne er regulert i verjemålslova § 20. Første ledd i denne føresegna viser til grunnvilkåra for oppretting av verjemål: Personen må trenge slik bistand, han eller ho må som hovudregel vere minst 18 år, fysisk eller psykisk helse må vere svekka, og personen må på grunn av dette ha manglande evne til å ivareta sine egne interesser.

Etter CRPD artikkel 12 nr. 3 har staten ei plikt til å treffe passande tiltak for å sikre nødvendig støtte for personar med nedsett funksjonsevne til å utøve den rettslege handleevna si. Verjemål er eit frivillig støttetiltak og kan ikkje opprettast i strid med ønska til personen, jf. verjemålslova § 20 andre ledd første og femte punktum. I utgangspunktet er det krav om eit skriftleg samtykke, jf. andre ledd andre punktum. Om personen er ute av stand til å holde fast ved eller formidle ønska sine, skal den «beste tolkningen av personens vilje og preferanser» bli lagt til grunn, jf. andre ledd tredje punktum. Grunnen til at lova ikkje krev skriftleg

samtykke i desse tilfella, er at ein person som ikkje kan gi eit informert samtykke, ikkje kan binde seg avtalerettsleg. Dette inneber likevel ikkje at kravet til frivilligheit er lempa på; dersom ein må leggje til grunn at personen ikkje ønskjer verjemål, kan det ikkje bli oppretta eit frivillig verjemål. Dette utgangspunktet er frå 2023 tydeleggjort i lova, jf. endringslov 31. mars 2023 nr. 5. Det er gjort greie for bakgrunnen i Prop. 141 L (2021-2022), sjå særleg punkt 3.6 i proposisjonen og merknadane til § 20.

Så lenge ein person reint faktisk har rettsleg handleevne, kan han eller ho disponere fritt ved sida av verja. Verja kan heller ikkje handle mot personen si vilje, jf. § 33 andre ledd fjerde punktum. Verja skal gi støtte, slik at personen kan utøve den rettslege handleevna i samsvar med egne ønsker, jf. § 33 andre ledd første punktum.

Oppretting av verjemål med fråtaking av rettsleg handleevne er regulert i § 22. Det følgjer av første ledd at ein person som er i ein tilstand som nemnt i § 20 første ledd, kan bli fråtatt den rettslege handleevna si etter reglane i § 22 andre og tredje ledd.

Etter § 22 andre ledd kan ein person bli fråtatt den rettslege handleevna i økonomiske forhold om det er nødvendig for å hindre at han eller ho utset formuen sin eller andre økonomiske interesser for fare for å bli vesentleg forringa, eller at han eller ho blir utnytta økonomisk på ein utilbørleg måte. Det følgjer av føresegna at fråtakinga av den rettslege handleevna «kan» bli avgrensa til å gjelde bestemte eigedelar eller disposisjonar. I samsvar med prinsippet om minste middel blir dette vilkåret i praksis forstått slik at avgrensing av den rettslege handleevna berre skal skje så langt det er nødvendig.

Vidare følgjer det av § 22 tredje ledd at ein person kan bli fråtatt den rettslege handleevna i personlege forhold på bestemte område om det er betydeleg fare for at han eller ho vil handle på ein måte som i vesentleg grad vil vere eigna til å skade hans eller hennar interesser.

Å avgrense ein person si rettslege handleevne grip inn i sjølvråderetten, og det er viktig med gode tryggingmekanismer for å balansere omsyna til autonomi og tryggleik. Ei avgjerd om å avgrense den rettslege handleevna til ein person er det berre retten som kan treffe, jf. § 68 første ledd. Statsforvaltaren kan fatte mellombels vedtak når vilkåra etter § 61 er oppfylte, men saka må då straks bli lagd fram for retten. I perioden 2020 til 2022 hadde rundt 42 000 vaksne personar i Noreg eit frivillig verjemål. Til samanlikning hadde rundt 300 personar fått avgrensa den rettslege handleevna si ved dom.

Både for alminneleg verjemål og verjemål med fråtaking av rettsleg handleevne er det nærmare innhaldet og omfanget regulert i § 21. Særleg sentral er føresegna i tredje ledd andre punktum som lovfestar prinsippet om det minste middel: Verjemålet skal ikkje vere meir omfattande enn nødvendig. Nært forbunde med dette utgangspunktet fastsett tredje ledd første punktum at vedtaket uttrykkeleg

skal ta stilling til omfanget av verjemålet, og om det skal vere avgrensa sakleg eller i tid.

Sjølv om verjemålslova kapittel 4 byggjer på eit tospora system, er det ikkje noko i vegen for å kombinere eit alminneleg, frivillig verjemål med avgrensing av rettsleg handleevne på einskilde område såframt vilkåra for det er oppfylte etter §§ 20 og 22. Ein kan i slike tilfelle ha to verjer, eller den same verja kan ha eit mandat som rommar både frivillig bistand og representasjon på område der personen ikkje kan handle sjølv.

Føresegna i § 21 første ledd første og andre punktum har primært ein pedagogisk funksjon ved å påpeike at verjemålet inneber at det blir oppnemnt ei verje, og at personen sjølv kan foreta rettslege handlingar og råde over eigne middel om den rettslege handleevna ikkje er avgrensa. I § 21 første ledd tredje punktum blir det slått fast at ein person som har verje, men ikkje har avgrensa rettsleg handleevne, kan kalle tilbake ein disposisjon som verja har gjort, om ingen har erverva rett etter han. I andre ledd kjem det fram at verjemålet kan omfatte økonomiske og personlege forhold. For avgrensing av rettsleg handleevne kjem dette fram også av verjemålslova § 22 andre og tredje ledd.

I § 23 er det gitt reglar om «resthandleevna». Det blir her slått fast at om ikkje anna er bestemt, kan ein person som er fråtatt rettsleg handleevne, sjølv inngå arbeidsavtale, rå over middel personen har tent eller fått til eiga rådvelde, samt foreta disposisjonar som er vanlege i eit hushald eller for oppfostring av eigne barn. § 24 regulerer verknaden av at personen disponerer ut over retten sin når rettsleg handleevne er avgrensa etter § 22.

5.1.2 Departementet sitt forslag

Eit klarare skilje mellom frivillig avgjerdsstøtte og avgrensing av rettsleg handleevne har det over tid vore ønsker om, sjå til dømes gjennomgangen av høyringsinstansane sine syn i Prop. 141 L (2021–2022) side 17.

Alminneleg, frivillig verjemål og avgrensing av rettsleg handleevne er begge tiltak som skal ivareta personen sin sjølvråderett, integritet og rettstryggleik. Samtidig er rettsverknadene svært ulikearta, slik at vektinga av omsyna slår ulikt ut i dei to ordningane. Særleg gjeld dette omsynet til rettstryggleik, som står heilt sentralt ved avgrensing av rettsleg handleevne ettersom det inneber eit betydeleg inngrep i enkeltindividet sin autonomi. Som det går fram av punkt 3, er det departementet sitt syn at reglane om verjemål for barn og vaksne framleis bør vere samla i ei felles lov, der også reglane om avgrensing av rettsleg handleevne inngår. For tydelegare å formidle forskjellane mellom alminneleg verjemål og avgrensing av rettsleg handleevne meiner departementet samtidig at det er god grunn til å utforme verjemålslova slik at ho skil klarare mellom dei to ordningane.

Departementet foreslår på bakgrunn av dette eit nytt kapittel 4 A i lova som er reindyrka som eit kapittel om avgrensing av rettsleg handleevne. Kapittel 4 i

lovforslaget gjeld på si side verjemål for vaksne og har ei føresegn om vilkåra for alminnelege verjemål (§ 20), ei føresegn om rammene for eit verjemål (§ 21) og ei føresegn om åtgang for verja til å kunne utsetje disposisjonar (ny § 21 a).

Lovforslaget legg opp til at ein dom om avgrensing av rettsleg handleevne ikkje i seg sjølv skal utgjere eit verjemål. Verjemål er eit støttetiltak for den som treng det, og inneber at det blir oppnemnt verje. Også der det ligg føre ein dom om avgrensing av rettsleg handleevne, må statsforvaltaren etter forslaget vurdere innhaldet i verjemålet nærmare. Ved alminneleg verjemål må dette støttetiltaket vere frivillig. I tilfelle der den rettslege handleevna er avgrensa ved dom, kan eit verjemål bli oppretta mot personen sitt ønske. Ei avgrensing av handleevna vil ofte innebere at det er nødvendig å oppnemne verje, men det treng ikkje nødvendigvis å vere ein automatisk konsekvens. Ein kan til dømes sjå for seg at personen allereie har ei verje som har mandat på det området handleevna blir avgrensa, og at personen ønskjer at denne verja framleis skal representere han eller ho, sjølv om det rettslege grunnlaget for representasjonen er endra. På same måte kan ein sjå for seg at det er nødvendig å avgrense handleevna til ein person på eit område der ein framtidsfullmakt allereie er trådd i kraft, fordi personen på grunn av sjukdom handlar i strid med eigne ønske, og at det er tilstrekkeleg at framtidsfullmektigen fortset å representere personen i tråd med fullmakta. Føresegna i verjemålslova § 25 kan synast å ha som føresetnad at det alltid skal bli oppnemnt verje når ein person har fått avgrensa rettsleg handleevne. Departementet foreslår å endre denne føresegna slik at det kjem fram at statsforvaltaren skal oppnemne verje berre om det er behov for det.

I tillegg til tydelegare å kommunisere skiljet mellom alminneleg verjemål og avgrensa rettsleg handleevne legg ei slik løysing betre til rette for mest mogleg sjølvråderett ved at personen som får avgrensa handleevna, kan få eit skreddarsydd tilbod om bistand. Spørsmålet om representasjon på dei områda som er omfatta av dommen om avgrensing av rettsleg handleevne, må allereie handterast av statsforvaltaren, som eventuelt skal oppnemne verje, jf. § 25. Statsforvaltaren kan kartleggje om personen også treng og ønskjer bistand frå verje på andre område, og då innanfor ramma av eit frivillig verjemål. I nokre tilfelle, der det til dømes berre er evna til å ta opp gjeld som er avgrensa ved dommen, og personen har ein partner som har kontroll på økonomien eller ein framtidsfullmektig med eit tilstrekkeleg økonomisk mandat, vil det kunne vere slik at det ikkje er nødvendig å oppnemne verje.

I § 22 om avgrensing av rettsleg handleevne foreslår departementet dessutan å presisere at handleevna i økonomiske eller personlege forhold berre kan bli avgrensa «i den utstrekning det er nødvendig», for å synleggjere prinsippet om det minste middel. Kva som er nødvendig, må ein vurdere konkret i den einskilde saka, og det er ei subjektiv vurdering.

Avgrensing av rettsleg handleevne i økonomiske forhold er regulert i § 22 første ledd, som i dag gir retten høve til å avgrense handleevna til ein person når det er

«nødvendig for å hindre at han eller hun utsetter sin formue eller andre økonomiske interesser for fare for å bli vesentlig forringet», eller om personen blir «utnyttet økonomisk på en utilbørlig måte». Departementet foreslår å klargjøre særleg det første av desse vilkåra.

Eit grunnleggjande utgangspunkt er at alle vaksne personar har rett til å bruke midla sine slik dei sjølv vil. Dette gjeld òg disposisjonar som andre kanskje ser på som eksentriske eller uvettige. Terskelen for å avgrense rettsleg handleevne er og skal vere høg. Det sentrale vil vere om personen handlar på ein måte som er i strid med det han eller ho eigentleg vil. . Departementet viser her til resonnementet til mindretallet i Høgsterett i dommen i HR-2016-2591-A avsnitt 104:

«(...) De formål hun i henhold til opplysningene i saken har ønsket å bruke penger på, er formål også personer uten en sinnslidelse ville ønske å bruke en arv til – som helsehjelp i utlandet, møbler, drosjeturer og sigaretter. Det fremkommer imidlertid at hun trenger råd og veiledning om hvordan slike disposisjoner skal foretas på en hensiktsmessig måte for henne. Hun har etter eget samtykke verge, som forutsettes å gi slike råd. Mindre fornuftige eller brysom bruk til sigaretter og drosjeturer må anses å ligge innenfor det en person fritt må kunne bestemme, og må eventuelt begrenses av annet regelverk.»

Departementet er einig i dette. Personar som treng bistand til å utøve rettsleg handleevne, har ikkje større friheit enn andre til å bruke pengar. Dersom ein person ikkje ønskjer å bruke pengane sine på nødvendige kostnader som bustad, mat, helse og klede, men heller til dømes på spel eller rus slik at han eller ho vil trenge økonomisk nødhjelp frå staten for å overleve, må ein kunne avgrense handleevna til personen. Utgangspunktet er at dei som har evne til det, må forsørge seg sjølv innanfor dei same rammene som andre. Ein person som har økonomisk evne til å forsørge seg sjølv, bør likevel ikkje få avgrensa handleevna si i større grad enn det som eventuelt er nødvendig for å hindre at personen mister evna til å forsørge seg sjølv eller andre han eller ho har ansvar for. Om pengebruk verker lite fornuftig, bør etter departementet si vurdering ikkje spille nokon så lenge personen har det som trengs til livsopphald. Departementet meiner dette utgangspunktet bør gjerast tydelegare i § 22, og foreslår ein åtgang til avgrensing av rettsleg handleevne når det er nødvendig for å hindre at personen handlar på ein måte som vil føre til at personen ikkje lenger vil klare å sørgje for seg sjølv eller andre han eller ho har ansvar for. Sjå forslaget til ny *bokstav b* og merknadane til denne.

På den andre sida finst det tilfelle der personar med stor formue brukar pengar på ein måte som heilt klart ikkje er i tråd med eigne verdiar eller ønske. Sjølv om personen i eit slikt tilfelle kanskje objektivt sett har råd til pengebruken, meiner departementet at det framleis kan vere behov for ein snever åtgang til å avgrense handleevna for å hindre at formuen blir vesentleg forringa. Terskelen for å avgrense handleevna i slike tilfelle bør nok vere høg, og det avgjerande må vere kva personen sjølv ville ha meint eller ønska. Departementet viser til Borgarting

lagmannsrett sine vurderingar i dommen i LB-2022-8299 om avgrensing av rettsleg handleevne i økonomiske og personlege forhold:

«[det] dreier seg derfor ikke om å hindre en «ufornuftig» bruk av penger som ville være i samsvar med As verdier og ønsker, men om å hindre at hun forspiller sin formue på en måte som hun ikke ville ønsket dersom hun hadde vært frisk».

Dette resonnementet gir etter departementet sitt syn på ein treffande måte uttrykk for den vurderinga domstolen bør gjere i saker om avgrensing av rettsleg handleevne. Sjå forslaget til ny *bokstav c* og merknadane til denne.

Når det gjeld utnytting, meiner departementet at åtgangen til å avgrense rettsleg handleevne bør vere som i dag. Det avgjerande er om personen blir utnytta på ein måte som er «utilbørlig» og ikkje i tråd med personen sine egne ønske. Åtgangen til avgrensing av rettsleg handleevne på grunn av utnytting blir foreslått vidareført i ny *bokstav a*.

Departementet foreslår dessutan eit nytt tilstandsvilkår i § 22. Dette er nærmare omtalt i punkt 5.2 under.

I kapittel 4 om verjemål for vaksne foreslår departementet gjennomgåande å endre lovteksten slik at utgangspunktet om formell rettsleg handleevne og prinsippet om det minste middel kjem tydelegare fram. Formålet er å gi betre uttrykk for prinsippet om det minste middel og realiteten i ordninga som inneber at alminneleg, frivillig verjemål utgjer godt over 99 prosent av verjemåla som blir oppretta.

Departementet foreslår ut frå dette å endre gjeldande § 21 første ledd andre punktum i verjemålslova slik at føresegna berre gir uttrykk for at ein person som har verje, sjølv kan foreta rettslege handlingar og råde over midlane sine. At dette gjeld i den utstrekning personen ikkje ved dom har fått avgrensa den rettslege handleevna si, følgjer av første ledd fjerde punktum i lovforslaget. Etter alminnelege avtalerettslege reglar kan ein disposisjon bli kjend ugyldig sjølv om ein person har formell rettsleg handleevne. Ei slik endring som er foreslått i § 21 endrar ikkje på det.

Vidare foreslår departementet å endre ordlyden i § 21 tredje ledd første punktum slik at den gir uttrykk for at ein skal ta stilling til rammene for verjemålet, og under dette verjemålet sitt innhald og varigheit, snarare enn at ein skal vurdere om verjemålet skal avgrensast. Denne endringa snur utgangspunktet frå det som følgjer av ordlyden i dag, ved at innhaldet i støttetiltaket skal bli positivt grunnsett, heller enn at ein skal gi ein grunn for avgrensingar. Endringa inneber at det som i dag er gjeldande rett, fordi føresegna skal bli lest i lys av prinsippet om det minste middel, kjem klarare fram i ordlyden. Føresegna følgjer av § 21 tredje ledd i lovforslaget.

Tilsvarande foreslår departementet å erstatte den noverande føresegna i § 23 om kompetansen til å disponere for personar med avgrensa rettsleg handleevne med ei sjølvstendig føresegn om avgrensinga sitt innhald og omfang i det nye kapittel

4 A, jf. § 23 andre ledd i lovforslaget. At ein person, om ikkje anna følgjer av avgjerda om avgrensa rettsleg handleevne, sjølv kan inngå arbeidsavtale, rå over pengar personen har tent eller fått til eiga rådigheit og andre disposisjonar, følgjer allereie av prinsippet om det minste middel – personen har handleevne så langt den ikkje er avgrensa.

Også i § 20 foreslår departementet eit nytt tilstandsvilkår, sjå punkt 5.2. I tillegg foreslår departementet nokre språklege og lovtekniske endringar. Endringane tar sikte på å gjerne føreseigna lettare å lese, og målet er at realiteten i ordninga med frivillig verjemål for vaksne skal kome tydelegare fram i ordlyden. Tilsvarende endringar blir foreslått i § 33, som regulerer verja si plikt til å rådføre seg med personen undervegs i verjemålet, for å sikre at verja handlar i tråd med vilja til personen.

5.2 Tilstandsvilkåret

5.2.1 Gjeldande rett

Både for oppretting av frivillig verjemål og avgrensing av rettsleg handleevne er det eit vilkår at eventuelle vanskar med å ivareta egne interesser er forårsaka av personen si fysiske eller psykiske helse. I verjemålslova § 20 første ledd er dei aktuelle tilstandene formulert som «sinnslidelse, herunder demens, psykisk utviklingshemming, rusmiddelmissbruk, alvorlig spilleavhengighet eller alvorlig svekket helbred».

Vilkåra byggjer på eit skilje mellom fysiske og psykiske tilstandar. I Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) side 176 er det nærmare innhaldet i dei ulike tilstandane skildra. Termen «alvorlig svekket helbred» siktar til «alle former for fysiske svekkelser som kan medføre at en person ikke selv makter å ivareta sine interesser». Termen «sinnslidelse» blir nytta som ei samlenemning og omfattar såkalla psykoselidingar, som schizofreni og bipolar lidning, demens, og andre psykiske lidningar som er skylda av skade, sjukdom eller stoffbruk. Vidare er «psykisk utviklingshemming», «rusmiddelmissbruk» og «alvorlig spilleavhengighet» nemnde som sjølvstendige grunnlag som kvar for seg oppfyller tilstandsvilkåret. For alle vilkåra er det på same side i proposisjonen lagt til grunn at det er «den rådende medisinske oppfatningen til enhver tid som må være avgjørende for forståelsen av begrepene».

Ein må lese tilstandsvilkåret i lys av dei andre grunnvilkåra for oppretting av verjemål eller avgrensing av rettsleg handleevne. Formålet med vilkåret er ikkje å halde personar som treng støtte frå verje, ute frå ordninga, fordi dei ikkje har akkurat ein slik tilstand som er lista opp i føreseigna. Vilkåret peiker snarare ut tilstandar som kan aktualisere eit behov for støtte eller vern, men støtte eller vern forutset at dei andre vilkåra også er oppfylte. I verjemålsutvalet si utgreiing, NOU 2004: 16, er dette formulert slik på side 133:

«En viktig hovedkonklusjon må bli at det vil være en persons totale psykiske og fysiske tilstand, mestringsevne og bistandsbehov, mer enn den diagnosen som kan stilles, som vil være avgjørende for hvorvidt opprettelse av et vergemål er riktig og hensiktsmessig. Det blir også viktig at tids- og bedringsperspektivet for den enkelte trekkes inn i de samlede vurderinger, når det gjelder overveielser om mulig vergemål, dettes omfang og eventuelle varighet.»

Ei slik tolking av vilkåret harmonerer etter departementet sitt syn også med presumsjonsprinsippet og pliktene til staten, mellom anna etter CRPD. CRPD artikkel 1 beskriv menneske med nedsett funksjonsevne som mellom anna

«those who have long-term physical, mental, intellectual or sensory impairments which in interaction with various barriers may hinder their full and effective participation in society on an equal basis with others».

Langvarig fysisk, mental, intellektuell eller sensorisk funksjonsnedsetjing er altså ein viktig markør for kven som har rett etter konvensjonen. Når ein funksjonshemming oppstår, vil avhenge av både haldningsbestemte og andre barrierar i omgivnadene som hindrar effektiv deltaking i samfunnet på lik linje med andre, sjå også fortalen til CRPD bokstav e. Tilstandsvilkåret er med andre ord del av ei større vurdering som saman bidrar til å identifisere rettskravssubjekta etter CRPD.

I verjemålslova § 78 og § 94 første ledd om høvesvis framtidsfullmakt og nærstående sin representasjonsrett, blir det også nytta tilstandsvilkår. Dette fell berre delvis saman med tilstandsvilkåret for oppretting av frivillig verjemål eller avgrensing av rettsleg handleevne. Vilåret lyder slik: «sinnslidelse, herunder demens, eller alvorlig svekket helbred». Samanlikna med verjemålslova § 20 første ledd er verken psykisk utviklingshemming, rusmiddelmissbruk eller alvorleg spelavhengnad nemnde som alternative grunnlag. I Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) er dette omtalt slik i spesialmerknaden til § 78 på side 212:

«Departementet går inn for definisjonen av helsetilstander foreslått av Vergemålsutvalget. Enhver person over 18 år som har evnen til å forstå hva en fremtidsfullmakt innebærer, vil ha adgang til å opprette en slik fullmakt, jf. § 79 første ledd. Dette gjelder også om personen er psykisk utviklingshemmet eller har et rusproblem. Fremtidsfullmakter kan imidlertid bare opprettes med sikte på en fremtidig situasjon der sinnslidelse eller alvorlig svekket helbred gjør fullmaktsgiveren ute av stand til å ivareta sine interesser. Rusmisbruk eller psykisk utviklingshemming vil følgelig bare omfattes hvis dette har ledet til sinnslidelse eller alvorlig svekket helbred.

Uttrykket «sinnslidelse» vil omfatte alle tilstander som etter den rådende medisinske oppfatning til enhver tid regnes som dette. Demens er nevnt særskilt fordi dette anses som svært praktisk. Med «alvorlig svekket helbred» siktes det til alle former for alvorlig helsesvikt som kan medføre at en person ikke selv kan ivareta sine interesser. En slik helsesvikt vil oftest være av fysisk karakter. Det må være årsakssammenheng mellom den medisinske tilstanden og personens manglende evne til å ivareta sine interesser. Det vises for øvrig til merknaden til lovforslaget § 20 første ledd, hvor det blant annet er redegjort nærmere for innholdet i uttrykkene «sinnslidelse» og «alvorlig svekket helbred.»

Skildringa gjeld tilsvarande for tilstandsvilkåret etter § 94 første ledd, jf. Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) side 221.

5.2.2 Departementet sitt forslag

Som nemnt har departementet fått fleire innspel om at enkelte av dei rettslege vilkåra om tilstandar i verjemålslova §§ 20 og 22 kan bli oppfatta som stigmatiserande slik at dei bør moderniserast eller fjernast.

Etter departementet sitt syn må tilstandsvilkåret sjåast som del av ei større vurdering som samla bidrar til å identifisere rettskravssubjekta etter verjemålslova. Dette har også ei side til ressursbruk: Verjemål er ikkje ei ordning for alle personar som kan trenge støtte på ulike område for å forvalte den rettslege handleevna si, men for dei staten plikter å stille opp med tiltak for. Det trengs derfor ei avgrensing av kven som har rettar etter lovgivinga. Departementet foreslår på denne bakgrunn å vidareføre tilstandsvilkåret, men modernisere det.

Ei utfordring ved utforminga av tilstandsvilkåret er samanbindinga til helsevitskaplege fagfelt, til dømes medisin og psykologi, som er i stadig utvikling. Illustrerande er korleis ICD-10 (International Statistical Classification of Diseases, 10th edition), som Noreg etter WHO sin konstitusjon artikkel 2 bokstav s, 21 bokstav b, 22 og 64 samt WHO Nomenclature Regulations artikkel 2 og 7 nr. 3 er forplikta til å nytte i spesialisthelsetenesta, etter kvart vil bli avløyst av ein revidert klassifikasjon, ICD-11. Denne blei godkjent av WHO i Verdas helseforsamling i mai 2019.

Ein fare ved val av terminologi som ligg tett opp mot ordlyden til utvalde klassifikasjonssystem, er at kunnskapsutviklinga over tid gir opphav til nye inndelingar og forståingar som dels kan skape tvil om meiningsinnhaldet til dei tidlegare termane, og dels kan gjere det krevjande å kommunisere med fagkyndige. Rett nok har den gjeldande medisinske forståinga stor vekt ved fastlegginga av det rettslege innhaldet i tilstandsvilkåret, men vilkår som etter ordlyden ligg tett opp mot medisinske termar, inneber også ein risiko for å tilsløre at det prinsipielt er tale om eit rettsleg vilkår.

Departementet foreslår derfor eit meir fleksibelt tilstandsvilkår – ein rettsleg standard som kan endrast i takt med kunnskapsutviklinga innan medisin og psykologi m.m. CRPD byggjer på ei relasjonell forståing av funksjonshemming, der langvarig fysisk, mental, intellektuell eller sensorisk funksjonsnedsetjing som nemnt må sjåast i lys av haldningsbestemte barrierar og barrierar i omgivnadane som hindrar effektiv deltaking i samfunnet på lik linje med andre. Også innan medisin har det lenge vore erkjent at ei fullgod skildring av helseplagar ikkje aleine kan ta utgangspunkt i ein dualistisk, biomedisinsk tankegang.

Forståingsmodellar som anerkjenner at vanskane til ein person best kan bli skildra som eit samspel mellom fleire faktorar, inneber også at det ikkje er vasstette skott mellom psykiske og fysiske tilstandar. Vanskane med klassifisering av demens kan

tene som eksempel: I ICD-10 er demens kategorisert som ei hjerneorganisk lidning i kapittelet om psykiske lidningar og åtferdsforstyrningar. I ICD-11 er den kategorisert som ei nevrokognitiv forstyrning.

Om det er tale om ein fysisk eller psykisk tilstand, er av underordna tyding for formålet om å støtte og vareta sårbare personar, som verjemålslova skal sikre. Primærfunksjonen til tilstandsvilkåret er å konkretisere tilstandar som kan aktualisere eit behov for støtte eller vern. Departementet foreslår derfor ikkje å skilje klart mellom fysiske og psykiske tilstandar i lovteksten, men å avløyse tilstandsskildringa i §§ 20 og 22 med vilkåra « redusert helsetilstand eller funksjonsnedsettelse ».

Vilkåret « redusert helsetilstand » gir meir fleksibilitet, men er samtidig mindre presist, enn den tidlegare opplistinga. Særleg tydeleg er dette for fysiske tilstandar, kor vilkåret « alvorlig svekket helbred » etter ordlyden er snevrare enn vilkåret « redusert helsetilstand ». Eit alternativ kunne vere å tale om « psykiske eller alvorlege fysiske forstyrningar ». Tilsvarande vil lovteksten gi noko mindre rettleiing ved å sløyfe dei såkalla sjølvstendige grunnlaga, som gir uttrykk for praktisk viktige tilstandar: demens, rusmiddelmissbruk og alvorleg spelavhengnad. I dialogen departementet har hatt med sivilsamfunnet, har nokre grupper uttrykt bekymring for å falle utanfor, til dømes om ein sløyfer termen « alvorleg spelavhengnad ». I likskap med rusmiddelmissbruk har alvorleg spelavhengnad historisk blitt rekna for å vere ei karaktersvikt snarare enn ei helseutfordring. Både i ICD-10, ICD-11 og DSM-5 (Diagnostic and Statistical Manual of Mental Disorders, 5th edition) er likevel både spelavhengnad og rusmiddelmissbruk inkludert, og desse tilstandane må i dag kunne seiast å falle inn under ei moderne, heilskapleg forståing av ein person sin helsetilstand.

Samtidig formidlar vilkåret « redusert helsetilstand » tydelegare yttergrensa til tilstandsvilkåret, ved at det blir noko klarare at det avgjerande ikkje er om tilstanden fell innfor ei spesifikk medisinsk kategori, men om tilstanden kan aktualisere eit behov for støtte eller vern. Formuleringa « redusert helsetilstand » er etter dette ikkje meint å føre med seg endringar i gjeldande rett, men å tydeleggjere yttergrensa til tilstandsvilkåret. Psykiske lidningar, demens, rusmiddelmissbruk, alvorleg spelavhengnad og alvorleg svekka helse vil vere omfatta av denne formuleringa, i tillegg til fysiske helsetilstandar som er av ein slik art at det kan vere behov for støtte fordi personen reint praktisk ikkje kan vareta sine egne interesser. Dette kan vere aktuelt ved alvorleg fysisk sjukdom, der ein person til dømes ligg i koma, eller nokre fysiske funksjonsnedsetjingar. For dei aller fleste med ein reint fysisk funksjonsnedsetjing vil verken alminneleg verjemål eller avgrensing av rettsleg handleevne likevel vere aktuelt, fordi funksjonsnedsetjinga ikkje forårsakar vanskar med å fatte avgjerder eller vareta egne interesser. Det er andre støttetiltak som i dei fleste tilfella er aktuelle for desse gruppene, som brukarstyrt personleg assistent.

Når det gjeld spelavhengnad, vil departementet likevel peike på at for dei som ikkje er kjent med dei medisinske klassifiseringane, er det truleg ikkje så intuitivt at dette er å rekne som ein «reduisert helsetilstand» og dermed omfatta av ordlyden. Dette kan tale for at spillavhengnad blir nemnt særskilt. I dialogmøte med sivilsamfunnet har det vore tatt til orde for at spillavhengnad uttrykkeleg bør tas inn i lovteksten slik at det ikkje vil vere tvil om at også denne tilstanden kan gi grunnlag for verjemål. Departementet ber derfor om høyringsinstansane sitt syn på om spillavhengnad bør nemnast særskilt i lovteksten i tillegg til redusert helsetilstand og funksjonsnedsetjing.

I ein del tilfelle er det lite naturleg å tale om at personen som treng støtte eller vern, har ein «reduisert» helsetilstand. Dette gjeld særleg tilfelle kor sentralnervesystemet frå tidleg alder har utvikla seg på ein måte som i samspel med omgivnadene kan innebere at personen ikkje aleine kan ivareta sine interesser, og som aktualiserer eit hjelpebehov. Ei praktisk viktig gruppe er personar med utviklingshemming, eller det som i ICD-10 og gjeldande lovtekst er omtalt som «psykisk utviklingshemming». Eit alternativ kunne vere berre å nytte termen «utviklingshemming», ettersom sivilsamfunnet særleg har gitt uttrykk for at det er termen «psykisk» som blir opplevd belastande. Andre alternativ kunne vere «nedsett funksjonsevne» eller «funksjonshemming», men desse omgrepa femner også langt vidare.

Departementet har vurdert vilkåret «intellektuell funksjonsnedsetjing». Departementet har også vurdert termen «utviklingsforstyrring», som speiler utviklinga i ICD-11, kor ein talar om «neurodevelopmental disorders», herunder «disorders of intellectual development», men også denne termen er kontroversiell. Omgrepet «intellektuell funksjonsnedsetjing» gir, slik departementet vurderer det, ei rimeleg presis skildring av personane som ein meiner at skal vere omfatta, uavhengig av klassifikasjonssystem. Ettersom intellektuelle funksjonsnedsetjingar også er funksjonsnedsetjingar, kan det likevel kanskje vere tilstrekkeleg med det meir opne vilkåret «funksjonsnedsetjing».

Departementet er i tvil om løysinga her, og ønskjer høyringsinstansane sine syn på kva slags avgrensing lova bør ha for å gi ei tilstrekkeleg presis, men òg nøytral og ikkje-diskriminerande avgrensing av dei gruppene som staten gjennom verjemålslovgivinga skal leggje til rette for å tilby støtte. Sjølv om «reduisert helsetilstand» og «funksjonsnedsetjing» er meint å gi uttrykk for rettslege standardar som kan endre innhald med kunnskapsutviklinga innan medisin, psykologi, m.m., og kor fagkyndige vil kunne spille ei viktig rolle for å klarleggje personen sitt funksjonsnivå, er tilstandsvilkåret prinsipielt eit rettsleg vilkår, som dei andre vilkåra for verjemål. Som etter gjeldande rett vil det at tilstandsvilkåret er oppfylt, aldri i seg sjølv kunne gi grunnlag for oppretting av verjemål. Det sentrale er om personen har ein redusert helsetilstand eller funksjonsnedsetjing som, i eit samspel med omgivnadene, inneber at personen ikkje aleine kan ivareta sine interesser og treng bistand frå ei verje. Departementet foreslår også å endre

«sinnslidelse, herunder demens, eller alvorlig svekket helbred» i § 78 om framtidfullmakter ved at det i staden blir vist til tilstandsvilkåret i § 20. Samanlikna med gjeldande rett vil også funksjonsnedsetjing, rusmiddelmissbruk og alvorleg spelavhengnad vere omfatta, men tilstandsvilkåret må sjåast i lys av vilkåret om at personen ikkje *lenger* er i stand til å ivareta sine økonomiske interesser eller interesser innan dei områda som er omfatta av ei eventuell fullmakt. Føresegna i § 78 forutset eit funksjonsfall, jf. formuleringa «ikke lenger er i stand». Det inneber at ei funksjonsnedsetjing, rus- eller spelavhengnad i seg sjølv ikkje kan gi grunnlag for at ei framtidfullmakt trer i kraft – det må ha skjedd ei utvikling i helsetilstanden. Personen må på tidspunktet for utarbeidinga av fullmakta ha hatt evne til å gi ei gyldig fullmakt. Som etter gjeldande rett vil ei totalvurdering av personen sitt støttebehov stå sentralt ved den nærmare vurderinga av om fullmakta har tredd i kraft.

Også § 94 om nærstående sin representasjonsrett brukar «sinnslidelse, herunder demens, eller alvorlig svekket helbred». Departementet foreslår at dette blir endra til «reduert helsetilstand». Rusmiddelmissbruk vil kunne gi grunnlag for representasjon etter § 94 på den same måten som etter § 78 og § 20. Spelavhengnad kan departementet derimot ikkje sjå at bør kunne gi grunnlag for representasjonsrett for dei nærstående etter § 94.

6 Forvaltning av finansielle eigedelar

6.1 Sjølvråderetten ved forvaltning av finansielle eigedelar

6.1.1 Gjeldande rett

Verjemålslova kapittel 7 har reglar om forvaltning av dei finansielle eigedelane til personar som har verje. Prop. 141 L (2021-2022) beskriv hovudregelen om forvaltning av finansielle eigedelar slik på side 78:

«Hovedregelen etter vergemålsloven § 48 første ledd er at finansielle eiendeler som eies av en person med verge, skal forvaltes av statsforvalteren. I vergemålsloven § 51 er det gitt regler om hvordan statsforvalteren skal forvalte disse eiendelene. Det følger av første ledd at de finansielle eiendelene om nødvendig skal omgjøres til kontante midler, og de skal plasseres som bankinnskudd på individuelle konti i bank. Den sentrale vergemålsmyndigheten skal etter § 51 annet ledd forhandle om innskuddsvilkårene på vegne av statsforvalteren og fastsetter hvilke finansinstitusjoner som skal benyttes for innskuddsformål. Vergen kan velge hvilken av de fastsatte finansinstitusjonene midlene skal plasseres i, og til hvilke fastsatte vilkår innskuddet skal plasseres, jf. vergemålsforskriften § 25 første ledd.»

I praksis kan den som har verje, velje mellom eit utval bankkontoprodukt frå forskjellige bankar. Blant produkta er konto med flytande rente utan binding, flytande rente med meldingsfrist, flytande obligasjonsrente (rente som blir justert i takt med NIBOR) og fast rente med bindingstid.

Verjemålslova § 48 første og andre ledd er utforma slik at det går fram at det som utgangspunkt er ein integrert del av det å ha verje at statsforvaltaren forvaltar dei finansielle eigedelane ein eig. Bakgrunnen for at statsforvaltaren skal tilby forvaltning, er at personar som har verje, både mindreårige og vaksne, skal vere sikra ei trygg og god forvaltning, sjå Ot.prp. nr. 110 (2008-2009) side 105. Same sted er det slått fast at det ikkje er eit mål at dei som har verje, «skal stilles vesentlig bedre når det gjelder avkastning av midlene, enn folk flest. En økonomisk nøytral ordning er derfor å foretrekke».

Sjølv om verjemålslova § 48 første ledd slår fast som ein hovudregel at statsforvaltaren skal forvalte dei finansielle eigedelane til personar som har verje, følgjer det av andre ledd at slik forvaltning i utgangspunktet er frivillig: Personar som kan forstå kva eit samtykke til forvaltning inneber, må samtykkje til forvaltninga. For ein person med verje som kan forstå kva eit samtykke inneber og ikkje har fått avgrensa den rettslege handleevna si, er forvaltning av eigedelane hos statsforvaltaren altså berre aktuelt dersom personen sjølv ønskjer det. Det er berre for dei som har fått avgrensa den rettslege handleevna si på det økonomiske området, at midla kan bli tatt til forvaltning utan personen sitt samtykke. Dette følgjer i dag indirekte av § 48 andre ledd, som slår fast at personar som «ikke er fratatt den rettslige handleevnen, må gi samtykke».

I Ot.prp. nr. 110 (2008-2009) på side 115 er det uttalt at det for personar som manglar tilstrekkeleg avgjerdskompetanse

«som regel vil være mer betryggende for vedkommende at [statsforvaltaren] forvalter midlene, enn at vergen gjør det. Hvis den vergetrengende ikke er samtykkekompetent, vil han eller hun normalt ikke selv være i stand til å forvalte midlene. Forvaltning hos [statsforvalteren] synes da å være den beste løsningen for den vergetrengende.»

Det følgjer av verjemålslova § 49 første ledd at dersom dei finansielle eigedelane til personen har ein verdi som er lågare enn eit beløp som er fastsett i forskrift, er det i staden verja som skal forvalte eigedelane. Beløpsgrensa er i forskrifta til verjemålslova i dag sett til to gongar grunnbeløpet i Folketrygda. Om særlege grunnar tilseier det, kan statsforvaltaren la vere å ta middel som overstig den fastsette beløpsgrensa, til forvaltning. Statsforvaltaren kan også, når særlege grunnar tilseier det, ta middel som ligg under den fastsette beløpsgrensa, til forvaltning. For verja gjeld ikkje dei same avgrensingane for forvaltninga som det som gjeld for statsforvaltaren.

Etter § 49 tredje ledd, jf. § 44, er det òg gjort unntak for tilfelle der det er ektefellen eller sambuaren som er verje. Det er då verja som skal forvalte dei finansielle eigedelane. Statsforvaltaren skal etter § 49 andre ledd heller ikkje forvalte midla dersom ein gåvegivar eller arvelatar har bestemt at dei skal bli forvalta på ein annan måte etter reglane i verjemålslova § 95.

6.1.2 Departementet sitt forslag

Departementet vurderer endringar i verjemålslova § 48 for å framheve sjølvrådetretten. Det følgjer allereie av § 48 andre ledd at statsforvaltaren ikkje skal forvalte dei finansielle eigedelane til ein vaksen, avgjerdskompetent person som har verje, dersom personen sjølv ønskjer ei anna forvaltning. Omsynet til sjølvrådetretten kan tale for at det kjem tydelegare fram av lova at personen sjølv kan velje om statsforvaltaren skal forvalte desse eigedelane. Ei slik endring av lova kan kanskje også bidra til at arvelatarar eller gåvegivarar blir meir bevisste på moglegheita for å bestemme over på kva måte arven eller gåva skal bli forvalta, til dømes med sikte på betre avkastning eller for å sikre ein spesiell bruk av midla.

Departementet foreslår derfor ei omarbeiding av føresegna i § 48, slik at det vil gå fram at forvaltning hos statsforvaltaren er eit tilbod, som personen som får oppnemnd verje, kan velje å takke nei til. Der det ikkje er klart grunnlag for å meine noko anna, bør det likevel vere presumsjon for at ein person som ønskjer verjemål, også ønskjer trygg forvaltning gjennom statsforvaltaren si teneste. Departementet legg i utgangspunktet til grunn at i tilfelle der personen ikkje kan gi klart uttrykk for ønska sine, vil det vere praktisk at vurderingstemaet er formulert på den same måten som vurderinga etter § 20 av om personen ønskjer verjemål i det heile. Departementet ber likevel om høyringsinstansane sine syn på om terskelen bør vere lågare for å ta finansielle eigedelar til forvaltning, dersom det først er grunnlag for å opprette eit frivillig verjemål. Eit alternativ kunne vere å fastsetje ein rett til aktivt å seie nei til forvaltning der personen ikkje ønskjer denne tenesta, men slik at utgangspunktet i alminnelege verjemål er at dei finansielle eigedelane blir forvalta av statsforvaltaren.

Ei lovendring på dette punktet vil uansett ikkje endre at den praktiske hovudregelen er at det er statsforvaltaren som forvaltar finansielle eigedelar for personar med verje, og at dette som utgangspunkt er ein integrert del av det å ha verje. Ei synleggjering av at ein har eit val, kan likevel bidra til å styrke sjølvrådetretten, ved at den einskilde blir gjort merksam på retten til å velje sjølv.

Verjemålslova § 95 har reglar om at ein gåvegivar eller arvelatar kan fastsetje at gåva eller arven skal bli forvalta eller brukt på ein bestemt måte. Mellom anna kan givaren eller arvelataren avgjere at den som har verje, sjølv skal rå over gåva eller arven.

I § 95 femte ledd er det ein regel om at verja med samtykke frå statsforvaltaren kan ta frå ein vaksen person med verje rådveldet over middel han eller ho rår over, viss det «vil være åpenbart uheldig for den som har verje» sjølv å styre over midlane. I lys av den gjennomgåande styrkinga av prinsippet om sjølvrådetrett i alminnelege verjemål, foreslår departementet å oppheve denne regelen. For barn går den same regelen fram av § 12 tredje ledd, og denne blir ikkje foreslått endra. For vaksne legg departementet til grunn at reglane om avgrensing av rettsleg handleevne, deriblant § 61 om mellombels avgjerd om slik avgrensing, er tilstrekkeleg til å gi vern i dei aktuelle tilfella. I tilfelle der vilkåra for mellombels

eller varig avgrensing av rettsleg handleevne ikkje er oppfylte, er departementet si foreløpige vurdering at regelen kan skape tvil om rekkevidda av sjølvråderetten i alminnelege verjemål, og derfor bør bli oppheva.

6.2 Særleg om moglegheita for individuelle tilpassingar i forvaltninga

6.2.1 Gjeldande rett

Verjemålslova § 50 første ledd slår fast at statsforvaltaren kan gjere om andre finansielle egedelar enn pengar og bankinnskot til kontante middel. Vidare følgjer det av § 51 første ledd at finansielle egedelar som skal bli forvalta av statsforvaltaren og om nødvendig er gjort om til kontante middel, skal plasserast som bankinnskot på individuelle konti i bank. Den sentrale verjemålsmyndigheita skal forhandle fram innskotsvilkåra. Reglane er resultat av ei nærmare avveging. Det blei vurdert som sentralt at forvaltninga som statsforvaltaren skal stå for, skulle vere trygg og lik uavhengig av kvar i landet ein bur, sjå Ot.prp. nr. 110 (2008-2009) side 105.

Fleirtalet i Verjemålsutvalet tilrådde at midlane skulle bli plasserte i særskilt oppretta fond av private forvaltningsselskap med konsesjon etter verdipapirfondlova. Departementet ønska ikkje ei slik løysing med privat fondsforvaltning. Med tilvising til den uroa kredittkrisa hadde skapt, blei det i Ot.prp. nr. 110 (2008-2009) på side 111 framheva at «trygghet og tillit [er] viktige verdier når man skal vurdere hvordan vergetrengendes midler skal forvaltes». Departementet vurderte det slik at offentleg forvaltning ville gi dei beste forutsetningane for kontroll og dermed reduksjon av risiko. Ein gjekk også inn for at midlane skulle forvaltast individuelt, og at dei skulle plasserast på separate bankkonti.

I Prop. 46 L (2012-2013) på side 20 samanlikna departementet fordelar og ulemper ved forvaltning i offentleg fond med fordelar og ulemper ved løysinga med forvaltning i bank. Departementet konkluderte der med at det ikkje var tilstrekkeleg grunn til å foreslå forvaltning i offentleg fond.

Statsforvaltaren skal som nemnt i punkt 6.1.1 ikkje forvalte finansielle egedelar som ein person med verje har mottatt som arv eller gåve, dersom arvelataren eller givaren har fastsett at dei skal forvaltast på ein særskild måte, jf. verjemålslova § 95. Føresegna gir eit relativt stort spelerom for individuelle tilpassingar i forvaltninga når egedelane skriv seg frå arv eller gåve.

Verjemålslova opnar i enkelte tilfelle for å gjere unntak også når det er statsforvaltaren som i utgangspunktet skal forvalte dei finansielle egedelane.

Som det går fram av punkt 6.1.1, kan statsforvaltaren, «når særlege grunner tilsier det», la vere å ta middel som overstig beløpsgrensa på to gongar grunnbeløpet, til forvaltning.

Verjemålslova § 50 andre ledd fastset at «andre finansielle eiendeler enn penger og bankinnskudd som er av særlig karakter, eller som eieren må antas å ha en særlig tilknytning til» ikkje bør seljast med mindre det er nødvendig ut frå behovet til eigaren. Desse midla skal i så fall bli individuelt forvalta av statsforvaltaren, og statsforvaltaren kan gi ein styrar i oppgåve å forvalte dei mot eit vederlag av avkastninga, jf. § 51 tredje ledd. Nedslagsfeltet for dette unntaket er snevert. Føresegna opnar ikkje for individuelle tilpassingar i forvaltninga ut frå eit ønske om høgare avkastning eller ein annan risikoprofil på investeringar.

Der den som har verje, ønskjer forvaltning hos statsforvaltaren, vil forvaltninga skje etter reglane i verjemålslova kapittel 7. Om personen ikkje ønskjer forvaltning gjennom statsforvaltaren si ordning, er det i utgangspunktet personen sjølv som bestemmer korleis dei finansielle egedelane skal bli forvalta.

6.2.2 Departementet sitt forslag

Statens sivilrettsforvaltning evaluerer for tida forvaltningsordninga vi har i dag. Departementet vil vente på resultatet av dette arbeidet før ein eventuelt vurderer meir omfattande endringar. På grunn av tilbakemeldingar om at det bør vere større moglegheit for individuelle tilpassingar innanfor den noverande ordninga, vurderer departementet likevel endringar som gir grunnlag for unntak frå forvaltning hos statsforvaltaren i nokre fleire tilfelle enn i dag. Innvendingane mot løysinga med plassering i bank er at dette kan gi låg avkastning samanlikna med andre måtar å forvalte midla på. Det er først og fremst når det gjeld barn, og i tilfelle der den rettslege handleevna er avgrensa eller personen ikkje kan forstå kva eit samtykke til forvaltning inneber, at det kan vere behov for ei slik vidare åtgang til å gjere unntak. I andre tilfelle er det personen sjølv som bestemmer om statsforvaltaren skal forvalte midla.

Etter det departementet er kjent med, blir verjemålslova § 49 første ledd andre punktum om at statsforvaltaren kan la vere å ta middel til forvaltning om det ligg føre særlege grunnar, praktisert relativt strengt. Spørsmålet er om ein i større grad bør opne for unntak eller klargjere når ei anna forvaltning enn hos statsforvaltaren særleg kan vere aktuell. Ein kan til dømes tenke seg eit barn som har ein formue som ikkje skal brukast på mange år. Plassering på bankkonto, også med fordelaktige vilkår, vil kunne bli oppfatta som ei betydeleg ulempe i slike tilfelle, på grunn av låg forventa avkastning. Samtidig vil plassering i til dømes brede indeksfond med eit langt tidsperspektiv kunne ha låg risiko, særleg der plasseringa og uttaka kan fordelast over ein viss tidsperiode. Det same vil også kunne gjelde andre tilfelle der plasseringa vil vere langvarig. Departementet foreslår ut frå dette ei endring av ordlyden i § 49 slik at vilkåret «særlege grunner» blir endra til «gode grunner» for å markere at det skal noko mindre til enn etter den noverande føresegna for å gjere unntak, så lenge den ønska investeringa ikkje vil vere risikabel. Departementet foreslår samtidig eit vilkår om at ei alternativ forvaltning må vere forsvarleg.

Departementet vil elles peike på at lova ikkje er til hinder for delt forvaltning, slik at verja eller personen sjølv, forvaltar delar av dei finansielle egedelane, mens resten blir forvalta av statsforvaltaren etter reglane i kapittel 7. Både etter gjeldande lov og etter føresegna som er foreslått, kan statsforvaltaren gjere unntak for berre delar av egedelane, slik at statsforvaltaren forvaltar den delen det ikkje er gjort unntak for. For vaksne som etter lova må samtykkje til at statsforvaltaren skal forvalte midla, følgjer det same av at samtykket kan omfatte berre delar av dei finansielle egedelane. Ei slik løysing med delt forvaltning kan til dømes vere aktuell der delar av formuen består av anna enn kontante middel, som kunst, ei hytte som er viktig for personen, samlingar av verdifulle egedelar eller aksjar i familieselskapet, og verja er godt eigna til å forvalte desse egedelane samtidig som at statsforvaltaren kan sørgje for ei føreseieleg og trygg forvaltning av resten av formuen.

7 Åtgang for verja til å kunne utsetje disposisjonar

7.1 Bakgrunn og gjeldande rett

Verjemålslova balanserer omsynet til vern mot omsynet til sjølvrådet for personar som har verje. Det er som hovudregel ulike grunnar til at ein person treng det vernet verjemålsordninga inneber. Samtidig er alminneleg verjemål ei frivillig ordning.

Det følgjer av verjemålslova § 32, jf. § 33 andre ledd, at verja skal støtte den han eller ho er verje for, til å handle i tråd med personen sine egne ønsker. Dette inneber mellom anna at verja ikkje har generell myndigheit til å nekte å gjennomføre ein disposisjon som personen med verje vil gjere, så sant det er mogleg å gjennomføre disposisjonen, til dømes ved at det er pengar på kontoen. Samtidig er det ei sentral plikt for ei verje med eit økonomisk mandat å sørgje for å dekkje utgiftene til den han eller ho er verje for, med vedkommande sine inntekter, jf. § 37 første ledd første punktum.

Personar som har verje, har fullt ut rettsleg handleevne (med mindre handleevna skulle vere avgrensa etter dei særlege reglane i §§ 22 og 61). Dei har den same retten som alle andre til å handle uklokt, men som alle andre må dei òg halde seg til dei grensene som følgjer av eigen økonomi. Verja skal i første rekke gi støtte for å hindre at personen tar ukloke økonomiske avgjerder. Når personen har full rettsleg handleevne, kan ikkje verja overstyre personen og nekte disposisjonar denne har pengar til, sjølv om verja meiner at disposisjonen er uklok eller øydeleggjande for personen si moglegheit til å leve eit godt liv i tråd med sine egne ønske. Om verja ikkje lukkast med å gi støtte slik at personen sjølv forstår konsekvensane av å gjennomføre skadelege disposisjonar, kan verja be statsforvaltaren om å fatte mellombels vedtak om avgrensing av personen si rettslege handleevne etter verjemålslova § 61, og eventuelt ta initiativ til at det blir reist sak for domstolen om ei meir varig avgrensing av handleevna.

I nokre tilfelle har personar som treng støtte av verje, ei slik sårbarheit at kortsiktige ønske og impulsar kan gå ut over meir langsiktige ønske eller planar for dei økonomiske prioriteringane. Til dømes vil ein person som på grunn av psykisk sjukdom tidvis manglar evne til impulsstyring, i augeblinken kunne handle på ein måte som kan vere økonomisk øydeleggjande, eller som kan kome i vegen for andre viktige prioriteringar. Ei slik impulshandling kan òg setje personen ute av stand til å dekkje slikt som kostnadar til bustad eller underhald av barn som personen har ansvaret for. Ofte vil denne typen sårbarheit vere ein av årsakene til at det blir oppretta verjemål, slik at personen kan få bistand til å handsame sin eigen økonomi i samsvar med eiga vilje.

Departementet har under arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av verjemålslova fått tilbakemeldingar om at det kan vere behov for mekanismar som kan bidra til at personar som er særleg sårbare for impulsar kan klare seg med den støtta eit frivillig verjemål kan gi, slik at det ikkje blir nødvendig å gjere inngrep i den rettslege handleevna. Særleg har det blitt peikt på at personar som er avhengige av spel, kan trenge ekstra støtte til å motverke impulshandlingar.

7.2 Departementet sitt forslag

På bakgrunn av tilbakemeldingane departementet har fått i samband med arbeidet med den heilskaplege gjennomgangen av verjemålslova, reiser det seg eit spørsmål om det som ledd i eit frivillig verjemål bør vere mogleg for verja, i ei avgrensa tid og på bestemte vilkår, å utsetje visse disposisjonar dersom personen på førehand har samtykka til ei slik ordning. Ei slik moglegheit kan kanskje bidra til at personen, i tilfelle der det elles kunne vere nødvendig med ei mellombels eller permanent avgrensing av rettsleg handleevne, i staden kan klare seg med eit frivillig verjemål.

Det er særleg personar som har sårbare periodar med impulsivitet eller ukritisk haldning til økonomi, eventuelt påverking frå andre, som kan vere ei mogleg målgruppe for ein slik regel.

Departementet legg til grunn at det er meir unntaksvis at det kan vere aktuelt at verja skal ha åtgang til å utsetje disposisjonar som personen ber om. Eit sentralt utgangspunkt er òg at ei slik ordning må vere frivillig for den som har verje, ettersom eit alminneleg verjemål ikkje gir grunnlag for tvang. Ordninga bør nok derfor berre gjelde der det er avtalt med personen og presisert i verja sitt mandat. Det er godt mogleg ein også bør gå lenger enn dette og krevje at personen tydeleg har gitt uttrykk for eit ønske om ei slik ordning. Om personen har behov for og ønskjer ordninga, kan avklarast i den samtalen saksbehandlaren hos statsforvaltaren skal gjennomføre med personen som ledd i opprettinga av verjemålet etter verjemålslova § 59 første ledd bokstav e.

Personar som typisk vil kunne ønskje ei ordning med at verja skal kunne utsetje disposisjonar, vil nok i hovudsak vere dei som har innsikt i si eiga sårbarheit og

sjølv forstår at det kan vere behov for å skjerme økonomien frå moglege konsekvensar av sårbarheita. Den skisserte ordninga har parallellar til ordninga med framtidsfullmakter, der ein gjennom fullmakta og eventuelle tilleggsavtaler legg føringar for korleis fullmektigen skal handle når ein sjølv ikkje lenger er i stand til å ta avgjerder.

Eit døme på eit tilfelle der det kan vere nyttig at verja har moglegheit til å utsetje disposisjonen, kan vere der ein person med alvorleg spelavhengnad veit at han eller ho vil få innfall om å spele, men at desse innfalla går over. Personen kan då ønskje at verja skal kunne nekte eller utsetje ei utbetaling frå verjekontoen til den brukskontoen personen sjølv har kortet sitt knytt til. Eit anna døme kan vere personar som i periodar slit med rusproblem, og som veit at i desse periodane er det ein fare for at han eller ho vil disponere på ein måte som han eller ho vil angre på seinare.

Er det ein fare for at impulshandlingar i slike sårbare periodar kan føre til alvorlege konsekvensar som at bustaden går tapt, eller at personen ikkje er i stand til å ivareta omsorgsevna si, vil i dag den einaste moglege løysinga gjerne vere at verja må be statsforvaltaren om å fatte eit mellombels vedtak om avgrensing av rettsleg handleevne, jf. verjemålslova § 61. Ein moglegheit for verja til å utsetje den økonomisk øydeleggjande disposisjonen kan då vere eit mindre inngripande tiltak.

Det er også andre sårbarheiter enn spelavhengnad og rus som kan aktualisera eit behov for ei ordning med at verja kan utsetje disposisjonar som han eller ho er bedd om å gjennomføre. Rettspraksis viser at det er fleire ulike typesituasjonar der personar som i utgangspunktet kanskje ønskjer frivillig verjemål, i periodar ikkje får godt nok vern gjennom eit alminneleg verjemål. Det kan vere der personen har forskjellige åtferdsmønster som følgje av til dømes bipolar lidning, eller der personen er utsett for økonomisk utnytting. Departementet viser til Agder lagmannsrett sin dom i LA-2023-77683, Borgarting lagmannsrett sin dom i LB-2016-138857 og Frostating lagmannsrett sin dom i LF-2023-192010 som døme på dette.

Departementet viser elles til at dersom andre personar står for ei uheldig påverking av personen, kan ein åtgang for verja til å utsetje disposisjonar også vere ei form for tryggingmekanisme som kan hindre misbruk, slik CRPD-konvensjonen artikkel 12 nr. 4 pålegg statane å sikre, og åtgangen kan vere med på å førebyggje at det blir nødvendig å avgrense den rettslege handleevna. Departementet viser til at både sivilt samfunn og organ som Noregs institusjon for menneskerettar og Likestillings- og diskrimineringsombodet har framheva behovet for tiltak som gjer at det i mindre grad vil vere nødvendig å avgrense den rettslege handleevna til personar, sjå til dømes sistnemnde sin rapport *Retten til selvbestemmelse* (2021) på side 63.

Det er mogleg at ein også med grunnlag i avtale mellom personen og verja kan etablere ei ordning med at verja skal utsetje visse disposisjonar, og at det slik sett

ikkje er nødvendig med ei føresegn om dette i lova. Lovregulering kan likevel dekkje eit behov. Ei avtale vil kunne vere mindre robust enn ei ordning som følgjer av mandatet til verja, og som statsforvaltaren er kjent med og kan føre tilsyn med. I dei periodane der personen vil kunne ha problem med å halde igjen mot impulshandlingar, er det lett å sjå føre seg at han eller ho vil ønskje å gå frå den tidlegare viljeserklæringa. I ein slik situasjon kan det reise seg spørsmål om ei avtalebasert ordning framleis er verksam. Departementet antar at det å fastsetje ei slik ordning i mandatet, med heimel i lov og den kontrollen frå statsforvaltaren som høyrer med det, kan gi eit ekstra hinder for personen til å gjere om på ordninga i ein impulsstyrt periode. Ei lovregulert ordning kan også gjere verja tryggare på at han eller ho skal halde fast ved det personen opphavleg har ønskt at skal gjelde.

7.3 Særleg om omsynet til sjølvråderetten ved utforminga av føresegna

Komitéen for rettane til menneske med nedsett funksjonsevne ga 7. mai 2019 avsluttande merknader til Noregs første rapport etter konvensjonens artikkel 35. Komitéen uttrykte bekymring over at «[o]rdningar der beslutningar blir tatt på vegne av personen», ennå ikkje har «blitt erstattet av ordningar som støtter den enkeltes vilje».

Komitéen anbefalte at Noreg:

«Vurderer systematiske regelendringar slik at vergemål og alle andre former for beslutningstaking på andres vegne erstattes av ordningar som støtter den enkelte vilje for alle personer med funksjonsnedsettelse uavhengig av personens behov for støtte.»

Spesialrapportøren for CRPD besøkte Noreg i oktober 2019. I sin rapport viste spesialrapportøren i punkt 72 til at verjemandata ofte var «general and broad» og ikkje i tilstrekkeleg grad «tailored to specific circumstances», jf. også CRPD-konvensjonen artikkel 12 nr. 4.

CRPD-konvensjonen opnar for tiltak som gjeld utøvinga av rettsleg handleevne, men krev formålstenlege og effektive mekanismar for å hindre misbruk, jf. artikkel 12 nr. 4. Ved å gjere det mogleg å samtykkje til ei ordning med at verja skal kunne utsetje ein disposisjon, legg ein til rette ei slik tilpassing basert på behova personen sjølv opplever å ha, ut frå personen si eiga sårbarheit. Samtidig meiner departementet at ordninga også vil kunne utformast på ein måte som støtter personen si eiga vilje.

Ved å fastsetje ein avgrensa åtgang, markerer ein samtidig at det ikkje er åtgang til å ta inn føresegner i mandatet om utsetjing ut over det føresegna opnar for. Løysinga kan etter departementet sitt syn slik bidra til å styrke sjølvråderetten til personar som treng støtte av ei verje.

7.4 Skisse til ei nærare utforming av føresegna

Ei skisse til ei føresegn om utsett iverksetjing er tatt inn som § 21 a i lovforslaget. Departementet ønskjer høyringsinstansane sine syn på om ein bør ha ei slik føresegn i verjemålslova. Departementet ønskjer også høyringsinstansane sine tilbakemeldingar på den nærare utforminga av føresegna.

Ein sentral føresetnad er som nemnt at personen sjølv må ønskje ordninga med at verja skal kunne utsetje visse disposisjonar. Dette er grunnleggjande, idet alminneleg verjemål er frivillig. Der personen ikkje ønskjer det, skal ikkje ein åtgang til utsett iverksetjing tas inn i mandatet. Departementet foreslår at det skal gå fram av lovteksten at ei føresegn om dette berre kan vere med i mandatet «hvis personen uttrykkelig har ønsket det». Det vil med andre ord ikkje vere tilstrekkeleg med eit passivt samtykke eller at personen blir spurt om ei slik ordning og berre svarer «ja». Det må komme tydeleg fram at personen har forstått, vurdert og ønskjer ei slik ordning for seg.

Dette inneber at personen må vere avgjerdskompetent og dermed ha evne til å forstå kva ei slik ordning vil gå ut på, og også kunne formidle eit ønske om denne ordninga. Statsforvaltaren kan med andre ord ikkje basere eit samtykke til ordninga berre på ei tolking av personen si vilje og preferansar slik § 20 andre ledd andre og tredje punktum legg opp til når det gjeld andre element i verjemålet.

Departementet foreslår vidare at verja berre kan utsetje disposisjonen dersom han «er i strid med det personen ellers klart har formidlet som sine ønsker, eller disposisjonen vil være til alvorlig skade for personens interesser». I tillegg til denne avgrensinga foreslår departementet eit krav om at vilkåra for at verja skal kunne utsetje ein disposisjon, må gå fram av mandatet.

Kor lenge verja skal kunne utsetje disposisjonen, må også gå fram av mandatet. I tillegg er det i lovforslaget tatt inn ei ytre grense ved at utsetjinga ikkje kan vere lenger «enn det som er rimelig og nødvendig ut fra disposisjonens art og betydningen den har for personen».

Eit eige spørsmål er kva som bør gjelde om personen ønskjer å trekkje tilbake samtykket. I og med at eit alminneleg verjemål er frivillig, må statsforvaltaren oppheve eller endre verjemålet dersom personen trekkjer samtykket til verjemålet eller krev endringar i mandatet, jf. verjemålslova § 63. Men når mandatet går ut på at verja skal kunne utsetje disposisjonar for å hindre impulshandlingar som er i strid med meir langsiktige ønske eller planar, er det ein fare for at samtykket kan bli trekt nettopp under slike omstende som føresegna i mandatet er meint for. Skal ei føresegn i mandatet om åtgang til å utsetje visse disposisjonar gi god mening og eit tilstrekkeleg vern mot dei impulsane personen ønskjer å tryggje seg mot, bør det nok ikkje vere fritt fram for personen til å kunne trekkje tilbake samtykket i dei periodane føresegna tar sikte på. Departementet foreslår eit utgangspunkt om at samtykket når som helst kan trekkjast, men likevel slik at det ikkje skal reknast som trekt om verjemålsmyndigheita ut frå den beste tolkinga av personen si vilje

og preferansar må leggje til grunn at det er personen sitt ønske at føresegna skal gjelde.

8 Tilgang til digital identifikasjon for mindreårige

8.1 Gjeldande rett

Utgangspunktet etter verjemålslova er at barn – mindreårige under 18 år - ikkje har rettsleg handleevne. Mindreårige kan etter verjemålslova § 9 ikkje foreta rettslege handlingar eller rå over midlane sine med mindre noko anna er særleg fastsett. Barn kan altså i utgangspunktet ikkje binde seg til avtaler eller gjere økonomiske disposisjonar utan medverknad frå verja eller verjene, som handlar på den mindreårige sine vegner.

Det følgjer av verjemålslova § 16 at verje for ein mindreårig er den som har foreldreansvar etter reglane i barnelova, og som er myndig. Det er verjene som handlar og tar avgjerder på den mindreårige sine vegner på dei områda som er omfatta av verjeansvaret. For barn gjeld det i hovudsak i økonomiske tilhøve, jf. barnelova § 30 fjerde ledd, men også i andre samanhengar legg lovgivinga kompetanse til verja, som i saker etter prosessregelverket og forvaltningslova. Så sant foreldre er i live, har foreldreansvaret og ikkje er fritatt frå eller fråtatt verjeansvaret, er det som utgangspunkt foreldre som er barnet sine verjer, og som har kompetanse til å inngå avtaler og ta avgjerder på barnet sine vegner etter reglane i verjemålslova §§ 16 til 18. Når barnet har to foreldreverjer, er utgangspunktet er at dei handlar saman. Om dei ikkje blir einige, fattar statsforvaltaren avgjerda, jf. § 18 første ledd. Under i punkt 9 vurderer departementet desse reglane nærmare.

Frå utgangspunktet om at verja eller verjene handlar for barnet i økonomiske tilhøve og der det elles er verjene som har kompetanse etter lovgivinga, gjeld det fleire unntak. Overordna er det òg eit skilje mellom mindreårige over og under 15 år, der barn over 15 år kan fatte nokre fleire avgjerder sjølv. Barn over 16 år er helserettsleg myndige og skal sjølv samtykkje til helsehjelp, jf. pasient- og brukarrettslova § 4-3. Det er fleire reglar i særlovgivinga som gir barn (avgrensa) åtgang til å representere seg sjølv der det elles ville ha vore nødvendig med representasjon anten av verje eller forelder med foreldreansvar, til dømes på helserettsområdet, i prosessregelverket og på nokre område etter forvaltningslova. I tillegg gir verjemålslova §§ 10 til 13 reglar om mindreårige sin rett til å inngå arbeidsavtaler sjølv, til å drive nærmare definert næring etter samtykke frå verja og statsforvaltaren, til å rå over middel den mindreårige har fått til fri rådighet eller tent sjølv, og til å gjere vanlege disposisjonar dersom den mindreårige har eige hushald eller barn.

Barn over 15 år kan òg inngå avtale om konto og kort for middel ho eller han har rett til å rå over sjølv, etter reglane i finansavtalelova § 4-52. Vidare følgjer det av

finansavtalelova § 4-52 andre ledd at ei verje aleine kan inngå kontoavtale i barnet sitt namn, utan at den andre verja treng å samtykkje.

Finansavtaleforskrifta § 4-2, som tredde i kraft 1. januar 2023, gir barnevernet kompetanse til å inngå kontoavtale og avtaler om betalingstenester for barn det er fatta vedtak om omsorgsovertaking for etter barnevernslova. Føresegna gir åtgang til å gi den mindreårige rett til å disponere over konto som er oppretta i barnet sitt namn, for middel barnet har rett til å rå over etter reglane i verjemålslova. Barnevernet kan delegere kompetansen vidare til barnet sine fosterforeldre etter tredje ledd i føresegna. Barnevernet eller fosterforeldra kan ikkje opprette konto for barn som har fått oppnemnt verje. I slike tilfelle gjeld dei vanlege reglane om at verja har avtalekompetanse på barnet sine vegner.

Verjemålslova opnar i dag ikkje for at verja eller statsforvaltaren kan gi den mindreårige fullmakt til å inngå andre typar avtaler, men verja kan gi den mindreårige fullmakter etter reglane i avtalelova. Til dømes kan ein mindreårig gjennom fullmakt ha kompetanse til å rå over andre personar sine middel som fullmektig. Kompetansen følgjer i tilfelle av fullmakta.

For at mindreårige skal kunne handle, for seg sjølv eller andre, må dei ofte kunne legitimere seg. Mindreårige over 13 år kan sjølv få nasjonalt ID-kort utan reiserett, jf. ID-kortloven § 4 andre ledd. Samtykke frå verjene – som hovudregel foreldra – er det krav om for både pass og ID-kort med reiserett for alle under 18 år.

For full tilgang til banktenester som nettbank, mobilbetaling og liknande, og også mange andre tenester, vil barn i praksis gjerne i tillegg trengje tilgang til digital identifikasjon, som BankID. BankID er ei digital legitimasjons- og signeringsløysning med høgt sikkerheitsnivå, som i praksis blir brukt for å gi tilgang til digitale tenester både frå offentlege instansar og private, inkludert plattformar som Helsenorge. Løysinga er privateigd og drifta av Bits AS, finansnæringa sitt infrastrukturselskap. BankID er regulert av lov 15. juni 2018 nr. 44 om elektroniske tillitstenester og forskrifter. Denne lova gjennomfører mellom anna EU-forordning nr. 910/2014 av 23. juli 2014 om elektronisk identifikasjon og tillitstenester for elektroniske transaksjonar i den indre marknaden. Mellom selskapa som skriv ut BankID, Bits AS og Finans Norge, gjeld det multilaterale avtaleverket «Regler om BankID». Det er Bits AS som forvaltar regelverket, som mellom anna regulerer kven som kan få BankID. Det følgjer av desse reglane punkt 4.4 at personar over 13 år kan få BankID, men føresetnaden er at den som skriv ut BankID, «innhente[r] nødvendige samtykker ihht. vergemålsloven».

Fordi avtale om BankID ikkje er ei finansavtale, men ei avtale om elektronisk legitimasjon og elektronisk identitet, som blir nytta til ei rekke andre formål enn finansavtaler, er det dei alminnelege reglane om mindreårige sin åtgang til å inngå avtaler som gjeld. Dermed trengs i utgangspunktet samtykke frå begge verjene for at et barn med to verjer skal kunne få BankID.

8.2 Utfordringar ved manglande tilgang til digital identifikasjon

Departementet har over tid mottatt fleire innspel om at manglande tilgang til digital identifikasjon skapar problem for ein del barn. Årsaka til at nokre barn ikkje får digital identifikasjon som BankID er at verja – som hovudregel begge verjene der barnet har to foreldreverjer – som nemnt over må medverke til å inngå avtale om dette.

Når ei av verjene til dømes er fråverande, det er konflikt mellom foreldra, eller barnet ikkje bur saman med dei, kan det vere vanskeleg å få samtykke frå begge verjene. Dette kan gjelde sjølv om kanskje ingen av foreldra har ei bevisst haldning til at barnet ikkje *bør* ha digital identifikasjon.

Meir generelt kan ein hevde at reglane om mindreårige si rettslege handleevne ikkje er godt nok tilpassa eit så digitalisert samfunn som vi har i dag. Som det går fram av punkt 6.2, gir føresegnene i verjemålslova §§ 10 til 13 mindreårige som har fylt 15 år, rett til å rå over nokre nærmare definerte eigedelar og til å fatte nokre typar avgjerder, som å inngå arbeidsavtale og skaffe seg konto og kort. For å kunne hevde ein del av rettane sine digitalt, og til dømes nytte eit kort ein har rett til å bruke, også til digital betaling, må ein likevel kunne identifisere seg. I ein del samanhengar er ein i praksis avhengig av å ha BankID. For å få BankID må ein godta vilkåra og inngå ei avtale – og mindreårige kan i utgangspunktet ikkje inngå avtaler utan at verjene medverkar til det.

Departementet har fått innspel om at ein bør vurdere om mindreårige bør kunne inngå avtaler om elektronisk identifikasjon og til dømes digitale betalingstenester, som Vipps, frå fylte 15 år, eventuelt om det bør innførast andre særreglar for å løyse dei problema som er nemnt over.

8.3 Departementet sitt forslag

Den mest vanlege forma for digital identifikasjon i dag er BankID. Dette er ei privat løysing regulert av reglar som Bits og Finans Norge har ansvaret for. Lovgivarane kan ikkje utan vidare fastsetje kva for nokre grupper som skal ha tilgang til denne spesifikke løysinga. Tilgang til BankID krev at ein kan samtykkje til og overhalde avtalen om BankID, mellom anna at ein ikkje skal dele passordet med andre.

Nokre foreldre ønskjer at barna deira skal ha tilgang til verktøy som mobile betalingstenester (til dømes Vipps), kunne logge inn i nettbank og bruke andre verktøy som krev at ein loggar inn med BankID – andre foreldre ønskjer det ikkje. Staten bør i utgangspunktet ikkje gripe for langt inn i desse avgjerdene.

Like fullt er det uheldig om nokre barn opplever eit digitalt utanforskap utan at det er grunna i eit gjennomtenkt val frå foreldra si side. Dei praktiske utfordringane ved å mangle tilgang til elektronisk ID kan vere mange, og omsynet til barna –

særleg dei som er i ein alder der dei elles bestemmer mykje sjølv – tilseier at det trengs ei praktikabel løysing.

Ut frå tilbakemeldingar departementet har fått over tid, kan det verke som at manglande tilgang til BankID særleg kan vere eit problem for nokre grupper mindreårige: Det gjeld barn som av ulike grunnar ikkje har kontakt med ein av foreldra, og denne forelderen har foreldreansvar og dermed verjeansvar, barn med foreldre som er i konflikt med kvarandre av andre grunnar, og barn som bur i fosterheim eller på barnevernsinstitusjon.

Departementet er i tvil om kva som vil vere den beste løysinga i desse tilfella. Ein modell kan vere å gi barnevernet fullmakt til å inngå avtale om oppretting av digital identifikasjon for barn som bur i fosterheim, slik barnevernet har fått fullmakt til å ordne med oppretting av konto og tilgang til kort etter forskrifta til finansavtalelova. Ei slik ordning løyser likevel ikkje problemet for barn som ikkje er under barnevernet si omsorg. Departementet tar utgangspunkt i at generelle reglar som regulerer flest mogleg av dei aktuelle tilfella, vil vere det enklaste for verjene, myndighetene og dei næringsdrivande som eventuelt skal administrere tilgangen til digital identifikasjon.

Ei mogleg løysing er å opne for at barn over ein viss alder kan inngå denne typen avtaler aleine, utan at verja treng å medverke. Det vil vere enkelt å praktisere, og for desse barna vil det ikkje kunne valde tvil om dei har åtgang til å inngå avtala, så lenge ein har sikkerheit for barnet sin alder. For finansføretak, som har tilgang til folkeregisteret, antar departementet at dette vil vere uproblematisk så lenge barnet har ein annan form for identifikasjon. Om ein skal ha ein slik regel, bør den vere lik for alle barn.

Departementet legg til grunn at regelen bør vere avgrensa til å gjelde avtaler om digital identifikasjon, slik som BankID. Med tilgang til denne tenesta vil barnet kunne identifisere seg og signere avtaler digitalt. Departementet vil samtidig understreke at ein slik regel ikkje vil bety at barnet får ein utvida kompetanse til å inngå andre avtaler på nettet. Reglane om mindreårige si rettslege handleevne i verjemålslova vil gjelde på vanleg måte for dei disposisjonane barnet vil bruke den digitale identifikasjonen til. At den mindreårige er utstyrt med BankID eller tilsvarande, inneber med andre ord ikkje at han eller ho vil kunne handle eller gjere andre rettslege disposisjonar på nettet i større omfang enn det som gjeld elles. Også for rettslege disposisjonar på nettet (ved bruk av BankID eller liknande) er utgangspunktet at den mindreårige ikkje kan handle sjølv. Han eller ho vil likevel kunne ha kompetanse etter unntaksreglane i verjemålslova eller særlovgivinga. Eit praktisk viktig unntak både ved kjøp på internett og kjøp elles er retten for den mindreårige til å rå over middel som han eller ho har fått til fri rådigheit eller tent sjølv etter verjemålslova § 12. Den mindreårige vil som elles også kunne vere legitimert etter regelen i verjemålslova § 14 første ledd om «penger som han eller hun har i sin besittelse». Ifølgje forarbeida gjeld denne

føresegna ikkje berre kontantar, men også betalingskort utan kredittlement når kortet lyder på namnet til den mindreårige (Ot.prp. nr. 110 (2008-2009) side 174).

Departementet ønskjer særleg innspel frå høyringsinstansane på aldersgrensa dersom ein skal ha ein regel om at barn skal kunne inngå avtaler om digital identifikasjon. For annan legitimasjon er det i dag ulike aldersgrenser: Barn under 18 år kan ifølge passlova § 4 første ledd ikkje få pass utan samtykke frå den eller dei som har foreldreansvaret, eventuelt barnevernet. Det same gjeld for nasjonalt ID-kort med reiserett, jf. ID-kortlova § 4 første ledd. ID-kort utan reiserett kan likevel mindreårige over 13 år få utan at verjene gir samtykke, jf. ID-kortlova § 4 andre ledd. Ettersom digital identifikasjon som nemnt berre er eit verktøy for digital legitimasjon og signering, slår ikkje dei same omsyna som for pass og ID-kort med reiserett til. Samtidig inneber avtala om digital identifikasjon nokre plikter, til dømes plikter for å hindre misbruk, som ein kan meine at barn bør vere over ein viss alder for å ta stilling til. Det at digital identifikasjon gir sikker identifikasjon, med opplysning om alderen til den som legitimerer seg, gjer på den andre sida at kontraktspartar kan unngå å inngå avtaler med barn som er for unge til å binde seg.

Departementet foreslår ei aldersgrense på 15 år. Ei grense på 15 år svarer til grensa for barn sin åtgang til å inngå arbeidsavtaler sjølv etter verjemålslova § 10, drive næring etter samtykke frå statsforvaltaren etter § 11, og rå over middel han eller ho har tent på eiga verksemd, jf. § 12. 15 år er også aldersgrensa etter finansavtalelova § 4-52 om åtgangen til å inngå avtale om konto og kort for middel den mindreårige har rett til å rå over sjølv.

Ei føresegn om at mindreårige over 15 år sjølv kan inngå avtale om digital identifikasjon er inntatt i lovforslaget som nytt andre ledd i verjemålslova § 10. Departementet ber om høyringsinstansane sine syn på om ein i det heile bør opne for at barn sjølv kan inngå slike avtaler, og syn på kva slags aldersgrense ein i tilfelle bør ha.

9 Varig eller mellombels opphøyr av verjeansvaret for barn

9.1 Gjeldande rett

9.1.1 Reglane i verjemålslova

Utgangspunktet etter verjemålslova § 16 første punktum er at verjeansvaret for den mindreårige ligg til den eller dei som har foreldreansvaret etter barnelova. Andre punktum gir statsforvaltaren plikt til å oppnemne ei ny eller mellombels verje der den mindreårige er «uten fungerende verge». I tillegg til å omfatte tilfelle der verja er død eller ikkje til stades, peiker ordlyden på at ein skal foreta ei vurdering av den noverande verja si evne til å fungere som verje for den mindreårige. I Ot.prp.

nr. 110 (2008–2009) på s. 174 heiter det at føresegna omfattar tilfelle der verja er «ute av stand» til å fungere som verje. Kva som nærare ligg i dette vilkåret, kan valde tvil. I spesialmerknaden til føresegna (Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) s. 174) er følgjande lagt til grunn:

«Dette kan være tilfellet for eksempel fordi begge foreldrene er døde, forsvunnet eller er mindreårige. Se også § 19 om fratakelse av eller fritak fra vergeoppgaven. Bestemmelsen omfatter også tilfeller der barnet er uten verge fordi enevergen eller begge vergene midlertidig er ute av stand til å fungere som verger, for eksempel på grunn av sykdom. I så fall skal det oppnevnes en midlertidig verge.»

Føresegna må sjåast i samanheng med at etter § 19 er det berre retten som har kompetanse til å ta frå ein forelder verjeansvaret. Statsforvaltaren kan altså ikkje oppnemne ei ny verje til erstatning for ei verje som skjøttar ansvaret dårleg – då må ein eventuelt gå til sak for å ta frå verja verjeansvaret.

I verjemålslova § 18 tredje ledd heiter det vidare at viss ei av verjene ikkje kan «ivareta den mindreåriges interesser» for ei viss tid eller i visse saker, har statsforvaltaren høve til å avgjere at den andre verja skal ha oppgåva som verje aleine. Føresegna skil seg frå verjemålslova § 16 andre punktum ved at ho ikkje gir plikt til å gripe inn. Dessutan gjeld ho etter ordlyden berre tilfelle der barnet har ei anna fungerande verje, og inneber ikkje at det blir oppnemnt ei ny verje i tillegg til denne.

Der særlege grunnar gjer seg gjeldande, kan statsforvaltaren heilt eller delvis frita ein forelder som ber om det, frå verjeansvaret, jf. § 19 tredje ledd. I merknaden til denne føresegna er det vist til at til dømes avhengnad av spel, som gjer forelderen uskikka til å styre barnet sin økonomi, kan vere eit slikt særleg forhold. I Ot.prp. nr. 110 (2008-2009) viste departementet til at Skedsmo overformynderi i høyringa etterspurde ei føresegn som ville fange opp tilfelle der verja ikkje ønskjer å ivareta den mindreårige sine interesser. Om dette uttalte departementet følgjande på side 37 i proposisjonen:

«D e p a r t e m e n t e t er kommet til at det ikke er ønskelig med en slik regel. Vergemål er et lovpålagt ansvar for foreldre med foreldreansvar for barn under 18 år. Departementet mener det vil være uheldig om en verge skal kunne be seg fritatt fra et slikt ansvar. En interessekonflikt mellom vergen og den mindreårige vil løses av habilitetsreglene i lovforslaget § 34. For det tilfellet at vergen faktisk ikke er i stand til å utøve vergemålet, vil reglene i lovforslaget § 18 tredje ledd gjelde.»

Føresegnene i §§ 16 og 18, som gjeld statsforvaltaren sitt høve til å gripe inn i verjemål for mindreårige, heng saman med verjemålslova § 19. Denne føresegna gir domstolane høve til å ta verjeansvaret frå ein som har foreldreansvar. Ei slik avgjerd kan verke sterkt inngripande, og omsynet til rettstryggleik taler for domstolshandsaming. For at domstolen skal ta frå ein forelder verjeansvaret, må statsforvaltaren eller den andre verja ha kravd det, og det må vere til det beste for den mindreårige. Kva som i det konkrete tilfellet vil vere til det beste for barnet, må ein vurdere i lys av menneskerettslege plikter. I Ot.prp. nr. 110 (2008–2009) på

side 37 er høgt konfliktnivå mellom foreldra nemnt som eit døme på tilfelle som kan tilseie at det er til det beste for barnet at den eine forelderen blir fråtatt verjeansvaret.

9.1.2 Menneskerettslege plikter

Mellombels og varig opphøyr av verjeansvaret for eigne barn reiser spørsmål om menneskerettane til både mindreårige og foreldra deira.

Særleg tre konvensjonar står sentralt for mindreårige sine menneskerettar i spørsmål om å ta frå foreldra oppgåva som verje. Desse er FN-konvensjonen om barn sine rettar (barnekonvensjonen), Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK) og FNs konvensjon om sivile og politiske rettar (SP), som alle er alle inkorporerte i norsk rett gjennom menneskerettslova § 2 og har forrang framfor anna lovgiving ved motstrid etter § 3.

Grunnlova § 102, som skal bli tolka i lys av dei folkerettslege pliktene som følgjer av mellom anna EMK artikkel 8 og SP artikkel 17, gir alle, både barn og vaksne, rett til respekt for privatlivet og familielivet. Staten kan berre gripe inn i privatlivet og familielivet når det har heimel i lov, følgjer eit legitimt føremål og er nødvendig i eit demokratisk samfunn. Grunnlova § 104 fastset vidare at barn har krav på respekt for menneskeverdet sitt, at barnet sitt beste er eit grunnleggjande omsyn ved alle avgjerder om barn, og at staten skal «leggje til rette for utviklinga til barnet og mellom anna sjå til at det får den økonomiske, sosiale og helsemessige tryggleiken som det treng, helst i sin eigen familie».

Menneskerettsdomstolen har slått fast at det å ta frå nokon foreldreansvar er eit inngrep i foreldra sin rett til familieliv. Domstolen har uttalt at i tilfelle der det er motstrid mellom foreldra sin rett til familieliv og omsynet til det beste for barnet må statane foreta ei rimeleg avveging av interessene. Omsynet til barnet har særskilt vekt, og kan gå framfor omsynet til foreldra. Generelt er det til det beste for barnet å oppretthalde band til familien, fordi brot med foreldra inneber at ein fjernar barnet frå røtene sine. Ein kan derfor berre ta frå ein forelder foreldreansvaret i særleg ekstraordinære tilfelle («very exceptional circumstances»).

Departementet legg til grunn at desse synspunkta har relevans også for opphøyr av verjeansvaret. Foreldreansvaret skil seg rett nok frå verjeansvaret når det gjeld arten av avgjerder som er omfatta. Foreldreansvaret inneber etter barnelova § 30 rett og plikt til å ta avgjerder i personlege tilhøve, og gi forsvarleg oppseding og forsyting, medan verjeansvaret først og fremst omfattar retten til å ta avgjerder for barnet i økonomiske tilhøve og til å disponere rettsleg. Men også eit opphøyr av verjeansvaret kan bli opplevd som svært inngripande for ein forelder, og etter departementet si vurdering bør terskelen i alle fall for varig opphøyr av verjeansvaret ligge relativt høgt.

9.2 Departementet sitt forslag

I tilfelle der foreldra ikkje er i stand til å utøve verjeansvaret og til å fatte gode avgjerder for barnet, kan det vere behov for at barnet får ei midlertidig verje, eventuelt at ein av foreldra skjøttar verjeansvaret aleine. Dette kan til dømes vere fordi foreldra er i konflikt og samarbeidet har låst seg, eller fordi ein av eller begge foreldra slit med rus eller helsemessige utfordringar. Som nemnt i punkt 8 kan det også vere eit problem at foreldra ikkje medverkar til at barnet får tilgang til tenester eller digitale arenaer på lik linje med andre barn. Denne problemstillinga kan oppstå til dømes der barnet er i fosterheim, eller der berre ein av to foreldre har dagleg omsorg. Departementet har fått tilbakemeldingar som tydar på at det er sjeldan at ein forelder mellombels blir fråtatt verjeansvaret eller det blir oppnemnt setteverje i slike tilfelle, idet vilkåra i verjemålslova §§ 16 og 18 blir tolka strengt.

I slike tilfelle kan det vere eit behov for at statsforvaltaren kan bidra til å løyse situasjonen utan at det utgjer eit for stort inngrep. Departementet vurderer ut frå dette ei tydeleggjering av reglane i §§ 16 og 18 slik at dei kan bli praktisert meir effektivt. Departementet foreslår derimot ikkje endringar i reglane om opphøyr av verjeansvaret. Det bør etter departementet sitt syn framleis vere slik at det berre er retten som kan ta frå ein forelder verjeansvaret.

Departementet foreslår ei justering av vilkåra i § 18 tredje ledd for når statsforvaltaren kan avgjere at den eine verja skal ha ansvaret som verje aleine for ei tid eller i visse saker. Statsforvaltaren vil etter forslaget kunne gjere dette «dersom det vil være til barnets beste og den andre vergen er ute av stand til å ivareta den mindreåriges interesser». Justeringa i ordlyden, frå at verja ikkje «kan», til at han eller ho ikkje er i «stand til», er meint å reflektere at det ikkje berre er når verja til dømes er inhabil eller heilt fråverande at det kan vere aktuelt å fatte slik avgjerd, men òg der ein foreldreverje reint faktisk ikkje klarer å skjømte ansvaret sitt som verje.

Departementet foreslår ei tilsvarande justering av ordlyden i § 16. Vilåret for å oppnemne ei setteverje etter føresegna i dag er at barnet er «uten fungerende verge». Kriteriet «fungerande» er enkelt å vurdere der verja er død eller til dømes i koma, men kan gi opphav til vanskelege vurderingar der verja berre er passiv eller i periodar fråverande, til dømes på grunn av rus eller spel. I slike tilfelle er det nok ikkje alltid slik at verja har eit medvite forhold til at han eller ho forsømmer verjeansvaret sitt, men dette kan like fullt gå ut over barnet.

Der eit barn har berre ei verje, kan ikkje statsforvaltaren nytte åtgangen etter § 18 til å avgjere at den eine verja skal ha ansvaret som verje aleine for ei tid eller i visse saker. Omsynet til at barn bør bli behandla likt, taler for at terskelen for å oppnemne ei mellombels verje etter § 16 for dei barna som berre har ei foreldreverje, ikkje bør vere vesentleg høgare enn terskelen etter § 18 tredje ledd.

Det er fleire og til dels motstridande omsyn som gjer seg gjeldande i spørsmålet om ein bør utvide åtgangen til å oppnemne midlertidig verje for barn. Kva som er den riktige terskelen, er ikkje opplagt. Departementet tar gjerne imot innspel frå høyringsinstansane om kva slags faktorar som det i tilfelle bør leggjast vekt på i dette spørsmålet.

Nokre av dei barna som kan trenge ei mellombels verje, eventuelt at ei av verjene skjøttar verjeoppgåva aleine for ein periode, mottar tenester frå barnevernet. Barnevernet skal etter barnevernslova § 5-8 andre ledd varsle statsforvaltaren om eit barn blir utan verje fordi foreldra blir fråtatt foreldreansvaret. Etter departementet si vurdering kan det vere eit behov for at statsforvaltaren vurderer endringar i verjemålet for barn under barnevernet si omsorg også der foreldra ikkje er fråtatt foreldreansvaret. For å gjere det tydeleg at barnevernet og statsforvaltaren må ha kontakt i slike saker, og at barnevernet kan ta initiativ til at statsforvaltaren vurderer verjeansvaret for barnet, foreslår departementet å føye barnevernet til i lista etter verjemålslova § 56 over instansar som kan be om at statsforvaltaren vurderer å opprette eller endre eit verjemål. Departementet ber særleg om høyringsinstansane sine tilbakemeldingar om korleis forslaget vil vareta interessene til barn som er under barnevernet sin omsorg, der dei biologiske foreldra framleis har foreldreansvar.

I tillegg til dei moglege materielle endringane departementet vurderer, blir det foreslått ei mindre endring i verjemålslova § 34 tredje ledd om habilitet. Føresegna seier at ein far eller mor som verje for sitt eige barn kan ivareta interesser til barnet overfor andre av barna eller andre familiemedlemmer m.m. Det følgjer av arvelova § 96 fjerde ledd og verjemålsforskrifta § 3 at det skal bli oppnemnt setjeverje der det i eit uskifta bu er arvingar som har verje. Føresegna i verjemålslova blir derfor foreslått endra slik at det går fram at det likevel kan følgje av anna lovgiving at det skal bli oppnemnt setjeverje i slike tilfelle. Endringa blir foreslått av informasjonsomsyn og inneber ikkje nokon endring i gjeldande rett.

10 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei terminologiske endringane departementet foreslår i lova, som utgjer den største delen av lovforslaget, vil ikkje ha nemneverdige økonomiske konsekvensar. I stort dreier det seg om å oppdatere språket i lova til å gi betre uttrykk for det som allereie er realiteten i alminnelege verjemål, og tydeleggjere kva som er verja sine oppgåver og mandat i det einskilde verjemålet.

Endringane i vilkåra for avgrensing av rettsleg handleevne følgjer mellom anna opp endringane ved lov 31. mars 2023 nr. 5, som inneber at statsforvaltaren no oppnemner verja òg i dei tilfella retten har fatta avgjerd om avgrensing av rettsleg handleevne. Endringane i krava til retten sine vurderingar og grunngiving er ei tydeleggjering av dei krava som allereie følgjer av verjemålslova, tolka i lys av CRPD og menneskerettane elles. Saker om avgrensing av rettsleg handleevne er

kreivjande, og departementet sitt inntrykk av praksis frå ting- og lagrettar er at domstolane gjer grundige vurderingar og vektlegg prinsippet om det minste middel allereie. Departementet legg derfor til grunn at endringane ikkje vil ha økonomiske og administrative konsekvensar.

Endringane i tilstandsvilkåret er ikkje meint å utvide kretsen av personar som skal få tilbod om verje, men å gjere dette inngangsvilkåret meir nøytralt. For statsforvaltarane, som skal avgjere om vilkåra for verjemål er oppfylte, er det framleis vilkåret om at personen faktisk har eit behov for støtte, som er det sentrale, og departementet legg til grunn at heller ikkje desse endringane har økonomiske eller administrative konsekvensar.

Endringane i §§ 16 og 18 om åtgangen til å oppnemne setjeverje og eventuelt mellombels ta verjeoppgåva frå ein forelder som er verje, vil kunne gi ei auke i saker for statsforvaltaren. Departementet legg likevel til grunn at det samla sett vil vere ei forenkling både for staten og private om det blir enklare å få avklart verjeansvaret for barn i konkrete tilfelle der til dømes ein konflikt eller ein forelder sitt fråvær skapar problem for barnet.

Departementet legg til grunn at forslaga om å gjere det lettare å tilpasse forvaltninga av finansielle eigedelar etter personlege ønske, inkludert moglegheita for statsforvaltaren til å la vere å ta eigedelar til forvaltning etter § 49, innleiingsvis kan gi ei viss auke i sakshandsaminga hos statsforvaltarane.

Departementet vil likevel anta at forslaget på sikt kan gi ein nedgang i klagesaker, som gjer at det samla sett ikkje er tale om større konsekvensar. For ein person med verje kan forslaget ha positive økonomiske konsekvensar ved at det blir enklare å velje ei meir offensiv forvaltning av eigedelar, og med det oppnå høgare avkastning, enn i dag. For arvlatarar og dei som ønskjer å gi ein person med verje ei gåve, kan forslaga innebære at det blir enklare å innrette forvaltninga av midla på den måten ein ønskjer sjølv.

Ein åtgang for verja til å utsetje å gjennomføre disposisjonar der dette er avtalt i mandatet, kan kanskje, viss åtgangen blir brukt riktig, bidra til ein reduksjon i kostnader for det offentlege. Personar som veit at dei i periodar er sårbare for eigne impulsar, kan etter forslaget «leggje band» på seg sjølv gjennom verja sitt mandat, og slik unngå å bruke pengar som trengs til andre formål. Det kan igjen redusere behovet for økonomisk nødhjelp frå Nav. Ein slik åtgang, om den blir nytta, kan kanskje også bidra til nedgang i talet på saker for statsforvaltaren og eventuelt domstolane der verja må be om mellombels eller permanent avgrensing av rettsleg handleevne.

Forslaget om å gi heimel for at mindreårige sjølv kan inngå avtaler om digital identifikasjon gir berre rettsleg moglegheit for at barn over 15 år kan binde seg til denne typen avtaler utan at verja eller verjene medverkar. Om barn i praksis får tilgang til private tenester av denne typen, avheng av at tilbydarar gir dei slik tilgang. For det offentlege legg departementet til grunn at ein eventuell framtidig offentlig digital identifikasjon vil bli utvikla med omsyn til kva aldersgrenser som

følgjer av anna lovgiving, slik at forslaget her ikkje vil ha konsekvensar i seg sjølv.

Departementet tar gjerne imot innspel frå høyringsinstansane om eventuelle økonomiske eller administrative konsekvensar som ikkje er vurderte her.

Merknadar til lovforslaget

Til § 1

Føresegna er omarbeidd for å bidra til ei tydeleggjering av verjemålsordninga si funksjon. Det blir foreslått ei mindre endring av overskrifta, slik at denne berre går ut på at føresegna gjeld lova sitt verkeområde. Denne endringa har ingen sjølvstendig tyding.

Det blir foreslått eit utvida *første ledd*. Det som i dag er første ledd, blir foreslått delt opp i tre, for å gjere det tydeleg at lova regulerer ulike støttetiltak for vaksne, i tillegg til verjemål for barn, og at både personen som har verje, og verja sine rettar og plikter er regulerte i lova.

Vidare foreslår departementet å stryke tilvisinga i det som i dag er *andre ledd* til at lova «i tillegg» gjeld for dei fullmaktsforholda som er regulerte i kapittel 10.

Forslaget er ein logisk konsekvens av forslaget om å omarbeide første ledd slik at det viser til «støttetiltak» i staden for «verjemål». Støttetiltak etter verjemålslova sine reglar inkluderer framtidfullmakter, og det er derfor ikkje nødvendig at det blir vist særskilt til desse reglane.

Forslaget er nærmare omtalt i punkt 4.1.

Til § 2

Departementet foreslår ei endring av føresegna for å fase ut omgrepa «under vergemål» og «satt under vergemål». Endringa inneber at det som i dag er andre ledd, blir oppheva, i tillegg til språklege endringar. Forslaget er nærmare omtalt i punkt 4.2.2.

Departementet vil kome tilbake til moglege endringar i legaldefinisjonen av «myndige personer», sjå punkt 4.2.3. Sidan omgrepet «fratatt den rettslige handleevnen» også blir foreslått fasa ut av lova no, foreslår departementet i denne omgang ei reint språkleg endring i definisjonen, slik at denne vil harmonere med resten av forslaget.

Til § 10

Det blir foreslått eit *nytt andre ledd* i føresegna. Forslaget inneber ei utviding av mindreårige sin avtalekompetanse, ved at mindreårige over 15 år får åtgang til å inngå avtale om elektronisk identifikasjon i tillegg til arbeidsavtaler. Føresegna er nærmare omtalt i punkt 8.3.

For mindreårige under 15 år vil framleis den eine verja eller begge verjer måtte inngå denne typen avtaler. Sjå forslaga til endringar i §§ 16 og 18 for dei tilfella

der verja eller verjene ikkje samarbeider, og det kan vere nødvendig med mellombelse endringar i verjeansvaret, eventuelt oppnemning av setjeverje fordi manglande medverking frå forelderen si side går utover barnet.

Forbodet mot at verja inngår arbeidsavtaler på vegner av den mindreårige, blir etter forslaget flytta frå det som i dag er andre ledd, til første ledd. Verja bør, i motsetnad til det som gjeld for arbeidsavtaler, framleis kunne inngå avtaler om digital identifikasjon på den mindreårige sine vegner. Føresegna som blir flytta til første ledd, avgrensar altså berre verja si kompetanse når det gjeld arbeidsavtaler.

Resten av noverande andre ledd blir etter forslaget *nytt tredje ledd*, og verja si åtgang til å heve avtaler på den mindreårige sine vegner, blir utvida til òg å omfatte avtaler om digital identifikasjon.

Til § 14

I *andre ledd* foreslår departementet å bytte ut omgrepet «myndig» med ei tilvising til at ein person som får rettsleg handleevne på det aktuelle området, kan godkjenne ein disposisjon som blei gjort medan han eller ho var mindreårig og ikkje kunne binde seg. Alle over 18 år har som utgangspunkt full rettsleg handleevne, og sjølv om ein person skulle få avgrensa den rettslege handleevna si, vil han eller ho framleis ha handleevne på alle område som ikkje er omfatta av ei slik avgrensing. Det sentrale er at ein må ha rettsleg handleevne på området for ein konkret disposisjon for å kunne disponere – dette gjeld generelt.

Til § 16

I *første punktum* foreslår departementet å endre kravet til at ein som har foreldreansvar for eige barn, også må vere myndig, til at denne må ha «full rettslig handleevne». Endringa er språkleg, ettersom ein må ha full rettsleg handleevne for å vere myndig etter norsk rett. Sjå vurderingane i punkt 4.2.3 om ei mogleg endring av denne definisjonen.

I *andre punktum* foreslår departementet ei klargjering av terskelen for oppnemning av ny eller mellombels verje. Forslaget legg til rette for ein noko vidare åtgang for statsforvaltaren til å oppnemne ei mellombels verje der det heilt klart både trengs og vil vere til det beste for den mindreårige, på grunn av at den noverande verja ikkje evnar å vareta den mindreårige sine interesser. Aktuelle grunnar kan vere at verja er sjuk, fråverande eller ikkje følgjer opp pliktene sine som verje, til dømes ved ikkje å ta stilling til spørsmål som krev verjesamtykke, slik at barnet ikkje får tilgang til nødvendige tenester. Der barnet har to verjer, og den eine fungerer som verje, vil det i dei fleste tilfelle ikkje vere aktuelt å oppnemne mellombels verje, ettersom statsforvaltaren kan avgjere at den eine verja skal ha oppgåva som verje aleine, sjå § 18 tredje ledd og forslaget til endringar i denne føresegna – også om situasjonen der det kan vere aktuelt å leggje oppgåver til berre den eine verja. Dette kan ein også gjere der det er oppnemnt ei mellombels verje etter denne føresegna.

Statsforvaltaren kan berre oppnemne ei ny *permanent* verje etter denne føresegna der det er klart at barnet manglar verje, og det ikkje er utsikt til at foreldreverjene vil kunne ha oppgåva i framtida. Aktuelle døme er der barnevernet varslar statsforvaltaren om at foreldra er fråtatt foreldreansvaret etter barnevernslova § 5-8, slik at barnet er utan verje, eller der foreldra er døde eller forsvunne.

Til § 18

I § 18 *tredje ledd* foreslår departementet ei tydeleggjering av at omsynet til kva som er til det beste for den mindreårige skal vere eit grunnleggjande omsyn i vurderinga av om oppgåva som verje for ei viss tid eller i visse sakar skal ligge hos den eine verja aleine. At opphøyr av verjeoppgåva for den eine verja skal vere avgrensa til eit nærmare bestemt tidsrom eller visse avgjerder, følgjer framleis av føresegna. Om ein forelder meir generelt tar avgjerder som den andre verja, barnevernet eller andre meiner at ikkje er til barnet sitt beste, slik at ein meiner at han eller ho ikkje bør vere verje, må det eventuelt reisast sak om å ta verjeansvaret frå verja etter § 19.

Det følgjer av Grunnlova § 104 at barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle saker som gjeld barn. Dette inneber at foreldre, verjer og verjemålsstyresmaktene må ta utgangspunkt i barnet sitt beste, utan at det er nødvendig å presisere dette i verjemålslova sine enkelte føresegner. Departementet ser likevel grunn til å presisere prinsippet i § 18, for å understreke at statsforvaltaren ikkje berre skal veie foreldra sine argument mot kvarandre.

Forslaga til endringar i § 18 er nærare omtalt i punkt 9.2. Sjå også forslaga til endringar i §§ 10 og 16.

Til § 20

Føresegna er nærmare omtalt i punkt 5.2.2. I *første ledd* blir det foreslått ei endring av det såkalla «tilstandsvilkåret». Endringa inneber eit meir fleksibelt tilstandsvilkår der ein ikkje skil klart mellom fysiske og psykiske tilstandar. Det sentrale er om personen har ein helsetilstand eller nedsett funksjonsevne som, eventuelt i eit samspel med omgivnadene, kan innebære at personen ikkje aleine kan vareta interessene sine og derfor treng bistand, til dømes av ei verje. Vilkåret er ein rettsleg standard, der innhaldet kan endrast med kunnskapsutviklinga innan til dømes medisin og psykologi. Endringane er ikkje meint å medføre endringar i gjeldande rett, men å tydeleggjere tilstandsvilkåret si yttergrense. Psykiske lidningar, demens, utviklingshemming, avhengnad av rusmiddel eller spel og alvorleg svekka helse av andre årsaker kan etter omstenda aktualisere at ein person treng støtte av verje.

I forslaget er det lagt inn som eit alternativ at alvorleg spelavhengnad nemnast særskilt som eit grunnlag som kan aktualisere eit behov for bistand, sjå punkt 5.2.2 om dette.

Det sentrale vilkåret for å opprette alminneleg verjemål er i alle tilfelle at personen sjølv ønskjer eit slikt støttetiltak. I dag går det fram av § 20 andre ledd at verjemålet er eit frivillig støttetiltak. Departementet foreslår å tydeleggjere dette ved å flytte grunnvilkåret om at personen ønskjer verjemål, opp til første ledd i føresegna.

I *andre ledd* foreslår departementet nokre lovtekniske endringar for å stramme inn føresegna, i lys av endringane i første ledd. Første punktum, som seier at verjemål er eit frivillig støttetiltak, blir foreslått sløyfa som ein konsekvens av at grunnvilkåret om at personen ønskjer verjemål, blir tatt inn i første ledd. Vidare foreslår departementet av den same grunnen å stryke noverande femte punktum om at det ikkje kan opprettast verjemål om det er i strid med personen sine ønske. Endringa er altså lovteknisk og endrar ikkje gjeldande rett.

Til § 21

I *første ledd første punktum* foreslår departementet ei språkleg endring for å fase ut uttrykket «satt under vergemål», sjå punkt 4.2.2. Det blir òg foreslått å vise til § 25, som er heimelen for oppnemning av verja, i tillegg til § 32. Dette inneber ikkje endringar i gjeldande rett.

I første ledd *andre punktum* foreslår departementet å sløyfe atterhaldet «[i] den utstrekning personen har den rettslige handleevnen i behold». Formålet er å tydeleg kommunisere utgangspunktet om at personar over 18 år har formell rettsleg handleevne, og at alminneleg, frivillig verjemål ikkje endrar det. Unntaka frå hovudregelen følgjer tilstrekkeleg klart av §§ 22 og 23, og det er foreslått å vise til § 23 første ledd i nytt første ledd *fjerde punktum*. Vidare vil disposisjonar framleis kunne bli ugyldige etter generelle avtalerettslege reglar, utan at det er nødvendig at verjemålslova gir uttrykk for det, all den tid det ikkje er eksistensen av eit alminneleg verjemål som inneber at handleevna fell bort.

I *tredje ledd første punktum* blir det foreslått ei språkleg endring for å synleggjere prinsippet om det minste middel. Verjemålet skal ikkje vere meir omfattande enn det som er nødvendig for å gi den støtta personen treng. Som det går fram av punkt 5.1.2, inneber endringa i ordlyden at det formelle utgangspunktet blir snudd. Dette har også ei side til ressursbruk; verjemål er eit støttetiltak ein har rett til berre så langt ein treng det. For nokre personar som meistrar det meste sjølv, men treng bistand i nokre samanhengar, kan det nok vere ønskjeleg med avgjerdsstøtte også på område der vilkåra for verjemål ikkje er oppfylte. Slik avgjerdsstøtte kan ein fritt skaffe seg utanfor ramma av verjemålsordninga, sjå nærmare omtale i høyringsnotatet punkt 3.

Departementet foreslår vidare ei endring av omgrepet «erkjenne farskap» i *fjerde ledd* for at ordlyden i føresegna skal harmonere med barnelova sine reglar. Barnelova brukar «erklære» farskap. Endringa inneber ikkje endringar i gjeldande rett.

Til § 21 a

Føresegna er ny. Sjå nærmare omtale i punkt 7. Forslaget gir moglegheit for ein person som har verje, til å samtykkje til at verja som del av mandatet skal ha åtgang til å utsetje konkrete disposisjonar. Det skal vere frivillig for personen om det skal vere ein slik åtgang i mandatet, og ordninga er først og fremst tenkt brukt der personen sjølv veit at han eller ho i nokre periodar kan vere tilbøyeleg til å handle i strid med dei meir langsiktige ønska og måla sine. Sjå nærmare om bakgrunnen for forslaget i punkt 7.1.

Departementet ser for seg at dei nærmare rammene for ei slik åtgang må bli fastsette i det einskilde mandatet. Det er eit grunnleggjande premiss at alminneleg verjemål er eit frivillig støttetiltak.

Det følgjer av *første ledd* at mandatet vil kunne gi ein *åtgang* til å utsetje ein disposisjon. Føresegna skal ikkje tolkast som at verja har plikt til å utsetje disposisjonen, sjølv om vilkåra for dette er oppfylte.

Ein åtgang for verja til å utsetje ein disposisjon kan berre bli tatt inn i mandatet om personen «uttrykkelig» ønskjer det. Dette inneber at ein ikkje berre kan spørje personen om det er greitt å ta inn ein slik åtgang i mandatet – statsforvaltaren må forsikre seg om at dette er noko personen vil ha. Det ligg ikkje i dette eit krav om at personen må være vurdert å ha avgjerdskompetanse i medisinsk forstand, men personen må forstå kva det vil innebere å gi verja slik åtgang, og klart gi uttrykk for at han eller ho ønskjer det.

Korleis ei utsetjing reint faktisk bør fungere, kan nok variere. Ein kan til dømes sjå for seg at det blir gjort avtale med banken om at det skal krevjast signatur frå både verja og personen sjølv om personen vil gjere store uttak, eller liknande. For disposisjonar personen kan gjennomføre sjølv, vil det uansett ikkje vere aktuelt at verja kan sørge for utsetjing. Det ligg òg i det at ein slik mekanisme er frivillig, at personen, om ønsket er sterkt nok, vil kunne tvinge disposisjonen gjennom.

Verja må ha ein viss margin i vurderinga av om vilkåra for å utsetje ein konkret disposisjon er til stades. Det blir foreslått å krevje kvalifisert sannsyn for at situasjonen gir åtgang til utsetjing, og det er dette som er meint med formuleringa «det må legges til grunn». Det er altså tale om ein høgre terskel enn at verja meiner det er risiko for at disposisjonen ikkje er eit uttrykk for personen si reelle vilje, eller at det er ein viss fare for at det vil skade personen sine interesser å handle på den aktuelle måten.

Når fristen er ute for ein utsetjing, skal disposisjonen gjennomførast dersom personen ønskjer det, med mindre den vil vere så øydeleggande at det er grunnlag for at statsforvaltaren fattar mellombels vedtak om avgrensing av rettsleg handleevne.

Til § 22

Føresegna blir foreslått tatt inn i eit eige kapittel 4 A om avgrensing av rettsleg handleevne utan ei direkte tilvising til § 20, for å skape eit klarare lovteknisk skilje

mellom alminneleg verjemål og avgrensa rettsleg handleevne. Endringane er omtalt i punkt 5.1.

Overskrifta blir foreslått endra for å klargjere at avgrensing av rettsleg handleevne er eit eige tiltak.

Første ledd gir vilkåra for avgrensing av rettsleg handleevne på det økonomiske området. Reguleringa svarer i høy grad til någjeldande § 22 andre ledd med endringar som er meint å synleggjere prinsippet om det minste middel. I *første punktum* blir det foreslått å presisere at det berre er retten som har kompetanse til å avgrense den rettslege handleevna til ein person. Der statsforvaltaren fattar mellombels vedtak etter den særlege føresegna i § 61, skal dette straks bli brakt inn for retten, jf. § 61 tredje ledd. Vidare er tilstandsvilkåret nemnt uttrykkeleg, utan tilvising til § 20. Innhaldet er likevel det same.

Dei ulike grunnlaga for å avgrense rettsleg handleevne er foreslått delt opp slik at det skal bli enklare å sjå skiljet mellom dei.

I *bokstav a* er det alternative grunnlaget for avgrensing av rettsleg handleevne om at personen blir økonomisk utnytta på ein utilbørleg måte, vidareført. Dette vilkåret er uendra frå gjeldande rett.

Åtgangen etter gjeldande rett til å avgrense rettsleg handleevne i tilfelle der det er «nødvendig for å hindre at han eller hun utsetter sin formue eller andre økonomiske interesser for fare for å bli vesentlig forringet», blir foreslått delt opp i to nye alternative og meir presise vilkår:

Etter *bokstav b* kan den rettslege handleevna bli avgrensa så langt det er «en vesentlig fare for at personen ikke vil ha evne til å forsørge seg selv eller andre som personen har ansvar for». Formålet er å gjere det tydeleg at vurderinga skal vere retta mot konsekvensane for personen sjølv, ikkje for formuen.

I *bokstav c* blir det foreslått å vidareføre ein snever åtgang til å avgrense den rettslege handleevna for dei tilfella der personen i prinsippet har råd til pengebruken, men det er klart at pengebruken har eit omfang som ikkje er i samsvar med det personen hadde ønska om han eller ho *ikkje* var påverka av ein endra helsetilstand. Dette kan vere situasjonen til dømes for ein person med ei bipolar lidning, ein demensdiagnose eller liknande. Terskelen for avgrensing av rettsleg handleevne etter dette vilkåret må etter departementet si vurdering ligge høgt. For det første er det eit vilkår etter forslaget at personen «vesentlig forringer sin formue». Vidare er det eit vilkår at det «må legges til grunn» at disposisjonane ikkje er i samsvar med personen sine eigne ønske. Begge desse vilkåra skal tolkast strengt.

Andre ledd gir vilkåra for avgrensing av den rettslege handleevna på det personlege området. Føresegna svarer til någjeldande § 22 tredje ledd, med nokre språklege og lovtekniske endringar. Som i første ledd er tilstandsvilkåret uttrykkeleg nemnt utan tilvising til § 20.

I *nytt tredje ledd* er det vist til at § 21 fjerde ledd gjeld tilsvarande. Dette er i samsvar med gjeldande rett, jf. noverande § 21 fjerde ledd.

Tilstandsvilkåret er nærmare omtalt i punkt 5.2 og merknadane til § 20.

Til § 23

Overskrifta blir foreslått endra for å reflektere at føresegna regulerer innhald og omfang av avgrensingane av rettsleg handleevne, heller enn kva kompetanse den personen som har fått handleevna avgrensa, framleis har. Ved å snu utgangspunktet som følgjer av ordlyden i den någjeldande § 23, blir det tydelegare at prinsippet om det minste middel er ei bærebjelke i lova.

Departementet foreslår å dele føresegna opp i tre ledd. *Første ledd* gir utgangspunktet om at ein person som har fått avgrensa den rettslege handleevna si, ikkje kan handle sjølv på dei områda handleevna er avgrensa.

Andre ledd regulerer kravet til konkretisering av avgrensinga av rettsleg handleevne. Allereie ved at avgrensinga av den rettslege handleevna etter § 22 ikkje kan gå lenger enn nødvendig, følgjer det at personen sjølv, med mindre noko anna går fram av dommen, kan gjere disposisjonar som nemnt i verjemålslova § 10 første ledd første punktum, § 12 første ledd og § 13 første ledd. Departementet foreslår derfor å fjerne tilvisinga til desse føresegnene i § 23.

Føresegna byggjer på någjeldande § 21 og § 23 og er meint å vidareføre ordninga i dag, men bidra til eit lovteknisk skarpere skilje mellom frivillig verjemål og avgrensa rettsleg handleevne. Sjå nærmare omtalen i punkt 5.1.2.

Tredje ledd gir statsforvaltaren plikt til å «vurdere behovet» for å oppnemne verje for ein person når det er gitt dom for avgrensing av personen si handleevne. Det blir foreslått å presisere at verjemål i desse tilfella kan bli oppretta mot personen sitt ønske, for å sikre at personen får nødvendig støtte og representasjon på dei områda handleevna er avgrensa. Det følgjer av forslaget her at statsforvaltaren aktivt må vurdere om verjemål er rett løysing, og om det i tilfelle er nødvendig å opprette eit nytt verjemål. Til dømes kan det vere at personen har utarbeidd ei tilstrekkeleg framtdisfullmakt, slik at det ikkje er nødvendig å opprette verjemål.

Til § 24

Ordlyden i føresegna blir foreslått endra for å følgje opp forslaga til endringar i § 22, ved at termen «fratatt handleevnen» blir erstatta med «har fått begrenset sin rettslige handleevne». Det ligg i denne formuleringa at føresegna berre gjeld der handleevna er avgrensa ved dom, jf. § 22, eventuelt eit mellombels vedtak etter § 61. Ei avtale kan bli kjend ugyldig også der ein person reint faktisk manglar rettsleg handleevne, til dømes på grunn av sjukdom eller anna som har påverka verkelegheitsoppfatninga til personen, men desse tilfella blir regulert av avtalelova og ulovfesta reglar.

Til § 25

Departementet foreslår for det første å endre *overskrifta* til fråsegna ved å leggje til at fråsegna også gjeld fastsetting av mandat.

Første ledd fastset at statsforvaltaren skal oppnemne verja når det skal bli oppnemnt verje etter § 21 første ledd eller § 23 tredje ledd. Endringane er språklege for å følgje opp vurderingane i punkt 4.2.2. Sjå forslaget til endringar i §§ 22 og 23, og merknadane til desse føresegnene.

Til § 28

Det blir foreslått endringar i *første, tredje og femte ledd* for å fase ut omgrepa «under vergemål» og «vergetrengende». Forslaga er nærmare omtalt i punkt 4.2.2 og inneber ikkje endringar i gjeldande rett.

I *femte ledd* foreslår departementet i tillegg til den språklege endringa i første punktum, å endre andre punktum. Første punktum gir moglegheit til å oppnemne to verjer for ein person der det er «hensiktsmessig». Dette vilkåret må bli lest i lys av krava til at verjene skal vere eigna for oppgåva, og ønska av personen som treng verje. Andre punktum viser etter gjeldande rett tilbake til at føresegna i § 18 første ledd andre punktum gjeld tilsvarande. Denne føresegna gjeld verjemål for barn og seier at der verjene ikkje blir einige i eit viktig spørsmål, skal statsforvaltaren treffe avgjerd.

Departementet viser til avvegingane i punkt 5.1.2 om endringar i reglane om avgrensing av rettsleg handleevne, og oppfølging av endringane i § 25, som inneber at statsforvaltaren no oppnemner verja i alle saker, også i saker der retten har avgrensa ein person si handleevne ved dom. Departementet antar at det, i tråd med den auka individtilpassinga på området, kan bli aktuelt å ha to verjer i nokre fleire saker enn i dag – til dømes der ein person får støtte gjennom eit frivillig verjemål, og ikkje ønskjer at denne verja også skal ha mandat på dei områda handleevna er avgrensa. I dei fleste slike tilfelle vil verjene ha mandat på ulike område, men ein kan sjå for seg at det kan oppstå tvil om kven som har mandat i ein konkret sak. På same måte kan ein tenke seg ein viss «overlapp» mellom mandata til to alminnelege verjer. I eit frivillig, alminneleg verjemål har ikkje verja mandat til å ta avgjerder på vegner av personen som ikkje er i samsvar med personen si eiga vilje. Det har derimot, formelt sett, ei verje med mandat på eit område der personen si eiga handleevne er avgrensa. Også denne verja skal likevel høyre personen etter reglane i § 33, og skal leggje vekt på å realisere vilja til personen så langt det er mogleg. Ein kan sjå for seg ulike problemstillingar der verjene til dømes er ueinige om korleis ein skal tolke vilja til personen i ein konkret sak.

Etter departementet sitt syn er det ikkje lenger naturleg med ei tilvising i § 28 til ei føresegn som gjeld verjemål for barn – der verjene både faktisk og formelt skal bestemme *for* barnet, og som regel er foreldra til barnet. Departementet foreslår i staden ei direkte regulering av statsforvaltaren sin kompetanse til å fatte avgjerd der det er ueinigheit mellom verjene. Når statsforvaltaren skal fatte avgjerd,

følgjer det etter departementet sitt syn allereie av samanhengen i lova at statsforvaltaren må undersøke kva personen som har verje meiner i spørsmålet. Av pedagogiske omsyn foreslår departementet derfor å lovfeste i *tredje punktum* at § 33 gjeld tilsvarande for statsforvaltaren si handsaming av saka. Forslaget er ikkje meint å innebere endringar i gjeldande rett.

Til § 30

Føresegna blir foreslått endra for å følgje opp dei språklege endringane som blir foreslått gjennomgåande i lova. Sjå nærmare omtale i punkt 4.2.2.

Til § 31

Føresegna blir foreslått endra for å følgje opp dei språklege endringane som blir foreslått gjennomgåande i lova. Sjå nærmare omtale i punkt 4.2.2.

Til § 32

Føresegna blir foreslått endra for å gjere det tydeleg at både mandatet for verjeoppdraget og vilja til personen som får støtte, legg føringar for verja sine handlingar. I staden for å si at verja kan «råde over» midlane til personen, blir det foreslått at ordlyden skal gi uttrykk for at verja disponerer middel så langt dette er fastsett i mandatet og er i samsvar med vilja til personen. Sjå nærmare vurderingane i punkt 5.1.2, og også punkt 6 og 7 om forvaltning av middel og åtgang for verja til å kunne utsetje disposisjonar.

Til § 33

Føresegna er nærmare omtalt i punkt 4.2 og 5.1.2. Det blir foreslått gjennomgåande endringar for å oppdatere språket i føresegna og fjerne formuleringa «under vergemål». Desse endringane inneber ikkje endringar i gjeldande rett.

Overskrifta blir foreslått endra for å gjere det tydelegare at utgangspunktet i eitkvart verjemål er ønska og interessene til den personen som treng støtte av verje. Verja har plikt til å støtte personen når denne sjølv skal ta avgjerder eller disponere rettsleg. Når det er verja som skal disponere, skal han eller ho gjere det på den måten som er best i tråd med ønska til personen.

I *første ledd* blir det foreslått å endre omgrepet «høre» til «rådføre seg med» for å gjere det tydelegare at verja skal konsultere personen aktivt. Verja skal rådføre seg med personen både «før det foretas disposisjoner av større betydning», og «når det ut fra disposisjonens art eller personens preferanser er grunn til det». I eit alminneleg verjemål skal verja generelt handle i tråd med vilja til personen han eller ho er verje for. Føresegna er ikkje meint tolka slik at kvar einaste disposisjon skal avklarast nærmare. Til dømes kan ein i starten av verjemålet ha inngått avtaler om kva disposisjonar verja skal gjere utan nærmare avklaring.

I *andre ledd* foreslår departementet at føresegna skal gi uttrykk for at verja skal «gi støtte til eller sørge for» at disposisjonar blir gjennomførte i samsvar med

ønska til personen. Dette er ikkje meint som ei endring i gjeldande rett, men å gjere innhaldet meir tydeleg. Føresegna viser i dag til at verja skal gi «støtte til personens utøvelse av den rettslige handleevnen». I praksis vil det variere om det er personen sjølv eller verja som disponerer rettsleg, og den formuleringa som blir foreslått, reflekterer dette betre. Det blir også foreslått nokre mindre språklege endringar utan tyding for gjeldande rett.

I *tredje ledd* er det presisert at verja også der personen har ei avgrensing i rettsleg handleevne, skal leggje vekt på kva han eller ho meiner. Også ektefelle eller sambuar skal få uttale seg når det er relevant, og det blir foreslått ei presisering av når ektefellen eller sambuaren skal få uttale seg. Formålet med desse forslaga er å gjere det tydeleg at verja skal jobbe for å realisere vilja til personen sjølv så langt det er mogleg og forsvarleg, også der rettsleg handleevne er avgrensa. Endringa her heng saman med dei grepa som blir foreslått i punkt 5.1.2 i høyringsnotatet, om å etablere eit klarare skilje mellom verjemål som støttetiltak og avgrensing av rettsleg handleevne. Der ein person har avgrensa rettsleg handleevne på nokre område, vil mandatet først og fremst leggje føringar for verja sine disposisjonar på desse områda. Likevel skal verja, der det er fleire handlingsalternativ, gjere det som i størst mogleg grad er i tråd med ønska til personen sjølv. Dette følgjer direkte av prinsippet om det minste middel, men departementet meiner føresegna vil bli klarare av at det òg går fram av lovteksten. Ei avgrensing av handleevna skal berre vare så lenge det er nødvendig, jf. § 22. Verja bør derfor, der det er mogleg, prøve å bidra til at personen øver opp evna til å utøve rettsleg handleevne sjølv. Om verjemålet omfattar både frivillig støtte og representasjon på område der handleevna er avgrensa, gjeld første ledd fullt ut på dei områda personen har rettsleg handleevne.

Til § 34

Det blir foreslått ei endring for å klargjere samanhengen med arvelova § 96 fjerde ledd og verjemålsforskrifta § 3, som fastslår at det kan bli oppnemnt setjeverje der det i eit uskiftebu er arvingar med verje, også der det er far eller mor som er verje. Endringa blir foreslått av pedagogiske omsyn og inneber ikkje endringar i gjeldande rett.

Til § 35

Føresegna blir foreslått endra for å følgje opp dei språklege endringane som blir foreslått gjennomgåande i lova. Sjå nærmare omtale i punkt 4.2.2.

Til § 36

Første og tredje ledd i føresegna blir foreslått endra for å reflektere endringane som er foreslått i §§ 48 og 49. Departementet viser til merknadene til desse føresegnene. Endringane gjer det tydelegare at verja har ansvar berre for dei

eigedelane som det fell innanfor mandatet å forvalte. *Tredje ledd tredje punktum* blir også endra for å fase ut formuleringa «under vergemål».

Til § 37

Departementet foreslår ei endring i *første ledd* slik at det går tydeleg fram av føresegna at utgangspunktet for verja si dekning av utgifter er einigheit med personen. Ei slik einigheit kan bli etablert ved opprettinga av verjemålet, slik at det ikkje er nødvendig med stadige avklaringar. Sjå merknadane til endringane som blir foreslått i § 32, og nærmare i punkt 6.1.2 og 6.2.2.

I *overskrifta* er det gjort tydeleg at verja skal gi «bistand til» disponering av inntektene. Formålet med endringa er å presisere gjennomgåande at det er personen sine egne ønske som er avgjerande.

Det blir også foreslått ei språkleg endring i *andre ledd* for å gjere det tydelegare at det ikkje berre er verja som disponerer middel som står på konto. I dag seier føresegna at statsforvaltaren kan avgjere at middel for ein del ikkje skal bli utbetalt «til vergen». Som hovudregel vil også personen sjølv ha disposisjonsrett til sine egne konti i bank. Føresegna skal likevel òg omfatte dei tilfella der personen har avgrensa rettsleg handleevne, og verjemål for mindreårige barn. I desse tilfella vil som regel ikkje personen sjølv ha tilgang til kontoen verja rår over. Derfor er den meir nøytrale formuleringa «konto som disponeres av vergen» foreslått.

Til § 38

Det blir foreslått ei mindre språkleg endring i føresegna for å fase ut omgrepet «under vergemål». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 39

Det blir foreslått mindre språklege endringar i føresegna for å fase ut omgrepet «under vergemål». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 40

Det blir foreslått mindre språklege endringar i føresegna for å fase ut omgrepet «under vergemål». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 41

Det blir foreslått mindre språklege endringar i føresegna for å fase ut omgrepet «under vergemål». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 42

Det blir foreslått mindre språklege endringar i føresegna for å fase ut omgrepet «under vergemål». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 43

Det blir foreslått mindre språklege endringar i føresegna for å fase ut omgrepet «under vergemål». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 44

Endringa i *første punktum* er foreslått for fase ut omgrepet «under vergemål». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Endringa i *tredje punktum* heng saman med endringane i §§ 48 og 49. Departementet viser til merknadane til desse føresegnene og til omtala i punkt 6.1 og 6.2. Når midla til personen etter reglane her ikkje skal bli forvalta av statsforvaltaren, kan ein ikkje utan vidare slå fast at eigedelane skal bli forvalta av verja i staden. Den gjeldande ordlyden i § 44 gir uttrykk for at utgangspunktet i alle verjemål er at det er andre enn personen sjølv som skal forvalte midla. Det følgjer av personen sin sjølvråderett, som departementet har foreslått å gjere tydelegare i §§ 48 og 49, at eigedelane kanskje skal bli forvalta av personen sjølv. Forslaget til endring inneber at det blir tydelegare at det er i dei tilfella det i utgangspunktet er grunnlag for at statsforvaltaren skal forvalte midla, at ektefellen eller sambuaren skal gjere det i staden.

Til § 45

Det blir foreslått ei mindre språkleg endring i føresegna for å fase ut omgrepet «under vergemål». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 46

Det blir foreslått ei mindre språkleg endring i føresegna for å fase ut omgrepet «under vergemål». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 47

Det blir foreslått ei språkleg presisering av føresegna, som ikkje inneber endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 48

Første ledd er foreslått endra for å gjere utgangspunktet om at statsforvaltaren si forvaltning av finansielle eigedeler er frivillig for dei som har eit alminneleg verjemål, klarare. Forslaget er nærmare omtalt i punkt 6.1.2. For vaksne personar som har ei oppnemnt verje, går det tydeleg fram av forslaget til ny ordlyd at statsforvaltaren berre skal forvalte den finansielle eigedelane der personen sjølv

ønskjer det. Av dette følgjer det òg at personen kan be om at statsforvaltaren skal forvalte berre ein del av formuen. Forslaget legg opp til at ein i dei tilfella der personen ikkje kan gi eit gyldig formelt samtykke, må vurdere vilja og preferansane til personen. Vurderinga vil likne på vurderinga av om personen i eit slikt tilfelle i det heile ønskjer verjemål etter § 20, og departementet viser til merknadene til denne føresegna. Samtidig legg departementet til grunn at ein må ta utgangspunkt i at dei som ønskjer det frivillige støttetiltaket eit alminneleg verjemål er, også ønskjer bistand til forvaltning gjennom statsforvaltaren si ordning. Er det ikkje klare haldepunkt for noko anna, bør ein derfor kunne leggje til grunn at personen ville samtykka til slik forvaltning. Grunna endringane i første ledd er det ikkje lenger nødvendig å presisere at den som er i stand til å forstå kva eit samtykke inneber, må samtykkje til forvaltning hos statsforvaltaren.

I første ledd er også presiseringa av at føresegna gjeld så langt ikkje noko anna følgjer av lov eller anna gyldig føresegn, tatt ut. Dette inneber ikkje nokon endring i gjeldande rett. I staden er det foreslått eit nytt *tredje ledd* der det går fram at § 48 første og andre ledd gjeld så langt det ikkje følgjer noko anna av reglane i § 49. Unntaka frå reglane i § 48 er foreslått samla i § 49, mellom anna ei tilvising til § 95 om særskild forvaltning av middel etter føresegn frå ein givar eller arvelatar. I tillegg til dei unntaka som går fram her, følgjer det av det alminnelege *lex specialis*-prinsippet at spesialreglar om forvaltning i anna lovverk vil gå føre reglane i verjemålslova.

I *nytt andre ledd* er det foreslått ei presisering av at statsforvaltaren i utgangspunktet skal forvalte finansielle eigedelar for personar som har fått avgrensa den rettslege handleevna si, utan samtykke frå personen. I desse tilfella er slik forvaltning med andre ord ikkje frivillig for personen. Heller ikkje for barn er forvaltning valfritt, og det blir foreslått at dette skal gå fram direkte av føresegna. Desse presiseringane inneber ikkje endringar i gjeldande rett.

Tidlegare tredje og fjerde ledd blir samla i fjerde ledd.

Til § 49

Føresegna er omarbeidd, slik at alle unntaka frå utgangspunkta om statsforvaltaren si forvaltning av finansielle eigedelar som følgjer av verjemålslova, blir foreslått samla i § 49. I tillegg kan unntak frå statsforvaltaren si forvaltning følgje av særlov, til dømes folketrygdlova sine reglar om frivillig eller tvungen forvaltning av middel. Det følgjer av det alminnelege *lex specialis*-prinsippet at reglar i særlovgivinga går føre verjemålslova sine generelle reglar.

Forslaget er nærmare omtalt i punkt 6.1.2 og 6.2.2 i høyringsnotatet.

I *første ledd* foreslår departementet å oppdatere ordlyden i tråd med dei utgangspunkta det er gjort greie for i merknaden til forslaget til endringar i § 48. Når personen sjølv har full rettsleg handleevne og kan avgjere korleis eigedelar skal bli forvalta, bør ikkje § 49 gi uttrykk for at midla «i stedet [skal] forvaltes av vergen». Derfor foreslår departementet at føresegna blir endra slik at det i *første*

punktum berre går fram at statsforvaltaren i utgangspunktet plikter å tilby forvaltning berre når eigedelane utgjer eit beløp som er over ei grense satt i forskrift. Under denne grensa gjeld ikkje reglane i § 48. Ordlyden i forslaget er formulert som unntak frå det som elles følgjer av § 48.

I *første ledd andre punktum* går det fram at statsforvaltaren likevel kan ta eigedelar også under grensa til forvaltning når særlege grunnar talar for det. Unntaket fører vidare gjeldande rett.

I *nytt andre ledd* foreslår departementet ein mogleg regel om unntak frå statsforvaltaren si forvaltning av finansielle eigedelar. Forslaget opnar for at statsforvaltaren kan avgjere at verja eller personen sjølv skal kunne forvalte dei finansielle eigedelane, ved å la vere å ta middel til forvaltning sjølv om vilkåra for å gjere dette etter § 48 er oppfylte. Denne moglegheita kan særleg vere aktuell for personar med avgrensa rettsleg handleevne eller mindreårige. Departementet legg til grunn at moglegheita også kan vere aktuell når det gjeld personar som på eit tidspunkt anten har samtykka til forvaltning, eller takka nei til forvaltning. Dersom ein person, gjennom arv eller på annan måte, får tilført middel på eit tidspunkt han eller ho ikkje lenger er i stand til å gi eit bindande samtykke, til dømes på grunn av demenssjukdom eller liknande, kan det vere nødvendig å vurdere på nytt om ein kan leggje til grunn at den tidlegare valde løysinga for forvaltninga er ønska også for dei nye midla. I heilskapsvurderinga er det fleire forhold ein må ta i betraktning.

Statsforvaltaren må for det første vurdere om forvaltning hos verja – eventuelt personen sjølv – er forsvarleg. Ein må ta i betraktning den økonomiske situasjonen til personen, medrekna investeringshorisont og økonomisk behov i overskødeleg framtid. Det vil også vere relevant å ta i betraktning i kva grad plasseringa har sannsynleg utsikt til å gi meiravkastning samanlikna med forvaltninga hos statsforvaltaren. Dessutan må statsforvaltaren ta i betraktning risikoen for misbruk.

For det andre må statsforvaltaren ta i betraktning ei tolking av personen sin vilje og preferansar. I tillegg til eit eventuelt tillitsforhold mellom personen og verja, må personen sine tidlegare investeringar og plasseringar tas i betraktning.

Der verja ikkje har mandat som dekkjer økonomiske forhold, må vurderinga av om det er formålstenleg at statsforvaltaren lar vere å ta midla til forvaltning, gjerast ut frå at alternativet er at det er personen sjølv som skal plassere og forvalte dei.

Departementet foreslår at Kongen blir gitt heimel til å gi nærmare reglar i forskrift om plasseringa i slike tilhøve.

Til § 50

Første ledd blir foreslått endra for å følgje opp endringane i §§ 48 og 49. Forslaget inneber ikkje endringar i gjeldande rett.

Til § 51

Det blir foreslått ei mindre endring i fjerde ledd for å fase ut omgrepet «under vergemål». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 54

Det blir foreslått ei mindre endring i første ledd, slik at formuleringa «fratatt den rettslige handleevnen» blir erstatta med ei tilvising til at personen har «begrensninger i» den rettslege handleevna. Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 55

Det blir foreslått ei endring av føresegna som primært er språkleg. Det bør etter departementet sitt syn gå fram at statsforvaltaren handsamar saker om verjemål i første instans, utan presisering av at dette er verjemål der den rettslege handleevna ikkje er avgrensa. Det er etter departementet sitt syn ikkje naturleg å definere den store majoriteten av verjemål ut frå at dei *ikkje* inneheld det elementet av tvang som ligg i ein dom om avgrensing av rettsleg handleevne, og som gjeld svært få personar. Sjå dei generelle vurderingane om dette i punkt 5.1.2. Det er heller ikkje lenger gjeldande rett at statsforvaltaren berre handsamar saker om verjemål der det ikkje ligg føre ei avgrensing av rettsleg handleevne. Endringa følgjer opp endringa i § 25 i endringslov 31. mars 2023 nr. 5, der retten sin åtgang til å oppnemne verja når det er avsagt dom om avgrensing av rettsleg handleevne, blei fjerna. Statsforvaltaren oppnemner allereie i dag verja også i tilfella der rettsleg handleevne blir avgrensa.

Til § 56

Overskrifta blir foreslått endra for å gjere det tydeleg at fråsegna òg gjeld endringar i eksisterande mandat, i tillegg til oppretting av verjemål.

I *første ledd ny bokstav e* blir barnevernstenesta foreslått føydd til lista over grupper som kan krevje at statsforvaltaren vurderer verjemål for ein person. Forslaget er nærmare omtalt i punkt 9.2.

Det følgjer av gjeldande rett at der foreldra mistar foreldreansvaret slik at barnet blir utan verje, skal barnevernstenesta straks varsle statsforvaltaren om at barnet treng ny verje, jf. barnevernslova § 5-8 andre ledd.

Der barnevernet har tatt over ansvaret for eit barn etter reglane i barnevernslova, er det likevel som hovudregel foreldra som fortset å ha foreldreansvaret, og dei vil då også vere verjer for barnet, jf. verjemålslova § 16. I nokre tilfelle, der foreldra ikkje varetar verjeansvaret på ein god måte for barnet, kan det vere til barnet sitt beste at ein annan person blir oppnemnt som verje. Kompetansen til å vurdere oppnemning av ei ny permanent eller mellombels verje ligg til statsforvaltaren, eventuelt domstolane der foreldra framleis ønskjer å vareta verjemålet, sjå §§ 16, 18 og 19.

Til § 58

Føresegna i § 58 gir åtgang til å gjere unntak frå det generelle kravet til å sende varsel etter forvaltningslova § 16 til personen verjemålssaka gjeld. Alternativ a gjeld der personen ikkje er «i stand til å forstå hva saken gjelder». Dette vilkåret er likelydande med den tidlegare ordlyden i § 20 og § 59 første ledd bokstav e. Desse to føresegnene blei endra ved endringslov 31. mars 2023 nr. 5, og det er gjort nærmare greie for grunngevinga i Prop. 141 L (2021-2022) punkt 3, sjå særleg punkt 3.6.3 og spesialmerknadane til §§ 20 og 59.

Etter departementet si vurdering er unntaket etter verjemålslova § 58 bokstav a unødvendig. Etter endringane i lov 31. mars 2023 nr. 5 skal statsforvaltaren, med mindre det er «umulig», ha ein samtale med personen før det blir oppretta verjemål, jf. § 59 første ledd bokstav e. Ein slik samtale og prosessen rundt den vil i praksis innebere eit munnleg varsel. Dette, saman med at forvaltningslova § 16 tredje ledd bokstav c gir åtgang til ikkje å varsle der det vil vere «åpenbart unødvendig», gir etter departementet sitt syn tilstrekkeleg moglegheit til å unnlate skriftleg varsling i tilfelle der det er heilt klart at personen ikkje vil få noko ut av eit slikt varsel. Døme på når dette kan vere aktuelt, er der personen er i koma eller har så langt komen demenssjukdom at det er utelukka at personen vil forstå varselet. I tilfelle der det er tvil om personen vil forstå eit varsel, bør varselet heller bli tilpassa eller gitt munnleg enn at ein heilt lar vere å varsle.

Til § 61

Det blir foreslått språklege endringar i *første og fjerde ledd* for å fase ut omgrepet «fratatt rettslig handleevne». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 63

Det blir foreslått ei endring i *første ledd* for å fase ut omgrepet «under vergemål». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2. I *andre ledd* blir det foreslått tilsvarande endringar for å fase ut omgrepet «fratatt den rettslige handleevnen».

Til § 64

Føresegna blir foreslått endra for å følgje opp utfasinga av termen «under vergemål». Endringa er reint språkleg. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 66

Føresegna blir foreslått endra for å følgje opp utfasinga av termen «under vergemål». Endringa er reint språkleg. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 68

Endringa som blir foreslått, er dels språkleg og dels av materiell art, ved at det blir fastsett at berre «begrensning av» rettsleg handleevne blir avgjort av tingretten. Skiljet frå gjeldande rett går ut på at det ikkje lenger vil gå fram av føresegna at retten avgjer at det skal bli oppretta eit verjemål. Ei vurdering av behovet for

verjemål skal gjerast av statsforvaltaren. Endringa er nærmare omtalt i punkt 5.1.2. Sjå også merknadane til endringane som blir foreslått i §§ 22, 23 og 25 for å gi eit klarare skilje mellom avgrensing av rettsleg handleevne og alminneleg verjemål. Etter forslaga til endringar vil det ikkje automatisk følgje eit verjemål med når rettsleg handleevne blir avgrensa av retten.

Til § 69

Forslaget følgjer opp forslaga i §§ 22, 23, 25 og 68 og inneber at det også i denne føresegna blir gjort tydeleg at dei spørsmåla retten avgjer, er om rettsleg handleevne skal bli avgrensa, ikkje om det skal bli oppretta eit verjemål. Sjå merknaden til forslaget om endringar i § 68 og punkt 5.1.2.

Til § 75

Første ledd blir foreslått endra for å fase ut omgrepet «fratakelse av den rettslige handleevnen». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Tilsvarande språklege endring er foreslått i *fjerde ledd andre punktum*. Endringa inneber også ei presisering av at avgrensing av rettsleg handleevne skjer ved dom.

Til § 76

Det blir foreslått ei språkleg endring i andre ledd for å fase ut omgrepet «fratakelse av den rettslige handleevnen». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 77

Det blir foreslått språklege endringar for å fase ut omgrepet «fratakelse av den rettslige handleevnen». Endringa inneber ikkje i seg sjølv endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 78

Det blir foreslått å endre tilstandsvilkåret slik at det er konsekvent med §§ 20 og 22, sjå punkt 4.2.2.

Når det er vist til «tilstand som nevnt i § 20», omfattar dette òg alvorleg spelavhengnad, som er omfatta av vilkåret i § 20. For at ein framtidfullmakt skal tre i kraft, er det mest sentrale vilkåret at fullmaktsgivaren ikkje lenger er i stand til å ivareta sine egne interesser. Fullmakta kan kallast tilbake dersom fullmaktsgivaren framleis har evne til å forstå konsekvensane av det, sjå § 89 andre ledd. Ein person med alvorleg spelavhengnad vil i dei fleste tilfelle framleis ha evne til å gi og kalle tilbake fullmakter, slik at i praksis vil nok framtidfullmakta i desse tilfella gi eit avgrensa vern. Departementet antar likevel at det for nokre kan vere ønskjeleg å fastsetje at framtidfullmektigen skal kunne representere seg også dersom det er spelavhengnad som er årsaka til at ein ikkje lenger klarer å vareta sine egne interesser.

Til § 79

Det blir foreslått ei språkleg endring for å fase ut omgrepet «satt under vergemål», sjå den nærmare omtala i punkt 4.2.2.

Vidare, som følge av dei endringane som blir foreslått i § 22 om avgrensing av rettsleg handleevne, vil ein kunne tenkje seg tilfelle der ein person har fått avgrensa den rettslege handleevna si *utan* at det er oppnemnt ei verje. Sjå nærmare omtala i punkt 5.1.2 og forslaget til endringar i §§ 22 og 23 og merknadane til desse føresegnene. Det må derfor presiserast i føresegna her at ein fullmektig heller ikkje kan ha avgrensa rettsleg handleevne på dei områda som er omfatta av framtidsfullmakta.

Til § 80

Departementet foreslår å endre omgrepet «erkjenne farskap» i *tredje ledd* til «erklære farskap» for at ordlyden skal harmonere med barnelova sine reglar. Endringa inneber ingen endring i gjeldande rett.

Til § 91

Det blir foreslått ei mindre språkleg endring for å fase ut omgrepet «satt under vergemål» og tilsvarande. Endringa inneber ikkje endringar i gjeldande rett. Sjå omtala i punkt 4.2.2.

Til § 94

Det blir foreslått å endre tilstandsvilkåret slik at det er konsekvent med § 20 og § 22, sjå punkt 4.2.2. Føresegna forutset eit funksjonsfall. Følgeleg nyttast berre vilkåret «reduisert helsetilstand» i lovteksten.

Regelen i femte ledd blir foreslått oppheva. Forslaget er omtalt i punkt 6.1.2.

Til § 97

Det blir foreslått ei reint språkleg endring i paragrafoverskrifta for å fase ut omgrepet «under vergemål». Sjå omtala i punkt 4.2.

Forslag til lovendringar

I lov 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål blir det gjort følgjande endringar:

§ 1 skal lyde:

§ 1 *Lovens virkeområde*

Loven regulerer støtte til voksne personer som kan trenge bistand fra verge eller fremtidsfullmektig til å utøve sin rettslige handleevne eller til ellers å ivareta sine rettigheter og plikter. Støtte innenfor rammene av loven skal bidra til vern om rettighetene til den som har behov for bistand. Inngrep i den enkeltes selvbestemmelsesrett etter loven her skal bare skje der det er helt nødvendig.

Loven regulerer også vergemål for barn og barns rett til medbestemmelse i økonomiske og rettslige forhold som omfattes av vergeansvaret.

Loven gjelder også verger og fremtidsfullmektiger og deres kompetanse til å foreta rettslige handlinger eller råde over midler i samarbeid med eller på vegne av personen han eller hun bistår. For verger for mindreårige gjelder loven likevel bare i den utstrekning kompetansen ikke omfattes av foreldreansvaret etter barneloven.

Loven gjelder bare i den utstrekning kompetanse som nevnt i første til tredje ledd ikke er særskilt regulert i annen lov.

§ 2 første ledd skal lyde:

Med personer som har verge menes

- a. personer under 18 år,
- b. personer som har fylt 18 år, og som har fått oppnevnt verge etter kapittel 4.

§ 2 andre ledd blir opphevd.

§ 2 noverande tredje ledd blir nytt andre ledd og skal lyde:

Med myndige personer menes personer som har fylt 18 år, og som ikke har begrenset rettslig handleevne.

§ 10 skal lyde:

§ 10 *Den mindreåriges adgang til å inngå visse avtaler*

En mindreårig som har fylt 15 år, kan selv inngå arbeidsavtale. En mindreårig som er under 15 år, kan inngå arbeidsavtale med vergens samtykke. En mindreårig kan uansett alder selv si opp en arbeidsavtale. Vergen kan ikke inngå arbeidsavtale på den mindreåriges vegne.

En mindreårig som har fylt 15 år, kan selv inngå avtale om elektronisk identifikasjon.

Dersom hensynet til den mindreårige krever det, kan vergen med rimelig varsel heve avtaler som er omfattet av første og annet ledd for den mindreårige.

§ 14 andre ledd skal lyde:

Er en disposisjon ikke bindende for den mindreårige, kan vergen, statsforvalteren eller den mindreårige selv, når vedkommende *får rettslig handleevne på det aktuelle området*, godkjenne disposisjonen. En godkjent disposisjon har virkning fra det tidspunktet disposisjonen ble foretatt.

§ 16 skal lyde:

§ 16 *Hvem som er verge for den mindreårige*

Verge for en mindreårig er den som har foreldreansvar for den mindreårige etter reglene i barneloven, og som *har full rettslig handleevne*. Er den mindreårige uten en verge som er i stand til å ivareta den mindreåriges interesser, skal statsforvalteren oppnevne ny eller midlertidig verge.

§ 18 tredje ledd skal lyde:

Statsforvalteren kan bestemme at den ene vergen alene skal ha oppgaven som verge for en viss tid eller i visse saker, dersom det vil være til barnets beste og den andre vergen er ute av stand til å ivareta den mindreåriges interesser.

§ 20 første og andre ledd skal lyde:

En person over 18 år som har redusert helsetilstand eller funksjonsnedsettelse [eller lider av alvorlig spillavhengighet] og derfor trenger støtte til å utøve sin rettslige handleevne, kan ved behov få oppnevnt verge om personen ønsker det.

Personen det oppnevnes verge for, skal skriftlig samtykke til opprettelsen av vergemålet, vergemålets innhold og hvem som skal være verge. Dersom personen ikke er i stand til å danne, holde fast ved eller formidle sine ønsker, skal den beste tolkningen av personens vilje og preferanser legges til grunn ved vurderingen av om han eller hun ønsker vergemålet, og ved vurderingen av rammene for vergemålet og hvem som skal være verge. Ved tolkningen skal det blant annet legges vekt på hva personen gir uttrykk for, personens verdier, livssyn, tidligere ønsker og oppfatninger, personens forståelse og hvordan noen som har hatt varig og løpende kontakt med personen, tolker personens vilje og preferanser. Personen har rett til rimelig tilrettelegging.

§ 21 skal lyde:

§ 21 *Rammene for vergemålet*

Når det opprettes vergemål, skal det oppnevnes en verge, jf. §§ 25 og 32. En person som har verge, kan selv foreta rettslige handlinger og råde over sine midler. Han eller hun kan også kalle tilbake en disposisjon som er foretatt av vergen, så lenge ingen har ervervet rett etter den. I den utstrekning personens rettslige handleevne er begrenset, gjelder § 23 første ledd.

Vergemålet kan omfatte økonomiske og personlige forhold.

Et vedtak om vergemål skal uttrykkelig ta stilling til *rammene for vergemålet*, herunder *dets innhold og varighet*. Vergemålet skal ikke være mer omfattende enn nødvendig.

Vergemålet kan ikke omfatte kompetansen til å stemme ved valg, inngå ekteskap, *erklære* farskap, samtykke til donasjon av organer, opprette eller tilbakekalle testament, samtykke til tvang eller kompetansen i andre særlig personlige forhold uten særskilt hjemmel i lov.

Ny § 21 a skal lyde:

§ 21 a Adgang for vergen til å utsette visse disposisjoner

I vergens mandat kan det inntas en bestemmelse om at vergen kan vente med å gjennomføre en disposisjon personen ber om, dersom det må legges til grunn at disposisjonen er i strid med det personen ellers klart har formidlet som sine ønsker, eller disposisjonen vil være til alvorlig skade for personens interesser. En slik bestemmelse kan bare inntas i mandatet hvis personen uttrykkelig har ønsket det. Mandatet skal fastsette vilkårene for at vergen skal kunne utsette en disposisjon, og varigheten av utsettelsen. Utsettelsen kan i det enkelte tilfellet uansett ikke vare lenger enn det som er rimelig og nødvendig ut fra disposisjonens art og betydningen den har for personen.

Personen kan når som helst trekke tilbake sitt samtykke til en bestemmelse som nevnt i første ledd, men samtykket kan ikke regnes for å være trukket hvis statsforvalteren ut fra den beste tolkningen av personens vilje og preferanser må legge til grunn at det er personens ønske at bestemmelsen likevel skal gjelde.

Etter ny § 21 a skal nytt kapittel 4 A lyde:

Kapittel 4 A Begrensning av rettslig handleevne

§ 22 Retten kan begrense en persons rettslige handleevne i økonomiske forhold i den utstrekning det er nødvendig for å hindre at personen på grunn av redusert helsetilstand eller funksjonsnedsettelse [eller alvorlig spillavhengighet]

- a. blir økonomisk utnyttet på en utilbørlig måte*
- b. disponerer over sin formue eller andre økonomiske interesser på en slik måte at det foreligger en vesentlig fare for at personen ikke vil ha evne til å forsørge seg selv eller andre som personen har ansvar for, eller*
- c. vesentlig forringer sin formue i en utstrekning som det må legges til grunn at ikke er i samsvar med personens egne ønsker.*

Retten kan begrense en persons rettslige handleevne i personlige forhold i den utstrekning det er nødvendig for å hindre betydelig fare for at personen, på grunn av redusert helsetilstand eller funksjonsnedsettelse, vil handle på en måte som er egnet til å skade egne personlige interesser i vesentlig grad.

§ 21 fjerde ledd gjelder tilsvarende.

§ 23 Begrensningenes innhold og omfang

I den utstrekning en persons rettslige handleevne er begrenset, kan vedkommende ikke selv foreta rettslige handlinger eller råde over sine midler.

En avgjørelse om begrensning av rettslig handleevne skal uttrykkelig ta stilling til omfanget av begrensningene.

Når det er avsagt dom om begrensning av rettslig handleevne, skal statsforvalteren vurdere behovet for å oppnevne verge. Vergemål kan opprettes også mot personens ønske i den utstrekning dette er nødvendig for å ivareta behovet for representasjon på de områdene handleevnen er begrenset.

§ 24 *Virkingen av at den som har begrenset rettslig handleevne, har handlet ut over sin rett*

Bestemmelsene i §§ 14 og 15 gjelder tilsvarende når en *person som har fått begrenset sin rettslige handleevne* har inngått en avtale som ikke bindende kunne gjøres på egen hånd.

Noverande §§ 22 til 24 blir oppheva.

§ 25 *overskrifta* skal lyde:

§ 25 *Oppnevning av verge og fastsetting av mandat*

§ 25 første ledd skal lyde:

Når det skal oppnevnes verge etter § 21 første ledd eller § 23 tredje ledd, oppnevnes vergen av den statsforvalteren som har myndighet etter § 55.

§ 28 første ledd andre punktum skal lyde:

En person som *har verge*, kan ikke *selv* være verge.

§ 28 tredje ledd andre punktum skal lyde:

Har *personen det skal oppnevnes verge for*, særkullsbarn, skal disse om mulig høres, og ektefellen eller samboeren bør ikke oppnevnes hvis noen av særkullsbarna er imot oppnevningen.

§ 28 femte ledd skal lyde:

Hvis det er hensiktsmessig, kan det oppnevnes to verger for *personen det er opprettet vergemål for*. *Blir vergene ikke enige i et spørsmål av betydning som omfattes av begge vergenes mandat, treffer statsforvalteren avgjørelsen.* § 33 gjelder tilsvarende for statsforvalterens saksbehandling.

§ 30 første ledd andre og tredje punktum skal lyde:

Er vergen forelder til, barn av eller ektefelle eller samboer til den som *han eller hun er verge for*, kan det bare gis godtgjøring for arbeidet hvis særlige grunner taler for det. Godtgjøring og utgifter etter første og annet punktum dekkes av *personen som vergeoppdraget gjelder*.

§ 31 første punktum skal lyde:

Vergen skal innenfor rammen av sitt mandat ivareta interessene til *personen som han eller hun er verge for*.

§ 32 skal lyde:

§ 32 *Vergens kompetanse*

Vergen kan foreta rettslige handlinger og disponere midler på vegne av personen han eller hun er verge for, innenfor rammene av sitt mandat og i samsvar med personens ønsker, med mindre noe annet er bestemt i eller i medhold av lov eller av en arvelater eller giver.

§ 33 skal lyde:

§ 33 *Vergens plikt til å gi støtte og disponere i samsvar med personens ønsker*

Vergen skal så vidt mulig rådføre seg med personen som han eller hun er verge for, før det foretas disposisjoner av større betydning og også når det ut fra disposisjonens art eller personens preferanser er grunn til det.

I et alminnelig vergemål skal vergen gi støtte til eller sørge for at disposisjoner foretas i samsvar med personens ønsker. Dersom personen ikke er i stand til å danne, holde fast ved eller formidle sine ønsker, skal den beste tolkningen av personens vilje og preferanser legges til grunn ved vurderingen av hva han eller hun ønsker. Ved tolkningen skal det, når dette er relevant, blant annet legges vekt på hva personen gir uttrykk for, personens verdier, livssyn, tidligere ønsker og oppfatninger, personens forståelse og hvordan noen som har hatt varig og løpende kontakt med personen, tolker personens vilje og preferanser. Vergen kan ikke foreta en disposisjon som det etter en samlet vurdering må legges til grunn at er i strid med personens ønsker. Statsforvalteren, eller vergen med statsforvalterens samtykke, kan innhente legeerklæring for å få klargjort om personen er i stand til å forstå hva disposisjonen innebærer.

For disposisjoner der en persons rettslige handleevne er begrenset, skal vergen legge vekt på hva personen mener. Ektefelle eller samboer skal få uttale seg før vergen foretar disposisjoner av større betydning eller når det ut fra disposisjonens art eller personens preferanser er grunn til det. Er personen uenig i vergens avgjørelse, kan han eller hun bringe spørsmålet inn for statsforvalteren.

§ 34 første ledd første punktum og andre punktum innleiinga skal lyde:

En verge er inhabil til å handle for personen som han eller hun er verge for, når vergen eller noen som står vergen nær, har en interesse i saken som strider mot personens interesser. Følgende familiemedlemmer mv. skal alltid anses å stå vergen nær:

§ 34 tredje ledd skal lyde:

En far eller mor kan som verge for eget barn ivareta barnets interesser overfor andre av sine barn og overfor andre som nevnt i første ledd, med mindre noe annet følger av lov eller forskrift.

§ 35 første ledd skal lyde:

Statsforvalteren kan pålegge vergen å foreta registrering og vurdering av eiendelene og gjelden til *personen som vergeoppdraget gjelder*, og sende oppgaven til statsforvalteren.

§ 36 skal lyde:

§ 36 *Vergens forvaltning av eiendeler*

Vergen skal sørge for at de eiendeler som *vergen forvalter for personen*, holdes i god stand og blir sikret, oppbevart og eventuelt forsikret på en betryggende og sedvanemessig måte.

Eiendeler som kan gi avkastning, skal drives eller plasseres på en sedvanemessig måte.

Penger som *skal forvaltes av vergen*, skal vergen sette på bankkonto i eierens navn, med mindre det er fastsatt at de skal forvaltes på annen måte.

Statsforvalteren kan inngå avtale med finansinstitusjonen om hvor mye vergen til enhver tid har rett til å heve. Vergen kan etter avtale med finansinstitusjonen gis tilgang til alminnelige betalingsinstrumenter knyttet til kontoen til *personen som har verge*.

§ 37 overskrifta skal lyde:

§ 37 *Vergens bistand til disponering av inntekter*

§ 37 første ledd første punktum skal lyde:

Innenfor rammene av sitt mandat og i samsvar med aktuelle avtaler dekker vergen *personens utgifter* med de inntekter vedkommende har.

§ 37 andre ledd skal lyde:

Statsforvalteren kan fastsette et beløp som vergen ikke må overskride, og bestemme at inntekten av midler som forvaltes av statsforvalteren, for en del ikke skal utbetales til konto *som disponeres av vergen*.

§ 38 skal lyde:

Er *personen som har verge*, innehaver av eller deltaker i en næringsvirksomhet som han eller hun ikke er skikket til å drive på egen hånd, kan vergen med samtykke fra statsforvalteren bestemme om virksomheten skal fortsette eller avvikles.

§ 39 første ledd bokstav i og j skal lyde:

- i. å avhende løsøre hvor dette er av større verdi, er av usedvanlig karakter eller for øvrig kan sies å være av en spesiell interesse for *personen som har verge*, eller dennes nærmeste familie,
- j. å låne ut *personens midler* til vergen selv, eller til personer som står i et slikt forhold til vergen som nevnt i § 34. Kongen kan i forskrift gi nærmere regler om vilkårene for slike lån.

§ 40 skal lyde:

§ 40 *Gjeldsstiftelse mv.*

Vergen skal ha statsforvalterens samtykke til å stifte gjeld på vegne av *personen han eller hun er verge for*. Samtykke kreves også ved pantsettelse av *personens* eiendeler.

Kravet om samtykke gjelder ikke lån til utdanning i statlig låneinstitusjon. Vergen råder over lånemidlene til fordel for *personen*, med mindre vergen lar *personen* selv få råderetten. Første og annet punktum gjelder tilsvarende for stipend som tildeles fra slik institusjon.

En person som har verge, kan ikke pådras kausjonsansvar, og *personens* eiendeler kan ikke stilles som sikkerhet for andres gjeld. Vergen kan med statsforvalterens samtykke gjøre unntak fra første punktum hvis det foreligger særlige grunner.

§ 41 skal lyde:

§ 41 *Gaver, arveforskudd og uskifte*

Vergen kan ikke gi gaver eller stønader på vegne av *personen han eller hun er verge for*, utover det som følger av skikk og bruk. En mindreårig over 15 år må samtykke til slik gave. Gjelder det større beløp, kreves det samtykke av statsforvalteren, selv om en slik gave følger av skikk og bruk.

Med statsforvalterens samtykke kan vergen gi arveforskudd til *personens* livsarving hvis det foreligger et særlig behov for det, eller hvis det foreligger skriftlige nedtegnelser eller andre holdepunkter for at et slikt forskudd er i samsvar med *personens ønske*.

Vergen kan på vegne av *personen begjære* uskifte (jf. arveloven §§ 14 og 32) eller kreve skifte av uskifteformuen (jf. arveloven §§ 28 og 39) bare med samtykke fra statsforvalteren.

§ 42 første punktum skal lyde:

Vergen skal ha statsforvalterens samtykke til å avslå en gave eller gi avkall på arv på vegne av *personen han eller hun er verge for*, med mindre gaven eller arven må anses å ha en ubetydelig verdi.

§ 43 første punktum skal lyde:

Er *en person som har verge*, arving til næringsvirksomhet eller del av slik virksomhet, må vergen ha samtykke av statsforvalteren til på *personens* vegne å delta i virksomheten eller å overta aksjer i et aksjeselskap eller allmennaksjeselskap som dannes for å fortsette virksomheten.

§ 44 første ledd skal lyde:

Er ektefellen eller *samboeren oppnevnt* som verge, gjelder ikke reglene i kapittelet her om statsforvalterens samtykke. Disposisjoner som nevnt i § 39 første ledd bokstav a og b og § 40 skal likevel ha statsforvalterens samtykke. Finansielle eiendeler som *etter* kapittel 7 skal forvaltes av *statsforvalteren, skal i stedet*

forvaltes av vergen. Ektefellen eller samboeren står ikke under statsforvalterens tilsyn etter § 47 første ledd.

§ 45 første ledd skal lyde:

Krever en disposisjon samtykke enten fra statsforvalteren eller fra personen som har verge, og vergen ikke har fått det på forhånd, skal vergen forbeholde seg en passende frist for å få samtykket.

§ 46 tredje ledd første punktum skal lyde:

Hvis personen som har verge, ikke selv kan gi uttrykk for sitt syn, gjelder ikke taushetsplikten overfor vedkommendes ektefelle, samboer, barn, barnebarn, foreldre og søsken i større utstrekning enn det som må antas å være etter hans eller hennes ønske.

§ 47 andre ledd skal lyde:

Vergen bør rådføre seg med statsforvalteren ved tvil om utførelsen av vergeoppdraget. Det samme gjelder ved avgjørelser av særlig betydning for personen som han eller hun er verge for.

§ 48 skal lyde:

§ 48 Finansielle eiendeler som skal forvaltes av statsforvalteren

Om en voksen person som har fått oppnevnt verge, ønsker det, skal personens finansielle eiendeler forvaltes av statsforvalteren. Er personen ikke i stand til å danne, holde fast ved eller formidle sine ønsker om forvaltning, skal den beste tolkningen av personens vilje og preferanser legges til grunn ved vurderingen.

I tilfeller der en persons rettslige handleevne er begrenset, skal finansielle eiendeler som er omfattet av begrensningen, forvaltes av statsforvalteren uavhengig av personens ønsker. Statsforvalteren skal også forvalte finansielle eiendeler som tilhører mindreårige.

Første og annet ledd gjelder bare så langt noe annet ikke følger av § 49.

Med finansielle eiendeler menes penger, bankinnskudd, andre pengekrav, andeler i selskap med begrenset ansvar, livspoliser og finansielle instrumenter. Med finansielle instrumenter menes det samme som etter lov 29. juni 2007 nr. 75 om verdipapirhandel § 2-2.

§ 49 skal lyde:

§ 49 Finansielle eiendeler som ikke skal forvaltes av statsforvalteren

§ 48 første og annet ledd gjelder ikke for finansielle eiendeler som utgjør et beløp som er lavere enn en grense som fastsettes av Kongen i forskrift. Statsforvalteren kan likevel, når særlige grunner tilsier det, ta finansielle eiendeler som ligger under den fastsatte beløpsgrensen, til forvaltning.

Statsforvalteren kan unnlate å ta finansielle eiendeler til forvaltning dersom gode grunner taler for det og det fremstår som forsvarlig. Kongen kan i forskrift gi nærmere regler om vedtak som nevnt i første punktum.

Finansielle eiendeler som en arvelater eller giver har fastsatt at skal forvaltes særskilt etter § 95, skal ikke forvaltes av statsforvalteren.

Er en persons ektefelle eller samboer oppnevnt som verge, gjelder § 44.

§ 50 første ledd skal lyde:

Når statsforvalteren skal forvalte finansielle eiendeler etter reglene i dette kapitlet, kan andre finansielle eiendeler enn penger og bankinnskudd omgjøres til kontante midler.

§ 51 fjerde ledd skal lyde:

Første til tredje ledd gjelder tilsvarende for finansielle eiendeler som etter lov skal forvaltes på samme måte som midler som tilhører personer *som har verge*, eller som etter gyldig bestemmelse av arvelater eller giver skal forvaltes av statsforvalteren, jf. §§ 95 og 96.

§ 54 første ledd skal lyde:

Kongen kan i forskrift gi regler om at når en mindreårig eller en person som *har begrensninger i den rettslige handleevnen*, tilføres eiendeler, skal offentlige forvaltningsorganer, finansforetak, forsikringsforetak, pensjonsforetak, fondsforvaltningsselskaper, verdipapirsentraler og verge gi melding til statsforvalteren om dette.

§ 55 første ledd skal lyde:

Statsforvalteren behandler saker etter loven her i første instans, herunder *saker om vergemål*.

§ 56 overskrifta skal lyde:

§ 56 Rett til å begjære opprettelse eller endring av vergemål

§ 56 første ledd bokstav d og ny bokstav e skal lyde:

- d. behandlerende lege eller tilsynslege ved helseinstitusjon der personen er innlagt eller bor,
- e. *barnevernet*.

§ 58 andre punktum skal lyde:

Forhåndsvarsel kan unnlates dersom personen allerede på annen måte har fått kjennskap til at vedtak skal treffes, eller forhåndsvarsel ikke er praktisk mulig.

§ 61 første ledd andre punktum skal lyde:

Dersom vilkårene i § 22 antas å foreligge, kan statsforvalteren på samme vilkår som nevnt i første punktum treffe midlertidig avgjørelse om *nødvendig begrensning av personens rettslige handleevne*.

§ 61 fjerde ledd skal lyde:

Statsforvalteren skal straks bringe vedtak om *midlertidig begrensning av rettslig handleevne* inn for tingretten.

§ 63 første ledd andre punktum skal lyde:

Dersom den som *har fått oppnevnt verge* etter eget samtykke, trekker samtykket tilbake, skal vergemålet oppheves.

§ 63 andre ledd skal lyde:

Krav om endring av dom om begrensning av rettslig handleevne avgjøres ved nytt søksmål, jf. § 75. Hvis statsforvalteren finner det ubetenkelig, og den eller de som har brakt saken om *begrensning av rettslig handleevne* inn for retten, ikke motsetter seg det, kan statsforvalteren bestemme at personen ikke lenger skal *ha verge eller at begrensninger i personens rettslige handleevne skal oppheves*.

§ 64 første punktum skal lyde:

Statsforvalterens vedtak om opprettelsen av vergemålet kan påklages til den sentrale vergemålsmyndigheten av *personen selv*, av dennes verge, av den som har begjært vergemålet, og av dem som kan begjære vergemål etter § 56 første ledd bokstav b.

§ 66 første ledd tredje punktum skal lyde:

I den utstrekning det er nødvendig, kan relevante opplysninger om *en person som har verge*, utleveres til vergen.

§ 68 første ledd skal lyde:

Begrensning av rettslig handleevne besluttes av tingretten.

§ 69 første og andre ledd skal lyde:

Sak om *begrensning av rettslig handleevne* kan reises av dem som er nevnt i § 56 første ledd bokstav a, b og d, og av statsforvalteren. Sak reises ved stevning til retten.

Personen vergemålssaken gjelder, kan, selv om han eller hun *har fått begrenset sin rettslige handleevne*, på egen hånd begjære forenklet domsbehandling dersom han eller hun har evne til å forstå hva saken gjelder.

§ 75 første ledd skal lyde:

Rettens dom i sak om opprettelse av vergemål eller *begrensning av rettslig handleevne* trer i kraft straks.

§ 75 fjerde ledd andre punktum skal lyde:

Den som *ved dom har fått begrenset sin rettslige handleevne*, kan reise søksmål på egen hånd dersom han eller hun har evne til å forstå hva saken gjelder.

§ 76 andre ledd skal lyde:

Retten skal gjøre *personen* som en sak om *begrensning av rettslig handleevne* gjelder, oppmerksom på retten til å få oppnevnt advokat på det offentliges bekostning, jf. rettshjelpsloven § 16.

§ 77 skal lyde:

§ 77 *Registrering av og varsel om dom om begrensning av rettslig handleevne*

Dom om *begrensning av rettslig handleevne* skal tinglyses eller registreres i

- a. Løsøreregisteret,
- b. grunnboka og andre lignende realregistre hvis personen eier fast eiendom eller andre registrerte eiendeler,
- c. Enhetsregisteret og Foretaksregisteret, hvis personen er innehaver av eller ansvarlig deltaker i et foretak som er innført der,
- d. Verdipapirsentralen,
- e. Folkeregisteret.

Den retten som har besluttet *begrensning av rettslig handleevne*, skal sørge for slik tinglysning eller registrering som nevnt i første ledd. Om retten opphever eller endrer *avgjørelsen*, skal retten sørge for at endringen blir registrert.

Tredjepersoners stilling reguleres av de tinglysningsrettslige regler.

Begrensning av rettslig handleevne kan ikke gjøres gjeldende overfor den som i god tro har inngått avtale med vedkommende om eiendeler som nevnt i første ledd bokstav b før den påbudte meldingen er innført i dagbok eller register.

Har retten avsagt dom som går ut på *begrensning av rettslig handleevne*, skal retten varsle statsforvalteren om dommen.

§ 78 skal lyde:

§ 78 *Definisjon*

En fremtidsfullmakt er en fullmakt til én eller flere personer om å representere fullmaktsgiveren etter at fullmaktsgiveren på grunn av *tilstand som nevnt i § 20* ikke lenger er i stand til å ivareta sine interesser innen de områdene som omfattes av fullmakten.

§ 79 andre ledd første punktum skal lyde:

Den som utpekes som fullmektig, må på tidspunktet fullmakten trer i kraft, ha fylt 18 år og *kan ikke ha oppnevnt verge eller ha begrenset rettslig handleevne på områder fullmakten omfatter*.

§ 80 tredje ledd skal lyde:

Kompetansen til å stemme ved valg, inngå ekteskap, *erklære* farskap, samtykke til donasjon av organer, opprette eller tilbakekalle testament eller samtykke til tvang og kompetansen i andre særlig personlige forhold kan ikke omfattes av fullmakten uten særskilt hjemmel i lov.

§ 91 første ledd første punktum skal lyde:
De som er nevnt i § 56, kan begjære at fullmaktsgiveren *får oppnevnt verge*.

§ 94 første ledd første punktum skal lyde:
Nærstående har etter reglene i denne paragrafen rett til å representere et familiemedlem som på grunn av *redusert helsetilstand* ikke lenger er i stand til å ivareta sine økonomiske interesser.

§ 94 andre ledd skal lyde:
Som nærstående regnes følgende *personer*:

- a. ektefelle eller samboer
- b. barn
- c. barnebarn
- d. foreldre.

For å ha representasjonsrett må den nærstående ha fylt 18 år og kan ikke ha oppnevnt verge. En nærstående har bare representasjonsrett dersom samtlige medlemmer med høyere prioritet etter rekkefølgen som følger av første punktum, skriftlig har frasagt seg retten til å representere familiemedlemmet.

§ 95 femte ledd blir oppheva.

§ 96 første ledd første punktum skal lyde:
Når det ved lov er bestemt at *en persons midler skal forvaltes etter reglene i denne loven*, kan statsforvalteren oppnevne en bestyrer til å forestå forvaltningen av dem.

§ 97 overskrifta skal lyde:

§ 97 *Forvaltning av andre midler enn de statsforvalteren skal forvalte etter denne loven*

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.